



---

## **Med kultur som våpen**

Utslettingspolitikken førd mot armenarane under fyrste  
verdskrig sett i lys av Assmann sin minneteori

Av

Aisha Marie Heim

Master i Historie

Det humanistiske fakultet

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap

**Universitetet i Bergen**

Vår 2020

## Abstract

This master thesis is aiming at exploring The Ottoman Empires destructive politics towards the Armenian population during World War I through the theory of Cultural memory by Jan and Aleida Assmann. *Culture* was intended to be a big part of the definition of Geocide in the development of the *Convention on the prevention and punishment of the crime of genocide* between the two world wars. Still, the ratified text of 1948 bear little or no sign of this. In this thesis, description from field reports by German officials spanning from 1909-1928 is analysed and explored through Assmanns theory of Cultural memory. This gives a possibility of not only getting a grasp of the magnitude of the destruction this politics had on the Armenians as individuals and as a group during those years, it also unveils structures that have consequences beyond the many people who suffered and died.

The systematic oppression against the Armenians during World War I is today part of a politically tense discussion on whether it was or wasn't a *genocide*. The view in this thesis is that it was a humanitarian crisis, and hopefully looking at the politics in a new way, this can be a humble contribution in the work being done in understanding and of that, preventing similar events in the future.

## Forord

Dette prosjektet er blitt til gjennom hjelp frå fleire. Aller fyrst vil eg rette ein stor takk til min rettleiar Knut Vikør som har vore uvurderleg gjennom dette prosjektet. Både fagleg med stor kunnskap og gode og treffande tilbakemeldingar, og også til stor hjelp med å strukturere det som til tider har vore sett på som nærmast uoverkommeleg.

Vil også rette ein stor takk til Professor Anne Bang og mine medstudentar ved Midtausten-seminaret. Gode tilbakemeldingar i eit trygt og hyggeleg miljø har også vore vitalt for dette masterprosjektet. Det blir spennande å sjå resultata av mange spennande prosjekt som kjem i nær framtid.

Tusen takk til Anne Grethe, min mamma, som har bidratt med korrekturlesing og som alltid har vore klar med motivasjonshjelp eller distraksjonshjelp der det har vore til hjelp.

Det har vore eit tungt prosjekt å jobbe med, med mange dystre beskrivingar som det ikkje alltid har gått å distansere seg frå. Eg vil takke mine sambuarar Tobias og Ragna for å ha trøysta der det har vore naudsynt, og ikkje minst rausheita i form av middagar og rom for emosjonar gjennom heile prosessen.

Våren 2020 har vore prega av korona-pandemien, og eg vil gje all ære til Universitetet i Bergen for korleis dei har takla denne situasjonen. Det har vore tydeleg heile vegen at tryggleiken til studentane, samt utdanninga vår har vore ein topp-prioritet.

*“Art. 2) Whoever, either out of hatred towards a racial, religious or social collectivity or with the goal of its extermination, destroys works of cultural or artistic heritage, is liable, for the **offense of vandalism**, to a penalty of . . . unless punishment for the action falls under a more severe provision of the given Code.”<sup>1</sup>*

---

<sup>1</sup> Forslag til lovtekst for definisjonen *Genocide* til Madrid-konferansen i 1933 av Raphael Lemkin.

# Innhold

Abstract .....	iii
Forord.....	ii
<b>INTRODUKSJON</b>	
Introduksjon .....	1
<b>KAPITTEL 1 - BAKGRUNN</b> .....	3
<b>Det osmanske riket og armenarane</b> .....	3
<i>Tidelg historie – fram mot 1800-talet</i> .....	3
<i>Det osmanske riket og utviklinga fram mot 1914</i> .....	4
<i>Armenarane under fyrste verdskrig og oppgjeret i etterkant</i> .....	9
<b>Utvikling av Folkemordkonvensjonen og den juridiske definisjonen «Genocide»</b> .....	10
<i>Definisjonen «genocide»</i> .....	11
<i>Oppsummering</i> .....	13
<b>KAPITTEL 2 - KJELDER OG METODE</b> .....	14
<b>Kjelder</b> .....	14
<b>Armenocide</b> .....	14
<i>Om redaktørane</i> .....	15
<b>Metode</b> .....	17
<b>Kjeldekritikk</b> .....	17
<i>Kontekstualisering</i> .....	17
<i>Kjelder og tilgang</i> .....	22
<b>Teori som del av metode</b> .....	24
<i>Induktiv og deduktiv metode</i> .....	24
<i>Assmann sin minneteori som metode</i> .....	26
<b>KAPITTEL 3 - TEORI</b> .....	27
<b>Introduksjon</b> .....	27
<b>Kultur</b> .....	27

<b>Assmann sin minneteori</b> .....	28
<i>Bakgrunn for minneteorien</i> .....	28
<i>Minneteorien</i> .....	29
<i>Assmann sin minneteori som metode</i> .....	31
<i>Minneteorien i oppgåva</i> .....	32
<b>KAPITTEL 4 - KULTURELL UTSLETNING GJENNOM RELIGION OG ETNISITET</b> .....	34
<b>Introduksjon</b> .....	34
<i>Kultur, religion og etnisitet</i> .....	34
<i>Armensk kultur</i> .....	35
<b>Religion</b> .....	37
<i>Konvertering</i> .....	37
<i>Religiøse spesialistar</i> .....	42
<i>Graver og lik</i> .....	43
<i>Religiøst hierarki</i> .....	50
<b>Religion og minneteori</b> .....	52
<i>Oss og dei</i> .....	52
<i>Organisering</i> .....	54
<i>Forplikting</i> .....	54
<b>Etnisitet</b> .....	56
<i>Deportasjonane av armenarane</i> .....	56
<i>Eigendom og bygg</i> .....	60
<i>Språk</i> .....	63
<i>Spesialistar</i> .....	65
<b>Etnisitet og minneteori</b> .....	68
<i>Oss og dei</i> .....	68
<i>Organisering</i> .....	70
<i>Forplikting</i> .....	70
<b>KAPITTEL 5 - KJØNN SOM PERSPEKTIV</b> .....	72
<b>Kvinner og menn får ulike behandling</b> .....	72
<i>Familien som eining</i> .....	73
<b>Vald mot kvinner og barn</b> .....	74
<i>Kvinner som valdsoffer</i> .....	74
<i>Vald og barn</i> .....	76
<b>Kvinner og barn i nye samfunn</b> .....	78

<i>«Dei attraktive kvinnene»</i> .....	79
<i>Barn til tyrkarar</i> .....	80
<b>Kjønnspektiv og minnet</b> .....	82
<i>Oss og dei</i> .....	82
<i>Organisering</i> .....	83
<i>Forpliking</i> .....	84
<b>KAPITTEL 6 - KONKLUSJON</b> .....	86
<b>Kulturutsletting og minne</b> .....	86
<b>Angrep på det kulturelle minnet</b> .....	87
<i>«Oss og dei» - av-humaniserande prosessar</i> .....	87
<i>Destruksjon og skam</i> .....	89
<b>Oppsummering</b> .....	90
<b>Litteraturliste</b> .....	91
<b>Bøker</b> .....	91
<b>Artiklar</b> .....	91
<b>Nettstader</b> .....	92
<b>Kjelder</b> .....	93

## Introduksjon

Mellom 1915-1918 var det ein brutal og valdeleg politikk retta mot den armenske befolkninga i Det osmanske riket. Talet på drepne varierer, men det anslaget som er mest anerkjent i faglitteraturen ligg mellom 1-1.5 millionar drepne i løpet av fyrste verdskrig.

*Folkemord* som omgrep er eit politisk betent tema når det kjem til politikken førd mot armenarane under fyrste verdskrig. Den politiske og akademiske diskusjonen har vore prega av spørsmål om agenda, og kopling opp mot Folkemordkonvensjonen av 1948. Den juridiske definisjonen folkemord (genocide) blei definert gjennom ratifiseringa i 1948, men arbeidet med å få på plass ein internasjonal lov der det uttalte målet var å beskytte ulike minoritetar i eit rike eller eit land blei jobba med allereie frå etter fyrste verdskrig. Særleg i åra fram mot andre verdskrig var det tydeleg at det var meininga at *kultur* skulle bære integrert i definisjonen genocide i den ferdige internasjonale lovgjevinga. Likevel er det tilnærma ingenting att av det omsynet i etterkant av andre verdskrig og den ratifiserte konvensjonen.

I dette prosjektet er dokument sendt mellom 1909-1928 av særleg tyske diplomatar og personar i andre politiske verv vore kjeldematerialet for å sjå etter *kulturelle trekk* i utslettingspolitikken som blei førd. I staden for å lese desse rapportane i lys av konvensjonen, er målet er her å utforske *kva form* ein utslettingspolitikk kan ha. Fokuset på *kultur* som var ein del av arbeidet med den juridiske definisjonen av folkemord er utforska med hjelp av Assmann sin minneteori, og dette er linsa inn til å utforske kjeldene.

Målet i denne oppgåva er ikkje å argumentere for at politikken førd mot armenarane var eller ikkje var eit folkemord i juridisk forstand. Det er heller ikkje meint til å seie noko om kva som burde eller ikkje burde være ein del av Folkemordkonvensjonen. Det som skjedde mot armenarane var ei humanitær katastrofe, og målet med dette prosjektet er å prøve forstå det på ei anna måte enn kva den ratifiserte konvensjonen gjev moglegheit til.

Problemstillinga er todelt der den eine delen omhandlar korleis kulturutsletting og *minne* er kopla saman, det er for å sjå Assmann sin minneteori i lys av ein utslettingspolitikk. Den andre tek grunnlag i det faktiske hendingane som skjedde og som gjev svar på kva måte ein kan kople utslettingspolitikken med kultur.

*På kva måte er kulturutsletting og minne kopla saman og korleis kan ein forstå utslettinga av armenarane på denne måten?*

*På kva måte blei kultur nytta som eit verktøy og element i utslettingspolitikken førd mot armenarane under fyrste verdskrig?*

Prosjektet er meint som eit audmjukt bidrag i det store arbeidet som gjerast for å forstå strukturar i ulike typar utslettingspolitikk, der målet er å kunne være eit bidrag i å kunne forhindre det i framtida.



## KAPITTEL 1 – BAKGRUNN

Kjeldematerialet er skrive mellom 1909-1928, og sidan hovudfokuset ligg mellom 1915-1918 vil bakgrunnsdelen gje kontekst for forholdet mellom armenarane og Det osmanske riket fr̄ mot fyrste verdskrig. Den juridiske definisjonen *folkemord* (genocide) vil også bli gjennom historisk for å gje ein bakgrunn for valet av å fokusere på *kultur*. Dette er utvikling som skjedde i etterkant av fyrste verdskrig og i etterkant av at kjeldematerialet blei skriven, men som framleis i dag er element for den betente politiske diskusjon om denne tematikken.

### Det osmanske riket og armenarane

#### *Tidelg historie – fram mot 1800-talet*

Den første beskrivinga av armenarar i det geografiske området Anatolia er frå rundt 400 år før vår tidsrekning.<sup>2</sup> Då armenarane blei innlemma i Det osmanske riket på 1400-talet, hadde dei som gruppe allereie vore eit kristen folk i 700 år, og busett i Anatolia i 1000 år.

Fram til 1700-talet var det Det osmanske riket organisert ut frå eit *millet-system* basert på ulike religiøse grupper i riket. Det osmanske riket var ein islamsk stat, der islamsk lov stadfesta at kristne og jødar («*dhimmis*» eller «*Folk av Boka*») hadde rett til å praktisere sin religion.<sup>3</sup> Millet-systema var hovudaktør for sine grupper si velferd og utdanning og hadde ofte egne lovsystem som dei forholdt seg til. Dei betalte ein skatt som erstatning for militærteneste, men hadde som beskrive ein stor plass utover den religiøse praktiseringa.<sup>4</sup> Armenarane blir beskrive som ei gruppe som ikkje var «nært» sentrum av Det osmanske riket. Dei var meir sjølvstendige i dei austlege fjellområda, då både med og utan eit fungerande fungerande millet-system frå Det osmanske riket sin side.<sup>5</sup>

Frå 1700-talet var det mange misjonærar som opprette nye formar for særleg kristne minoritetar. For armenarane hadde dette påverknad med at det blei oppretta nye millet-system med katolske armenarar, og gjennom 1800-talet var det fleire som konverterte til protestantisme.<sup>6</sup> Det som var spesielt for armenarane som ikkje var det same for andre grupper, for eksempel gresk ortodokse, var at armenarane i tillegg til religionen hadde ein

---

<sup>2</sup> Nisan, Mordechai. *Minorities in the Middle East – A history of struggle and self-expression*. 2. Utgåve. McFarand & Company, Inc., Publisher. 2002. S. 156

<sup>3</sup> McCarthy, Justin. *The Ottoman Turks – An Introductory History to 1923*. Addison Wesley Longman limited. 1997. 127

<sup>4</sup> McCarthy, *The Ottoman Turks*, (Longman, 1997), 128

<sup>5</sup> McCarthy, *The Ottoman Turks*, (Longman, 1997), 130

<sup>6</sup> McCarthy, *The Ottoman Turks*, (Longman, 1997), 130-131

felles etnisitet. Dette er eit poeng som har påverknad for korleis dei seinare blir definert og sett på som av både osmanske og vestlege aktørar.

### ***Det osmanske riket og utviklinga fram mot 1914***

Gjennom 1800-talet skjedde det ei endring av det gamle heterogene systemet som Det osmanske riket var basert på. Det var ei utvikling der ein såg nytte av ein reformering av den gamle måten å styre på.<sup>7</sup> Med eit ynskje om å modernisere seg, inspirert av europeisk styring, og samstundes ein respekt for eigne tradisjonar var målet å utvikle eit suksessfullt osmansk rike. Osmanske skikkar, osmansk praksis av religion og eit osmansk styresett skulle være bærebjelkane.<sup>8</sup> Dette var utgangspunktet for Tanzimat-reformene som skulle prege 1800-talet.

I 1839 blir dei mest symbolske endringane av Tanzimat sett til verks, der sikring av liv, eigedom og ære (honor) til alle individ av riket blir gjort likt, uavhengig av religion og opphav.<sup>9</sup> Dette hadde som konsekvens at skattesystemet skulle bli likt for alle, det blei opprette sekulære skuler, regionale representative forsamlingar og eit nytt lovsystem deretter.<sup>10</sup> Dette samla riket på ein ny måte, og sentraliserte makta frå eit større system til sultanen.

Forhaldet til vesten og Russland var viktige i det som skjedde i tida fram mot fyrste verdskrig.<sup>11</sup> Det var ei veksande uro i tilknytninga til vesten – ideane og reformene skulle sikre mindre innblanding av vestlege makter og også Russland som viste støtte til særleg kristne og andre minoritetar.<sup>12</sup> I 1875 måtte Det osmanske riket erklære seg konkurs, og vestlege makter var raske med å innføre strenge økonomiske sanksjoner. I eit aukande anstrengd forhold var særleg det som i britiske aviser blei beskrive som «the Bulgarian horror» viktig. Det osmanske riket sin valdelege tilnærming på å kue opprøret og separatist-rørsla. Internt hadde det bygga det seg opp eit misnøye, beskrive som ein konsekvens av misbruk av den sentraliserte makta og med det, den juridiske myndigheita som dette førde med seg. Det som skulle sikre rettigheter til alle basert på *borgarskap* heller enn religiøs tilhøyring – blei også eit verktøy for å utøve vald mot si eiga befolkning. Sultan Abdülaziz som var leiar frå 1861-1876 blei funnen død ei veke etter at han blei avsett som sultan av ei gruppe reformist-offiserar med sterk innflyting. Murat V blei erklært ny sultan, men måtte gje avkall på plassen

---

<sup>7</sup> McCarthy, *The Ottoman Turks*, (Longman, 1997), 294-295

<sup>8</sup> McCarthy, *The Ottoman Turks*, (Longman, 1997), 296

<sup>9</sup> McCarthy, *The Ottoman Turks*, (Longman, 1997), 297

<sup>10</sup> McCarthy, *The Ottoman Turks*, (Longman, 1997), 297

<sup>11</sup> Rogan, Eugene. *The fall of the Ottomans – The Great War in the Middle East, 1914-1920*. Penguin Books, 2015. 2

<sup>12</sup> Rogan, Eugene. *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 2

etter eit nervøst samanbrot etter berre tre månader. Det var Abdülhamid II som blei sultan over det som skulle bli Det osmanske riket sitt siste halve århundre.<sup>13</sup>

#### Abdülhamid II og den armenske befolkninga

I 1876 kunngjorde Abdülhamid II ein konstitusjon som opna for eit valbart parlament med muslimske, kristne og jødiske medlem.<sup>14</sup> Agendaen var å hindre meir innblanding frå vestlege maktar, og i 1877 blei parlamentet etablert. Det russiske riket og Det osmanske riket hadde sidan 1600-talet vore i konflikt over grenseområde. Armenarane fekk ei ny rolle utover 1800-talet då Russland ekspanderte i Kaukasus. Dei tok Georgia i 1800, og også i overtakinga av det som var persiske områder fram mot krigen av 1826-1829 der Russland også tok kontroll over det siste persiskstyrte området Erivan (dagens Jerevan). I denne ekspanderinga nytta Russland seg av sine eigne troppar, av gregorianske handelsfolk, og også lokale armenarar.<sup>15</sup> I Krim-krigen av 1853-1856 tapte Russland, men osmanarane fekk berre kontroll over eit lite område. Russar-riket nytta seg av uroa som fant stad i Serbia og Bulgaria i 1876 til å starte ein ny ekspansjonskrig og i den Russo-tyrkiske krigen mellom 1877-1878 mista Det osmanske riket store områder i det austlege Anatolia.<sup>16</sup> Under denne krigen var det mange armenarar som ynskja seg redda frå den osmanske undertrykkinga og som gjekk inn i kampen med den kristne makta Russland. Russiske armenarar var soldatar for Det russiske riket inn i krigen med Det osmanske riket, men også osmanske armenarar blei rekruttert som spionar og var med det ein hjelp for krigføringa for russisk side. Det osmanske riket mista mykje land som konsekvens av denne krigen – to femtedelar av riket sitt territoriet og ein femtedel av sin befolkning i Balkan.<sup>17</sup>

Under fredskonferansen i Berlin (1878) i etterkant av krigen der Det osmanske riket måtte gå ut med store territoriale tap – fekk også europeiske maktar sin del av områda. Rett før våpenkvile og fredsforhandlingane, oppløyste Abdülhamid II det nye parlamentet og gjekk vekk frå sin eigen konstitusjon. I etterkant av krigen tok parlamentet ingen skuld, og Abdülhamid II opplevde det som meir til hinder enn til hjelp under sjølv krigen. Det var med jernhand i etterkant av fredsforhandlingane han hinda meir europeisk innflyting og makt – då

---

<sup>13</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 2

<sup>14</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 2

<sup>15</sup> McCarthy, *The Ottoman Turks*, (Longman, 1997), 197

<sup>16</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 3

<sup>17</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 4

med konsekvensar for sivile rettigheter som igjen fyra opp under ein opposisjon i riket.<sup>18</sup> Det skulle ikkje gå lang tid før dette fekk store konsekvensar for Det osmanske riket.

Armenarane blei på slutten av 1800-talet offer for fleire massakrer. Dette starta som eit angrep av kurdarar som ei hemn for at dei ikkje betalte ei tradisjonell skatt som kom i tillegg til skatten dei måtte betale til riket sentralt.<sup>19</sup> Dette skapa stort engasjement frå europeiske aktørar som auka presset så mykje at Abdülhamid II i 1895 såg seg nøydd til å innføre ein resolusjon der han lova ei reform i seks provinsar med høg armensk befolkning. Erzurum, Van, Bitlis, Diyarbakir, Harput og Sivas. Det som skulle være ein tryggheit for den armenske befolkninga, blei motsett. Den muslimske befolkninga i desse områda blei redde for eit sjølvstendig Armenia, dei frykta å måtte leve under eit kristent styre eller å måtte flykte til muslimske områder. Dette var noko som nett hadde skjedd i balkanske områder og også i Kaukasus. Frykta for dette skapa det som fram til då var den største massakren og valden gjort mot armenarane i osmansk historie. I mellom 1894-1896 skal over 37 000 armenarar ha blitt drept og 300 000 gjort heimlause.<sup>20</sup>

Det skjedde ei endring i korleis armenske politiske organisasjonar forholdt seg til det politiske bilete i Det osmanske riket. Dei blir ein del av kampen mot Abdülhamid II som opplevde sterk motstand inn på 1900-talet. Fram til 1907 hadde ein sterk og organisert opposisjon teke form, dei kalla seg CUP (Committee of Union and Progress), og var ein «paraplyorganisasjon» for ungtyrkar-rørsla.<sup>21,22</sup> Det var desse dei politiske armenske aktørane slo seg saman med og gjennomførte det som blir kalla ein revolusjon der kravet frå CUP og den enorme støtta dei hadde i befolkninga førde til at Abdülhamid II gjeninnfører konstitusjonen frå 1876. Med den nye konstitusjonen var det fleire armenarar som stilte til det nye parlamentet, og heile fjorten armenarar som blei valt inn i underhuset. Tura og håpet var at det ville være mogleg å få gjennom armenske interesser innanfor ei osmansk kontekst.<sup>23</sup> Eit av dei mest avgjerande spørsmåla og utfordring til det nyvalde parlamentet og samarbeidet med Abdülhamid II var spørsmålet om religion, då CUP var sekulære.<sup>24</sup> Dette blant anna førde til ein kort-liva «counter»-revolusjon 12.-13. april 1909 – der Abdülhamid II med hjelp

---

<sup>18</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 3-4

<sup>19</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 11

<sup>20</sup> Rogan *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 12

<sup>21</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 4, 13

<sup>22</sup> For meir om utviklinga og CUP anbefalast *The Fall of the Ottomans* av Eugene Rogan og *The Last Ottoman Generation* av Michael Provence. Provence, Michael. *The Last Ottoman Generation – and the making of the modern Middle East*. Cambridge University Press, 2017


<sup>23</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 13

<sup>24</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 8

av lojalt militære og den islamske eliten, ville ha eit nytt maktstyre, og innføre islamsk lov i heile riket.<sup>25</sup> Dette varte til 17. april då «counter»-revolusjonen blei overkøyrd, og Abdülhamid II måtte gje makta og status som sultan frå seg til sin veslebror, Mehmed V. Dette viste verkeleg den nye rørsla og identiteten som blei følt i riket og ga veg for ein ny og forsterka osmansk nasjonalisme. Det blei feira med stor glede og ga liv til ei ny bølge av patriotisme, no var det den osmanske identiteten som sto i sentrum, ikkje religion eller etnisitet.<sup>26</sup>

### CUP og armenarane

Som eit resultat av «counter»-revolusjonen i april 1909 blei det mellom 25.-28. april drepe rundt 20 000 armenarar.<sup>27</sup> Dette var noko den vestlege verda fekk med seg.<sup>28</sup> Dette var eit sjokk for innbyggjarane, det var berre enker, foreldreause barn og eldre som var att i Adana etter massakren. Det blei eit forlik mellom dei politiske fraksjonane og CUP der ein blei einige om å kunne samarbeide om dei som stod ansvarlege for massakren blei straffa, eigedom skulle gjenopprettast, skattelette for innbyggjarane og økonomisk hjelp til dei trengande. Dette gjekk CUP med på for å sikre armenarane for eit trygt samarbeid, men kanskje like mykje for å kome europeiske maktar i forkjøpet, for å hindre deira påverknad i riket.<sup>29</sup>



Figur 1: Illustrert vedlegg i *Le Petit Journal* 2.mai 1909

Det neste som kom til å endre forholdet mellom sentralmakta og armenarane kom i ettertida av Balkan-krigane i 1912-1913.<sup>30</sup> Konsekvensen av Berlin-traktaten i 1878 var at Det osmanske riket mista store deler av dei balkanske områdene (det som i dag er Serbia, Montenegro, Romania og Bulgaria). Under Balkan-krigane mista Det osmanske riket over 80% av dei europeiske landa og med det nesten 70% av den europeiske befolkninga. Og det berre i løpet av litt over ein måned.<sup>31</sup> Sultanen av Det osmanske riket signerte i 1914 under tvang det som blei kalla *Armenian Agreement Reform*. Det var ei re-organisering av dei seks

<sup>25</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 8

<sup>26</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 6

<sup>27</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 13

<sup>28</sup> For sjølve avisutgåva frå 2.mai 1909 finst den digitalt her:

<https://gallica.bnf.fr/ark:/12148/bpt6k6186117/f1.item>

<sup>29</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 14

<sup>30</sup> Rogan, *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 13, 164

<sup>31</sup> Akçam, Taner. *The Young Turks' crime against humanity: The Armenian genocide and ethnic cleansing in the Ottoman Empire*. Princeton University Press, 2012, xiv

provinsane i det austlege Anatolia. Dette var områder som grensa til Russland som det blei bestemt skulle ha to administrative einingar med utanlandsk styre. Dette blei oppfatta av den osmanske befolkninga som fjerning av osmansk kjerneområde, og ikkje minst provoserande når det også blei lagt under russisk kontroll.<sup>32</sup> Denne avtalen blei signert februar 1914 og annullert i desember 1914.

Ungtyrkarrørsla tok sjølv over kontrollen ved inngangen til fyrste verdskrig og forholdet til armenarane var basert på frykt heller enn samarbeid. Kampen ein hadde kjempa saman mot Abdülhamid II var gløymd og det var frykta for samarbeidet med Russland og ikkje minst, det å miste meir osmansk kjerneområde som no prega forholdet mellom Det osmanske riket og armenarane. Ved inngangen til krigen er det Enver, Talaat og Cemal som tek makta og som sitt med den gjennom heile krigen. Alle hadde vore soldatar og vunne viktige slag i tida fram mot krigen, og hadde med det tittelen *pasja*. Dette var også dei som til tross for ikkje å få utført straffa, blei dømd for utslettingspolitikken førd mot armenarane, i etterkant av krigen.

### Tyskland og Det Osmanske riket

I forkant av 1900-talet hadde Storbritannia hatt den viktigaste rolla som støttespelar til Det osmanske riket, men i 1907 inngjekk Storbritannia i den Anglo-russiske ententen som endra dei diplomatiske banda drastisk. Storbritannia såg på Russland som ein ressurs i å avgrense makta til det voksende Tyskland, som dei såg som ein trussel til maktbalansen i Europa. Storbritannia endra med det forholdet til Det osmanske riket, ved å være alliert med Russland blei Det osmanske riket også ein fiende av dei.<sup>33</sup> Etter 1907 var Tyskland den einaste vestlege makta Det osmanske riket kunne vurdere ha tillit til, og Tyskland tok etter kvart fullstendig over rolla som støttespelar til Det osmanske riket. Men bandet mellom Det osmanske riket og Tyskland gjekk også lenger tilbake enn dette. Allereie i 1898 hadde Keisar Wilhelm II besøkt Damaskus, for han var dette området ei stadfesting av den Tysk-romerske arva, og med det ein visuell representasjon av arva til Tyskland.<sup>34</sup> For Det osmanske riket var dette besøket eit symbol på å bli ein del av verdssamfunnet som ein respektert aktør.<sup>35</sup> Dette forholdet utvikla seg gjennom toglinjeprosjektet mellom Berlin og Baghdad og blei også understreka i hjelp i etterkant av Balkankrigane.<sup>36</sup> Det osmanske riket var ikkje ein aktør i fyrste verdskrig frå

---

<sup>32</sup> Rogan, Eugene. *The fall of the Ottomans*, (Penguin Books, 2015), 164

<sup>33</sup> McCarthy, *The Ottoman Turks*, (Longman, 1997), 200

<sup>34</sup> Provance, Michael. *The Last Ottoman Generation – and the making of the modern Middle East*. Cambridge University Press, 2017. 1

<sup>35</sup> Provance, *The Last Ottoman Generation*, (Cambridge University Press, 2017), 1

<sup>36</sup> McCarthy, *The Ottoman Turks* (Longman, 1997), 355

starten. Til tross for godt band med Tyskland, var det mange som var tilhengarar av å være nøytrale og også nokre som ville være alliert med Storbritannia. Gjennom ein hemmeleg avtale signert av Enver pasja blei likevel Det osmanske riket med i krigen, og då som alliert med Tyskland.<sup>37</sup>

### ***Armenarane under fyrste verdskrig og oppgjeret i etterkant***

Frå april 1915 til slutten av krigen var det ein retta utslettingspolitikk mot armenarane som resulterte i at mellom 600 000 – 2 millionar menneske blei drepne som eit resultat av direkte drap eller som ein konsekvens av deportasjonane, svoltning og sjukdom.<sup>38</sup>

I etterkant av krigen, mellom 1919-1920 blei det som blir kalla Istanbul Military Tribunals arrangert i Det osmanske riket.<sup>39</sup> Her blei det sett opp regionale domstolar med mål om å straffe dei som var ansvarlege for utslettingspolitikken. Desse rettssakene dømte opp til fleire, men fekk ikkje gjennomført straffa. Likevel er desse rettssakene viktige i etterkrigstida. For det fyrste fordi dette var fyrste gong i osmansk historie ein hadde domstolar som heldt styresmakta ansvarlege for kriminalitet utført mot eiga befolkning.<sup>40</sup> For det andre, viktig fordi det er dokumenta frå desse rettssakene som til no har vore hovudgrunnlaget for kjeldemateriale. Særleg blir den muslimske befolkninga trekt fram som viktig i å innhente og sikre bevis og også vitne i rettssakene.<sup>41</sup> Likevel fekk ikkje desse rettssakene ein særleg stor påverknad. Ei forklaring på dette er at det rettslege, særleg i saka om Talaat pasja, at til tross for bevismateriale om skuld, blei heller gjort politisk.<sup>42</sup> Forklaringa på dette ligg på den tyrkiske nasjonalisørsla. Rettssakene blei oppfatta som “*self-condemnation by the government and the court, and the condemnation of the Turkish nation*”<sup>43</sup>, då særleg sidan leiarane, som blei sett på som heltar som gjennom krigen hadde gjort det dei kunne for Det osmanske riket sin eksistens, blei dømd til døden. Sultanen sitt styre blei oppfatta som ein spott for det Det Osmanske riket og kva det hadde vore gjennom. Heller enn å være noko som

---

<sup>37</sup> McCarthy, *The Ottoman Turks* (Longman, 1997), 358

<sup>38</sup> 600 000 er det minste estimatet, men også det leiareren av det nye Tyrkia, Mustafa Kemal, anerkjente. Tyngda av nyare forskning meiner det er meir sannsynleg at det var mellom 1-1.5 millionar som blei drepne som ein direkte konsekvens av politikken som blei førd.

<sup>39</sup> Akçam, *The Young Turks' crime against humanity*, (Princeton University Press, 2012), 229

<sup>40</sup> Dadrian, Vahakn N. "The Turkish Military Tribunal's Prosecution of the Authors of the Armenian Genocide: Four Major Court-Martial Series." *Holocaust and Genocide Studies* 11, no. 1, 1997. 28-59., 30

<sup>41</sup> Dadrian, *The Turkish Military Tribunal*, 36-37, 43

<sup>42</sup> Dadrian, *The Turkish Military Tribunal*, 50-51. Her blir relasjonen mellom kemalistane og *the Ittihad party* (streng islamsk rørsla som vaks fram i Azerbaijan) knytta tett saman. Desse aktørane var viktige i utføringa av massakren mot armenarane og blei dømt på lik linje med Det osmanske styret under krigen. For meir om desse aktørane anbefalast artikkelen til Vahakn Dadrian i sin heilheit.

<sup>43</sup> Dadrian, *The Turkish Military Tribunal*, 51

kunne skape ei form for forsoning var makta såpass innskrenka at då då britane tok Istanbul i mars 1920 hadde ikkje sultanen korkje makt eller posisjon til å utføre det ansvaret det hadde starta, og rettssakene blei med det gjort irrelevante.<sup>44</sup>

### **Utvikling av Folkemordkonvensjonen og den juridiske definisjonen «Genocide»**<sup>45</sup>

Folkemordkonvensjonen (Convention on the Prevention and Punishment of the Crime of Genocide) blei ratifisert i nær etterkant av andre verdskrig, 1948, og tredde i kraft frå 1951. Den var ein av dei fyrste konvensjonane hos Forene Nasjoner (FN frå her), som gjekk direkte på humanitære problemstillingar på eit internasjonalt plan. I dag er den ein av dei konvensjonane med størst oppslutning av medlemslanda. Folkeforbundet ikkje hadde klart forhindre eller stoppe dei enorme sivile katastrofane og sivile tapa under Holocaust og endringar måtte til internasjonalt. Arbeidet med å lage ei lovgjeving med eit mål om å beskytte ulike grupper i eit land eller ein stat starta likevel allereie i etterkant av fyrste verdskrig. Der målet var både å konstruere ei slik internasjonal lovgjeving, men også få den ratifisert.

Raphael Lemkin (1900-1959) nytta heile sitt vaksne liv til det som skulle bli Folkemordkonvensjonen. Han var 15 år då Det osmanske rikt byrja den valdelege politikken mot armenarane under fyrste verdskrig. Dette blir beskrive som viktig i utviklinga av engasjementet for moralske spørsmål rund beskytting av *grupper* i ein større makteining, då basert på nasjonalitet, etnisitet, rase eller religiøse trekk.<sup>46</sup> I etterkant av fyrste verdskrig var rettssaka mot den armenske studenten Soghomon Tehlirian som 15.mars 1921 skaut Talaat Pasja, ein av dei som var ansvarlege for utslettingspolitikken mot armenarane, på gata i Berlin. Tehlirian blei arrestert og tiltala for "*cold blooded murder*"<sup>47</sup>. Han blei ikkje dømt då retten la til grunn at han var traumatisert etter å ha sett heile familien sin bli myrda som ein direkte konsekvens av politikken Talaat var ansvarleg for.<sup>48</sup> Lemkin sitt arbeid og engasjement blir beskrive som å ha oppstått i etterkant av denne hendinga.<sup>49</sup>

---

<sup>44</sup> Dadrian, *The Turkish Military Tribunal*, 50-51

<sup>45</sup> Her vil ordet "genocide" bli nytta om utviklinga av den juridiske definisjonen. På norsk kan tydinga på ordet «folkemord» bety meir enn den juridiske definisjonen, difor er det sett på som ryddigare å nytte seg av genocide i relasjon til det juridiske. "Folkemordkonvensjonen" vil likevel bli nytta om den ratifiserte konvensjonen.

<sup>46</sup> Frieze, Donna-Lee. *Totally unofficial: the autobiography of Raphael Lemkin*. Yale University Press, 2013. xi

<sup>47</sup> Gruner, Wolf. "'Peregrinations into the Void?'" German Jews and their Knowledge about the Armenian Genocide during the Third Reich." *Central European History* 45, no. 1, 2012. 1-26. 9-10

<sup>48</sup> Gruner, *Peregrinations into the Void?*. 9-10

<sup>49</sup> Frieze, Donna-Lee. *Totally unofficial: the autobiography of Raphael Lemkin*. Yale University Press, 2013. xi



*“A nation was killed and the guilty persons were set free. Why is a man punished when he kills another man, yet the killing of a million is a lesser crime than killing of an individual?”<sup>50</sup>*

Dette blei eit bilete på eit vakuum i det juridiske systemet, der lovbrøt som skjedde på ein plass, ikkje kunne bli dømt eller gjort felles med handlingar i eit anna land. Dette blei starten på eit arbeid som skulle ende med ratifiseringa i 1948.

Lemkin sjølv skreiv aldri noko om rettsoppgjera i Det osmanske riket i etterkant av fyrste verdskrig, men ein kan sjå for seg at det feila oppgjeret var mykje av grunnlaget for rettssaka som skjedde i Berlin og som ein utløysande faktor til den synleggjeringsproblema Lemkin skulle adressere og arbeide med.

### ***Definisjonen «genocide»***

I den ratifiserte Folkemordkonvensjonen er Folkemord definert ut frå særleg valdelege handlingar mot individ, gjort på bakgrunn av at individet er del av ei spesiell gruppe:

*“In the present Convention, genocide means any of the following acts committed with intent to destroy, in whole or in part, a national, ethnical, racial or religious group, as such:*

*(a) Killing members of the group;*

*(b) Causing serious bodily or mental harm to members of the group;*

*(c) Deliberately inflicting on the group conditions of life calculated to bring about its physical destruction in whole or in part;*

*(d) Imposing measures intended to prevent births within the group;*

*(e) Forcibly transferring children of the group to another group.”<sup>51,52</sup>*

Dette er i skilnad frå tidlegare utkast ein snever definisjon med hovudvekt på tida det skjer i og valdelege handlingar mot individ. Ordet «genocide» blei nytta for fyrste gong i 1944 i Lemkin sitt verk *Axis Rule in occupied Europe: laws of occupation, analysis of government, proposals for redress*. Der er det lista opp fleire punkt som Lemkin argumenterer for er del av å utslette eit folk. Der er «genocide» beskrive gjennom beskrivingar av handlingar som er

---

<sup>50</sup> Frieze. *Totally unofficial: the autobiography of Raphael Lemkin*, 19

<sup>51</sup> Office of the High Commissioner for Human Rights (OHCHR). “*Convention on the prevention and Punishment of the Crime of Genocide*” 26.05.2020.

<https://www.ohchr.org/EN/ProfessionalInterest/Pages/CrimeOfGenocide.aspx>

<sup>52</sup> Office of the High Commissioner for Human Rights (OHCHR). “*Convention on the prevention and Punishment of the Crime of Genocide*”

politisk, sosialt, kulturelt, økonomisk, biologisk og fysisk.<sup>53</sup> I den ratifiserte konvensjonen finn ein berre punkt som er i samsvar med det som er beskrevet som *biologisk* og *fysisk*. Men sjølv om ordet «genocide» ikkje blei nytta før på 1940-talet, la likevel Lemkin fram eit forslag for å kunne straffe handlingar som var utført av hat mot grupper basert på rase, religion eller et anna sosialt samhald.<sup>54</sup> Dette gjorde han på den femte internasjonale konferansen i Madrid i 1933, der fenomenet som skulle bli «genocide» blei beskrevet som både *barbarisme* og *vandalisme*.

*“Whoever, out of hatred towards a racial, religious or social collectivity or with the goal of its extermination, undertakes a punishable action against the life, the bodily integrity, liberty, dignity or the economic existence of a person belonging to such a collectivity, is liable, for the offense of barbarity”*<sup>55</sup>

Barbarisme er beskrevet som handlingar gjort mot individ, men også handlingar som er til hinder eller øydelegg bandet som individet har til det *kollektive*.<sup>56</sup> Dette er meint som eit tillegg til *vandalisme* som knytt seg til kunstneriske og kulturelle uttrykk som gruppa er knytt til.

*“Whoever, either out of hatred towards a racial, religious or social collectivity or with the goal of its extermination, destroys works of cultural or artistic heritage, is liable, for the offense of vandalism”*<sup>57</sup>

I beskrivinga som er gjort for å forklare konseptet *vandalisme* er det ikkje individa av gruppa som er i fokus. Vitskap, kunst og litteratur er satt i kontekst av å være av ein felles verdsarv og destruksjon av dette er forklart som ein kriminalitet på verdas historie som eining.<sup>58</sup>

I både beskrivinga av barbarisme og vandalisme er det element som omhandlar tilknytning ei gruppe har til kvarandre eller til andre uttrykk og element som vitskap, bygningar eller anna av

---

<sup>53</sup> Lemkin, Raphael. «Genocide» i *Axis Rule in occupied Europe: laws of occupation, analysis of government, proposals for redress*, redigert av Raphael Lemkin, 79-99. Washington, 1944.

<sup>54</sup> Lemkin, Raphael. "Acts constituting a general (Transnational) danger considered as offences against the law of nations." Prevent Genocide International. 26.05.2020. <http://www.preventgenocide.org/lemkin/madrid1933-english.htm>

<sup>55</sup> Lemkin, "Acts constituting a general (Transnational) danger considered as offences against the law of nations." Prevent Genocide International”

<sup>56</sup> Lemkin, "Acts constituting a general (Transnational) danger considered as offences against the law of nations." Prevent Genocide International”

<sup>57</sup> Lemkin, "Acts constituting a general (Transnational) danger considered as offences against the law of nations." Prevent Genocide International”

<sup>58</sup> Lemkin, "Acts constituting a general (Transnational) danger considered as offences against the law of nations." Prevent Genocide International”

kulturell verdi. I den ratifiserte versjonen er det meir fokus på valdelege hendingar i tida, der det næraste ein kjem til det har med kulturelle element ligg i dei to siste punkta, om moglegheita til å få barn, og det at barn blir teke vekk frå sine foreldre som element som kan være knytt til element som språk, kunnskap om opphav og vidareføring av gruppa.<sup>59</sup> Utover dette er det ikkje mykje som er att av tanken om at særleg koplinga mellom individet og gruppa, samt beskytting av bygg eller anna av symbolsk og historisk verdi er ein del av korkje omgrepet genocide eller Folkemordkonvensjonen.

### ***Oppsummering***

Arbeidet med å skape ein internasjonal lovgjeving der ein kunne straffa ein statsmakt for vald mot grupper i eigen befolkning starta allereie i etterkant av fyrste verdskrig. Det var ein konsekvens av politikken førd mot armenarane og det som blei oppfatta som eit mislykka rettsoppgjær i Det osmanske riket etterkant av krigen. Det skulle ta over tjue år og ein ny verdskrig før den loven blei internasjonal anerkjent og ratifisert og utviklinga av det som skulle bli lovteksten der rolla til *kultur* radikalt endra frå før andre verdskrig og etter.

Folkemordkonvensjonen vil ikkje ha ein stor plass i denne masteroppgåva, men ideen om at omgrepet folkemord har vore gjennom ei utvikling der tanken om at kultur er ein del av det som kan bli angripe er eit element som har vore grunnlag for utviklinga av tematikken for dette prosjektet. Målet er sjå på ulike måtar ein utsletting kan bli forstått på. Angrepa på armenarane blei gjort på mange fleire måtar enn det som står beskrive i

Folkemordkonvensjonen. Ved å nytte seg av ein tidlegare forståing av kva eit folkemord kunne være, er målet å utforske utslettingspolitikken ført på ein ny måte. I staden for å argumentere for korleis lovteksten bør eller ikkje bør lyde, er målet heller å utforske korleis ein utsletting av eit folk kan utfalde seg. Dette vil bli gjort med dei elementa som var tiltenkt, men som ikkje blei ein del av den ratifiserte Folkemordkonvensjonen, nemleg med eit fokus på *kultur*.

---

<sup>59</sup> Office of the High Commissioner for Human Rights (OHCHR). “*Convention on the prevention and Punishment of the Crime of Genocide*”

## KAPITTEL 2 – KJELDER OG METODE

### Kjelder

Det sentrale kjeldegrunnlaget for dette prosjektet er eit digitalt arkiv med telegram i hovudsak sendt mellom tyske offiserar og makthavarar mellom 1909-1928. Det er over 3800 dokument som er sortert. Alle dokumenta er tilgjengelege, og nokre er omsett, då særleg frå tysk til engelsk. Arkivet er eit privat initiativ av forskarar som har på ulike måtar arbeida med tematikken utslettingspolitikken førd mot armenarane under fyrste verdskrig. Både på nettstaden og i mail-korrespondanse med hovudansvarleg for arkivet, Wolfgang Gust, er det uttrykt ein tydeleg politisk agenda. Nettstaden heiter *Armenocide*, som i seg sjølv gjev eit sterkt uttrykk for synet på utslettingspolitikken, og eit tydeleg standpunkt for diskusjonen rundt folkemord-omgrepet (genocide). Hovudagendaen er likevel retta mot Tyskland, der målet er å vise kva informasjon dei tyske makthavarane satt på under fyrste verdskrig og korleis dei forholdt seg til den informasjonen då og i ettertid. Det overordna målet er å bidra til at Tyskland tek det dei ser som sin del av skulda for det som skjedde med armenarane. Grunnen til at dette arkivet likevel vil bli nytta som hovudkjelde er (1) omfanget av dokument, (2) at den politiske agendaen er så uttalt, (3) innsikt i kva både offiserar, men også aktørar som Raude Kors, og andre sine observasjonar frå samtida (4) anerkjente forskarar som er ansvarleg for arkivet. Desse punkta vil bli diskutert og gjort rede for under metodedelen, men arkivet er vurdert som truverdig, påliteleg og ikkje minst rikt på informasjon, og med det svært relevant for dette prosjektet.

#### Armenocide

Det digitale arkivet er tilgjengeleg på <http://www.armenocide.net/> der alle telegramma er sortert etter år og dato. Vedlagt i dei sendte telegramma, som ofte er av ein meir formell art, er det ofte beskrivingar av ulik art, rapportar, intervju, brev og andre augevitne-beskrivingar. Då frå menneske som arbeider på barneheim, Raude kors eller anna. Det er for det meste tyske dokument der fleire er omsett til engelsk og tyrkisk, men også dokument på dansk, fransk, armensk og osmansk.

Wolfgang Gust, hovudansvarleg for nettstaden svarar blant anna dette i kontekst av spørsmål om dei omsette dokumenta og om nokre er prioritert basert på innhald:

*“We only could translate documents in English, when we found a sponsor, because all our work is done by my wife and me. There is no organization supporting us. We are dependent*

*on friends for translation as long as we tried to offer the documents free of charge. This is our contribution because of the German responsibility to these crimes.”*<sup>60</sup>

Den politiske agendaen er her uttalt såpass mykje at sjølv om han ikkje skriv eksplisitt at det er eit utval som har større prioritet enn andre, så leggast dette til grunn. Dette vil det bli skrivi meir om under metodedelene. Han beskriv kor avhengig dei er av sponsorar og frivillige til å hjelpe med omsetting. Dette for å kunne tilgjengeleg gjere desse dokumenta gratis og for alle. Dette gjer at ein enkelt kan få fagfellevurderingar og er her sett på som ei kvalitetssikring kva gjeld autentisiteten til arkivet. Autentisiteten og pålitelegheita som er lagt til dette arkivet har også opphav i redaktørane. Det er anerkjente og veletablerte forskarar på feltet og vil bli presentert, før informasjon om språkleg tilgang vil bli gjennomgått.

### ***Om redaktørane***

Wolfgang Gust (1935) er kjent for å ha bruka mykje av sin akademiske karriere på kjelder og bevis for utslettinga som skjedde mot armenarane. Då særleg kor mykje og kva informasjon makthavarane i Tyskland hadde og korleis dei handterte bevisa i etterkant av krigen. Han er ein tysk historikar og journalist og har saman med sin kone Sigrud Gust starta det digitale arkivet. Taner Akçam, Matthias Bjørnlund og Vagharshak Lalayan står oppført som medredaktørar der Akçam og Bjørnlund har akademisk bakgrunn og publiserte dokumenter om utslettingspolitikken mot armenarane og om dokumentasjonen om dette. Lalayan er utdanna innanfor informatikk i Jerevan i Armenia og ansvarleg for den tekniske delen av arkivet.

Taner Akçam (1953-) er ein tyrkisk historikar som har brukt store deler av sin akademiske karriere på å gjere osmanske kjelder tilgjengeleg. Han blei i 1976 fengsla i Tyrkia med ein dom på ti år, men med hjelp av Amnesty International fekk han etter et år hjelp til å komme til Tyskland der han fekk asyl. Han blir oppfatta som ein ny stemme på dette feltet då han som tyrkisk historikar var ein av dei fyrste som offentleg omtalte politikken førd mot armenarane som ein folkemord. Denne rolla har han nytta særleg i arbeidet med osmanske kjelder som har blitt sverta av andre tyrkiske historikarar.<sup>61</sup>

*“(…) to give voice to information heretofore condemned to silence, and to show that a verifiable set of facts regarding the events of 1915 can indeed be extracted from the muddle swirl of “opinion” and “interpretation”.”*<sup>62</sup>

---

<sup>60</sup> Mail-korrespondanse, info@armenocide.com, svara på av Wolfgang Gust. 04.11.2019

<sup>61</sup> Anbefaler her Killing Orders – Talat Pasha’s Telegrams and the Armeninan genocide utgjeve i 2018.

<sup>62</sup> Akçam, Taner. *Killing Orders – Talat Pasha’s Telegrams and the Armenian Genocide*. Springer, 2018

Saman med Gust utgjer dei forskarar som arbeider for meir openheit og til tross for ein politisk agende, mindre politiske meiningar inn i det dei ser som eit historisk spørsmål. Kven dei er som historikarar, då tysk og tyrkisk, har nok også vore viktig i dette prosjektet – dette er ikkje noko som «utanfrå, men det er eit oppgjer som kjem «innanfrå».

Matthias Bjørnlund (1967-) er ein dansk historikar som har jobba med Institutt for Holocaust- og folkemord-studiar i København. Han har jobba mykje med korrespondanse mellom danske diplomatar i Det osmanske riket frå fyrste verdskrig. Han er ansvarleg for dei danske dokumenta i arkivet og også oversetninga av dei til engelsk.

## Metode

Hovudmetoden i denne oppgåva er kjeldekritikk. Kjeldegrunnlaget for denne oppgåva er skrive mellom 1909-1928, men det er gjort tilgjengeleg og omsett frå 1995-2020.<sup>63</sup> Dei er publisere under ein politisk agenda, sjølv om kjeldene i seg sjølv ikkje er skrive med den type hensikt. Dette, og språkleg tilgang er hovudpunkt i kjeldekritikken. Det har gjennom arbeidet med å lese gjennom kjeldene blitt sett på som hensiktsmessig å inkludere ein teori for å betre kunne analysere og sortere kjeldene. Det er særleg to omsyn som er lagt til grunn for dette: (1) at kjeldematerialet er så stort og med det vanskeleg å ha oversikt over og (2) at beskrivingane til tider er så brutale og valdelege. Det å då ha ei «linse» inn har vore til hjelp for å kunne presentere funn i kjeldematerialet og kunne dra slutningar av det. Det er desse to, kjeldekritikk og teorien som til saman utgjer grunnlaget for å kunne dra ut konklusjonar av kjeldene.

### Kjeldekritikk

Det er tre ulike tidsaspekt i korleis ein kan lese og tolke desse tekstane. Det er i tida der dei blei skrive (1909-1928), tida dei blei tolka og tilgjengeleggjort (1995-) og tida desse igjen blir nytta i denne oppgåva (2020). Det er vanskeleg å sjølv sjå og skrive sine egne val når det kjem til konteksten det er skrive i, så på dette nivået er målet å tydeleg vise korleis val er teke og legge til rette for god etterprøvarbarhet. Dette er ikkje eit forsøk på å distansere seg frå egne tankar med ein agenda om *sanning* eller *objektivitet*, men heller være eit bidrag til å opne ein diskusjon om kva utsletting av ein kultur og folkemord kan være, heller enn å avslutte denne tematikken med ein konklusjon.<sup>64</sup> Fokuset i kjeldekritikken vil baserast på tida dei blei skriven i og tida dei blei tilgjengeleggjort.

### *Kontekstualisering*

Kjeldekritikk er beskrive som ein av dei mest klassiske metodane for historiefaget, der særleg spørsmål om *kontekst* er spesielt relevant for denne kjelda.<sup>65</sup>

---

<sup>63</sup> Armenocide. «Preface» 25.04.2020. <http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/WebStart-En?OpenFrameset>

<sup>64</sup> For diskusjon om *sanning* og historie anbefalast Slottemo, Hilde Gunn. *Skedsmo, en historie om samhold og splittelse*. Scandinavian Academic Press. 2012. 13-27

<sup>65</sup> Melve, Reidulf., Ryymin, Teemu. *Historikerens arbeidsmåter*. Universitetsforlaget, 2018. 53

### Observasjonane (1909-1928)

Sjølve tekstene er skrivne i tida utslettingspolitikken førd mot armenarane skjedd og er i alle hovudsak observasjonar. Her er det relevant å vite kven som skreiv teksten og i kva kontekst han eller ho skreiv.

Mellom 1914-1918 var det ein verdskrig der Tyskland var ein hovudaktør med Det osmanske riket som alliert. Ein kan tenkje seg at rapportane har eit innhald som er relevant med tanke på strategisk og relevant informasjon som hadde konsekvensar for krigen å gjere. Rapportane er skrivne av menn i ulike maktposisjonar, då særleg frå Tyskland, men også frå Danmark. Som vedlegg er det inkludert beretningar og rapportar av både menn og kvinner, frå «felt», nærare lokalbefolkninga. I kjeldematerialet på nett er alle dokumenta knytt til armenarane. Det er liten tvil om at dette ikkje er representativt for kommunikasjonen som skjedd mellom desse maktpersonane mellom 1914-1918.

Observatørane kunne ikkje på den tida, særleg i dei tidlegaste beskrivingane, vite kva omfang dette skulle få for armenarane og heller ikkje om den politiske diskusjonen om *folkemord* som skulle prege ettertida. Det vi kan legge til grunn er at det er lite sannsynleg at dei ville ha overdrive det dei har skrivne av observasjonar av armenarane, særleg til samanlikning av franske eller britiske kjelder. Hos dei, som var på den andre sida av krigen kunne ein tenkje seg at det å sverte Det osmanske riket kunne være ein del av ein strategi. Dette er ein av grunnane til at det nettopp er tyske kjelder som blir nytta.

I observasjonane er det likevel grunn til å tru at noko er meir skrivne om enn anna. Det er særleg mange «nære» beskrivingar av kvinner og barn, og meir tal-basert om menn, dette kan ein sjå for seg har med effekten av å bruke kvinner og barn som offer for krig på måten som er beskrive. Nettopp dette med «sjokkfaktor» er noko som gjer at det er mykje informasjon som er relevant i konteksten av kulturutsletting, som ikkje er beskrive. Særleg valdelege hendingar som skjer med menneske kan ein anta gjev eit sterkare inntrykk i ein spent krigssituasjon, og kan opplevast som viktigare og nærare enn element som går på meir langsiktig øydelegging av ein kultur.

Oppsummert er det her tolka som truverdige beskrivingar, som ikkje gjev stor grunn til å tru er overdriven i særleg grad. Dette gjer at ein kan sjå for seg at det som står skjedd, faktisk skjedd. Det at desse beskrivingane er basert på at nokon såg det, eller har fortalt at dei såg det, gjer at ein kan anta at det var mange andre hendingar kor ein ikkje har hatt nokon til å observere. Sjokkfaktoren er også eit element som gjer at noko ved ei hending blir tolka som



viktig nok til å skrive om, medan andre element som kunne ha vore relevant for denne konteksten ikkje blir det. I nokre av telegramma er det få ord, og ein kan sjå for seg at element som tid og kostnad også spelar inn på kor mykje ein vel å beskrive. Grunnlaget er til tross for relativt mange beskrivingar, berre noko som representere minimalt av kva som faktisk skjedde. Dette betyr at kjeldegrunnlaget i seg sjølv ikkje kan vitne om omfanget, anna enn å være noko som er utilstrekkeleg for å bevise ei sanning og fasit om alt som skjedde. Likevel er dei elementa som er beskrive noko ein kan nytte til å sjå etter *måtar* kultur blei nytta som verktøy i utslettinga av armenarane, sjølv om det ikkje kan gje eit fullstendig svar på omfang.

### Det digitale arkivet hos Armenocide (1995-) – kritisk vurdering

Formålet med arkivet er politisk og tydeleg uttalt. Det er ei synleggjering av dokument som har vore gøymt vekk frå offentlegheita i Tyskland. Hovudmålet er å få Tyskland i dag til å ta sin del av ansvaret for det som skjedde mot armenarane under fyrste verdskrig. Dette ynskjer dei oppnå gjennom å synleggjere kva informasjon maktpersonar hadde om det som skjedde mot armenarane og kva dei gjorde med informasjonen då og i ettertid.<sup>66</sup>

I 1995 og i tida etter var det som skjedde mot armenarane forstått i ein anna kontekst enn under fyrste verdskrig då det skjedde. Ikkje berre var det noko ein kunne sjå tilbake på, vite omfanget og konsekvensane av korleis krigen kom til å utarte seg, men heile verdsamfunnet hadde endra seg. Andre verdskrig og jødeforfølginga, Forene Nasjonar var etablert og også det juridiske omgrepet *Folkemord* var del av dei store erfaringane og utviklingane verdsamfunnet hadde gjennomgått. Tyskland sin rolle og dom frå andre verdskrig kan var ein nasjonal traume, som ein kan sjå for seg kan ha påverka at spørsmål om skuld for ein anna utsletting har vore vanskeleg å fremme politisk. Ein kan tenkje seg at dette kan være ein av grunnane til at det er fyrst i 1995 dette arkivet er etablert, og at det er derfor det er frivillig og uavhengig, sjølv om dette er spekulasjonar. Informasjonen ein hadde i 1995 om det som skjedde under fyrste verdskrig blei med dette arkivet tilgjengeleggjort for alle, men då i ein kontekst av å ha ein agenda.

Alle dokumenta presentert i arkivet har noko med armenarane å gjere. Det er ein presentasjon av dokumenta som er satt i ein anna kontekst enn dei var meint som. Dokumenta i seg sjølve er det rimeleg å anta var ein del av ein mykje større korrespondanse, og her er dei satt i ein kontekst av berre eitt av mange tema det blei rapportert om. Desse rapportane blei skrive mellom tyske offiserar i eit embete av Tyskland, og nytta som ein del av ein kamp «mot»

---

<sup>66</sup> Armenocide, «Preface».

Tyskland. Ein kan rettferdiggjere denne sorteringa av dokument på bakgrunn av å ha eit overordna mål om å anerkjenne ei forsøkt utsletting av ein minoritet på eit internasjonalt nivå, som ikkje har som intensjon å sverte Tyskland. Likevel er konteksten dokumenta presentert i, ein heilt anna enn kva dei blei skrivne til å være.

Den politiske agendaen er tydeleg uttalt. Sjølv om dokumenta er nytta i ein anna kontekst er det også fordi konteksten ein har i 1995 og seinare ein anna enn ein kunne ha under fyrste verdskrig. Ein har også eit anna internasjonalt system med internasjonal lovgjeving og domstolar som ein ikkje hadde under fyrste verdskrig.

Eit anna element som blir teke opp i forordet til arkivet er korleis desse dokumenta har blitt handtert i forkant av 1995.

*“Publication of German diplomatic files from this period, however, were stigmatised for a long time, by the argument that they had served first and foremost political purposes, and not historical truth.”*

Tilhøva mellom politisk agenda og historisk sanning er allereie her eit argument, men då for å ikkje gjere dei offentlege eller tilgjengeleg for forskarar eller andre i offentlegheita. Vidare skriv dei om korleis alle dokument frå Utanriksdepartementet blei konfiskert i etterkant av andre verdskrig og nytta på to ulike måtar. Det eine var som bevismateriale til Nürnbergprosessen. Den andre måten desse dokumenta blir beskrive bruka omhandlar tilgang på kjeldemateriale og syn på historie.

*“(...) but later they were to be used mainly by the Allies’ own experts in their treatment of the history of National Socialism, -- so deep was their mistrust in the objectivity of German historians to depict the history of their own country without prejudice.”<sup>67</sup>*

Det er mykje ein kunne har diskutert rundt forholdet mellom ein nasjonalstat, rike og retten til eigen historie, men her er heller synet på kjeldene det som blir trekt fram. Det som blir beskrive er at kjeldemateriale blir halde skjult så det ikkje skal misbrukast. Dette kan sjåast på som ein heilt anna tilnærming til historie og kjeldemateriale enn kva redaktørane i Armenocide sitt prosjekt er. På ein måte kan ein forstå det å halde kjeldemateriale skjult som like *politisk* som det å vise det fram. No er det lang tid mellom krigsoppgjeret til andre verdskrig og 1995, og haldning til *historie* har endra seg over tid, men kritikken om ein politisk agenda er her sett på som meir ærleg når det kjem til å vise fram kjeldene enn å halde

---

<sup>67</sup> Armenocide, «Preface».

dei skjult. Armenocide sitt prosjekt er her forstått som eit forsøk på å gjere kjeldene tilgjengelege så historikarar og andre sjølv kan gjere seg opp ei oppfatning, heller enn å halde det skjult og forbeholdt nokre få. Det at dei er ærlege i korleis dei har samla, sortert og vist fram kjeldene – og med det også korleis dei trekk konklusjonar vekkjer meir tillit enn skepsis når det kjem til kjeldene. *Politisk agenda* innan historiefaget vil nesten alltid være eit omsyn ein må ta, då om ein held noko skjult eller ikkje, og det er her sett som meir reieleg å legge til rette for at andre kan gå over og sjå korleis slutningane er teke som er grunnen til at agendaen mot Tyskland ikkje er sett på som eit hinder til truverdigheita til kjeldene.

### ***Kjelder og tilgang***

Kjeldearkivet inneheld 3803 dokument som er sortert etter dato. Dei alle fleste er tyske, der nokre er omsett til engelsk. Av alle dokumenta er det 336 av dei som er tilgjengeleg på engelsk eller dansk. Det utgjer 8,8% av den totale mengda materiale.

### **Språk og mengde**

I denne tabellen kan ein sjå kor mange dokument som er skrivne i dei ulike årstala og kva språk dei er tilgjengelege på i det digitale arkivet.

**Tal på dokument på ulike språk mellom 1913-1928<sup>68</sup>**

	1913	1914	1915	1916	1917	1918	1919	1920	1921	1928	Språk sum
Engelsk	6	6	142	61	16	23	4	1	3	0	262
Dansk	1	6	27	16	13	10	0	1	0	0	74
Ikkje dansk/engelsk <sup>69</sup>	241	619	1439	901	110	93	50	10	3	1	3467
Total mengde	248	631	1608	978	139	126	54	12	6	1	3803
% tilgjengelig	2,8 %	1,9 %	10,5 %	7,9 %	20,9 %	26,2 %	7,4 %	16,7 %	50 %	Sum total	3803
										Sum engelsk og dansk	336
										% tilgjengeleg	8,8 %

Den raden som er lengst nede viser til kor mange prosent av den totale mengda det året som er tilgjengeleg på dansk eller engelsk. Dette er viktig å vise av fleire årsaker. For det fyrste får ein eit inntrykk av kor mange dokument som ikkje er ein del av dette prosjektet. Det er god grunn til å anta at det er mange dokument med opplysningar som hadde hatt relevans for denne oppgåva. Ein kunne ha gått gjennom alle dokumenta og omsett dei, men det blei ikkje sett på som ei realistisk mengde arbeid til eit masterprosjekt. Å plukke ut tilfeldige dokument

<sup>68</sup> Nesten alle dei engelske dokumenta er omsett. Denne tabellen har som mål å vise kva dokument eg kan lese av den totale mengda. Det seier ikkje noko om originalspråket til dokumenta eller om dei er oversett til fleire språk. Dei danske dokumenta er for det meste oversett til engelsk, og dei aller fleste av dei engelske, med unntak av nokre få er oversett frå tysk.

<sup>69</sup> Eg har valt å samle alle språk som eg ikkje har tilgang til å lese i en kategori for å gjere den mest mogleg oversiktleg. Innunder denne kategorien er det mest tysk, men også tyrkisk, armensk og franske dokumenter og omsettingar.

for å sjå om det var eit klart skilje i tematikk og skrivemåte blei vurdert, for å sjå om ein kunne finne eit mønster. Det blei vurdert som lite sannsynleg, då dei originale dokumenta var tilgjengelege og dei likna i form på dei som ikkje var omsett, samt at utvalet ville ha blitt såpass tilfeldig at det ikkje hadde vore etterprøvbart på same måte.

Utvalet er gjort på bakgrunn av tilgang på språk, dette gjer at utvalet av dokumenta har vore gjennom enda eit lag med utval. Det er rimeleg å anta ut frå kva som står på nettsida og gjennom mail-korrespondansen med Gust at det har vore utført ei prioritering av dei omsette dokumenta. Det frivillige aktørar som har omsett, det og det at det relativt få av dokumenta som har blitt omsett til engelsk at ein kan anta at det er hensiktsmessig å ha ei prioritering. Ein kan tenkje seg at det som viser ekstra tydeleg kva for informasjon diplomatane satt på, samt ekstra brutale beskrivingar er dokumenta som er valt ut fyrst.

Målet er ikkje å vise all form for kulturell utsletting, men heller sjå etter trekk. Det er vurdert som så pass ulike element at prioriteringane som er gjort av redaktørane i Armenocide og at det er eit så stort element av tilfeldighet uavhengig av kva 8,8% av dokumenta som blei omsett. Så lenge målet er å vise eksempel på kulturell utsletting er det ikkje sett på som noko som er til hinder til å trekke konklusjonar av dette kjeldematerialet.

Eit element tabellen ikkje viser er størrelsen på dokumenta. På dei eg har tilgjengelege er det stor variasjon. Dei kortaste er på nokre linjer, dei lengste opp til 30 sider eller meir. I desse er det då ofte vedlegg. Dette er det ikkje lagt vekt på i beskrivingane, men om eit vedlegg er referert vil dette komme fram i referansen.

Dei 336 dokumenta som er omsett til engelsk eller på dansk utgjer 961 sider<sup>70</sup> som er grunnlaget for kjeldematerialet i denne oppgåva. Desse dokumenta blei lest og sitat som blei sett på som relevante blei koda etter tematikk som tidleg i arbeidet var overordna kategoriar. (1) Fysisk vald, (2) Bygningar/eigedom, (3) Strukturelle endringar (lovgjeving, arrestasjonar, og liknande), (4) Språk, (5) Talmateriale, (6) religion og (7) deportasjonar. Denne måten ga meg oversikt over kva beskrivingar som fanst. Vidare sorterte eg alle kategoriane i underkategoriar for å kunne sjå kva *typar* angrep eller undertrykking inn kvart felt som det blei skrive om. I møte med å skulle nytte dette som kjeldegrunnlag i ei oppgåve, prøvde eg

---

<sup>70</sup> Alle dokumenta på engelsk og dansk er lagt inn i eitt Word-dokument. Dette er med informasjon til kvar av kjeldene, altså arkivkode, kven den er frå, språkinformasjon og link til en url-adresse. Det vil si at sidetal med kunn teksten frå kjelda er nok noko mindre.

ulike overskrifter som fekk fram dei funna eg hadde. Religion og Etnisitet blei dei eg landa på, og dei sorterte tema og dokumenta blei innlemma der det passe ut frå desse.

Oppgåva presenterer ikkje alle funn, men eit utval. Det er gjort med omsyn til lengde av oppgåva og på det grunnlaget at det ikkje er ein *fasit*, men heller eit mål om å vise ulike kulturelle *trekk* i den politikken Det osmanske rike førde mot armenarane under fyrste verdskrig.

### **Teori som del av metode**

Assmann sin minneteori er en del av metoden fordi det gjennom arbeidet og sorteringa av kjeldene har vore noko som har gjeve retning, samstundes som det i analyseringa har vore grunnlaget til å gje funna noko meining. Det er fleire omsyn å ta når det kjem til teori i eit historisk arbeid og her har hovudomsynet vore kva rolle teorien og kjeldene har i forhold til kvarandre. Denne koplinga mellom teori og kjelder som vitskapleg metode vil først bli forklart gjennom skilnaden på deduktiv og induktiv metode. Deretter vil forholdet mellom teori og kjelder i denne oppgåva bli gjort rede for.

### ***Induktiv og deduktiv metode***

Leidulv Melve og Teemu Ryymin er begge er professorar i historie ved Universitet i Bergen. Dei har skrive *Historikerens arbeidsmåter* og beskriv i den at det mest karakteristiske innanfor historieforskning og historie som vitskap er vektlegginga av kjelder og kjeldebehandlinga.<sup>71</sup> Der blir skilnaden på samfunnsvitskaplege og historisk vitskap diskutert basert på nettopp korleis ein inkluderer teorien. Det gjer dei ved å sjå på skilnaden mellom den induktive og deduktive metoden.

Den induktive metoden, som blir beskrive som særleg vanleg innan historiefaget er når dei små bestandane (kjeldene) er grunnlaget for ei vidare innsnevring av problemstilling og utgangspunkt for utvikling av spørsmål, retning av ei generalisering og også mogleg teorigrunnlag.<sup>72</sup> Dette er vitskapsteoretisk i motsetning til den deduktive metoden, ofte nytta i samfunnsvitskapane. Der er det teorien som står i sentrum og som er utgangspunktet for forskinga og måten forskingsobjektet blir forstått på.<sup>73</sup> Det vil seie om det er kjeldene eller

---

<sup>71</sup> Melve, Ryymin, *Historikerens arbeidsmåter*, (Universitetsforlaget, 2018), 30

<sup>72</sup> Melve, Ryymin, *Historikerens arbeidsmåter*, (Universitetsforlaget, 2018), 30

<sup>73</sup> Melve, Ryymin, *Historikerens arbeidsmåter*, (Universitetsforlaget, 2018), 30

teorien som ligg til grunn for utvikling av spørsmål. Om det er funna i kjeldene som er grunnlaget eller parameter som teorien legg til grunn.

Denne beskrivinga av induktiv metode er éin av fleire forståingar som Paul Knutsen viser gjennom sin diskusjon av deduktiv og induktiv metode. Han viser argumentet om korleis det å nytte seg av ein liten bestand som utgangspunkt for generalisering (induktive slutningar) kan være logisk uholdbart.<sup>74</sup> Samstundes gjer han det tydeleg at dette berre gjeld éi form for bruk av induktiv metode, og at dette ikkje er tilfelle innanfor historieforskinga som eining.

*«Siden historiefaget er et idiografisk fag, er historikerne i svært begrenset grad interessert i å foreta induktive generaliseringer, eller å foreta slutninger til neste tilfelle («projeksjon»). Men vi er i høy grad interessert i å forklare både handlinger, begivenheter og utviklingstrekk. Til det formålet er en empirisk basert induktiv metode, med induksjonsdrevne problemstillinger, en metode som er egnet til å gi ny innsikt.»<sup>75</sup>*

Knutsen skriv at historiefaget er eit *idiografisk fag*. Idiografisk tilnærming er ein måte å beskrive korleis ein kan nytte teorien *basert* på kjeldemateriale i ein historievitskapleg kontekst, eller det som ville blitt kalla *empiri* i samfunnsvitskaplege fag. På den måten koplar saman induktiv og deduktiv metode.

Ein teori er generell og noko som kan være til hjelp, særleg i arbeid med ei stor mengde kjelder, men den er også noko som kan gjere om kjeldegrunnlag og empiri til noko som er fjernt frå «verkelegheita». Målet her har vore å nytte teorien som ei rettesnor i å kunne gje ulike element i kjeldene ulik relevans, og med det – prioritering. Dette har vore viktig i eit arbeid med relativt stort kjeldegrunnlag. Teorien har også vore nytta som noko som har vore til hjelp i å halde eit overordna overblikk gjennom mange brutale og valdelege beskrivingar som har vore vonde å lese og vanskeleg å forhalda seg til. Det er så mange menneske som har vore gjennom så mykje vondt, og det å ha ein teori som grunnlag for det ein tek med og ikkje har vore heilt avgjerande for å komme gjennom dette prosjektet.

Oppsummert så har hovudmålet vore at teorien ikkje har pålagt kjeldene ei meining, men vore ei linse inn til kjeldematerialet og eit verktøy for å kunne utforske og ta ut meining.

---

<sup>74</sup> Knutsen, Paul. «Gjensyn med spørsmålet om metode: En kritisk vurdering av hypotetisk-deduktiv metode (HDM) sammenlignet med induksjonsdrevne problemstillinger (IdP). *Norsk Filosofisk Tidsskrift* 53, Nummer 04 (2018). 196-208. 202.

<sup>75</sup> Knutsen, «Gjensyn med spørsmål om metode», 203.

### *Assmann sin minneteori som metode*

Melve og Ryymín skriv at det sjeldan finst ei absolutt grense mellom deduktiv og induktiv metode, og det er i denne forståinga val av teori og bruken av metode denne masteren har sitt utspring.<sup>76</sup> Gjennom ei idiografisk tilnærming, der kjeldemateriale har vore utgangspunkt for å utforme spørsmål, vil Assmann sin minneteori være eit verktøy for å utforske korleis kulturøydelegging kan være ein del av ein utslettingspolitikk. Det vil seie at kjeldene ikkje er lest i lys av teorien, men at teorien er nytta til å kunne forstå kjeldene.

Minneteorien som med sine omgrep av *kulturelt minne* og *kommunikativt minne* er i dag særleg nytta til historieforsking på andre verdskrig. No ser at dei som opplevde krigen snart har gått bort, og at ein får nettopp ein prosess der minnet om andre verdskrig som då blir overført til monument og liknande.<sup>77</sup> Det gjer at den har eit fokus på korleis kultur blir *hugsa* og også *innlemma i ein identitet*. Fokuset i denne oppgåva er å sjå på kulturutsletting, som ikkje naudsynt samsvarer med parameter som er nytta til å forklare korleis ein gløymer og hugsar i ei gruppe. Her blir spørsmålet om *kva som ligg til grunn* eit stort og viktig spørsmål for kva ein kan svare på og ikkje minst, kva spørsmål ein kan stille. Her er kjeldene lagt til grunn, som gjer at teorien er forstått i konteksten av kjeldene. Dette medfører at det er element i teorien som ikkje er vektlagt eller inkludert, men òg deler som i utgangspunktet ikkje hadde stor plass, som har fått større plass.

---

<sup>76</sup> Melve, Ryymín, *Historikerens arbeidsmåter*, (Universitetsforlaget, 2018), 30

<sup>77</sup> Meir om sjølve teorien kjem seinare. For å lese meir om bruken av det i nyare historieforsking anbefalast. *Fortiden i Nåtiden* av Claudia Lenz og Trond Risto Nilssen frå 2011. Lenz, Claudia., Risto, Trond Nilssen. *Fortiden i nåtiden – Nye veier i formidlingen av andre verdenskrigs historie*. Universitetsforlaget, 2011.



## KAPITTEL 3 – TEORI

### Introduksjon

Som skrive har Assmann sin minneteori vore ein del av arbeidet med kjeldene og vil være ein del av diskusjonane rundt dei. Før innføringa av teorien vil grunnlaget for å nytte seg av teorien og nytteverdien bli diskutert, samt ein diskusjon om omgrepet *kultur*.

Assmann sin minneteori er valt fordi den gjev ein måte å kunne nytte seg av ordet *kultur* på, der ein blant anna får omgrep som forklarar kultur som både noko som skjer mellom menneske, men også noko som har ein *større form*. *Kultur* er i seg sjølv eit omdiskutert og komplekst omgrep, fordi det er eit abstrakt fenomen. Assmann sin teori komplimenterer ulike forståingar av kultur, både noko som er i tida, korleis det knyt seg til identitet av i gruppe, samstundes som den også gjev moglegheit til å utforske korleis kultur strekk seg over fleire generasjonar. Teorien gjev med det rom for å kunne utforske *kulturødelegging* på fleire ulike måtar, samstundes som det er avgrensa og gjer det er mogleg å trekkje ut element og studere dei.

### Kultur

Som beskrive over er *kultur* eit omgrep som er omdiskutert. I denne oppgåva er ikkje kultur i seg sjølv forskingsobjektet, men heller eit verktøy for å sjå etter utslettingstrekk. Alle meiningar som kan ligge i nettopp det abstrakte ordet *kultur* vil ikkje bli adressert eller teke omsyn til, men heller bli satt i kontekst av masterprosjektet som eit verktøy og line inn til kjeldematerialet.

I staden for å nytte ein definisjon vil heller ulike kvalitetar i ulike definisjonar bli nytta. Ei ordbok gjev denne definisjonen på «kultur»:

*“The integrated pattern of human knowledge, belief, and behaviour that depends upon the capacity for learning and transmitting knowledge to succeeding generations.”*<sup>78</sup>

---

<sup>78</sup> Merriam-Webster Dictionary, s.v. “Culture”. 25.05.2020. <https://www.merriam-webster.com/dictionary/culture>

Her er det fokus på dei elementa som er like over tid, beskrive som *kunnskap, tru og oppførsel*. Dette legg ei føring på at det er noko som til tross for utvikling, samstundes er varig. Ei anna måte å sjå kultur på er sosiale verdiar delt på ei bestemt tid.

*“The way of life, especially the general customs and beliefs, of a particular group of people at a particular time”*<sup>79</sup>

Denne definisjonen vitnar om ei forståing som legg tida noko er forstått i, som det viktigaste, og det ein har til felles, *nett i den tida*. Her er også elementet med skikkar (customs) med, uttrykk og symbolikk som er ein del av nett denne gruppa i ei spesiell tid.

Raphael Lemkin skreiv fleire artiklar gjennom tida der det som skulle bli Folkemordkonvensjonen blei utvikla, og i ein artikkel om *Cultural genocide* skriv han om korleis *kultur* i seg sjølv ikkje er statisk, men dynamisk.<sup>80</sup>

Kultur vil her være forstått gjennom begge desse motstridane poenga. Det er noko som bind menneske saman i ei bestemt tid, men det er også kopla saman med *noko* som strekk seg tilbake i mange generasjonar. Desse to elementa er også integrert på ulik måte i Assmann sin minneteori, der nettopp dei lange linjene er det som vil være hovudfokus vidare inn i utforskinga.

## **Assmann sin minneteori**

### ***Bakgrunn for minneteorien***

Jan Assmann (1938-) er ein tysk egyptolog som saman med sin kone, Aleida Assmann (1947-), utvikla ein teori om kommunikativt og kulturelt minne. Minneteorien deira er ein del av ei større rørsle om minneteori, der diskusjon om minnet sin plass i historieskriving, rolla til historikaren og individet sin rolle i historieskriving er vektlagt. Denne utviklinga, frå 1700-talet og fram til i dag er godt beskrive av Aleida Assmann, der nettopp utviklinga historiografisk – med fokus på minne og historie blir tydeleg forklart og diskutert.<sup>81</sup>

---

<sup>79</sup> Cambridge Dictionary, s.v. “Culture”. 20.05.2020.

<https://dictionary.cambridge.org/dictionary/english/culture?q=Culture>

<sup>80</sup> Jacobs, Steven Leonard. *Lemkin on genocide*. Lexington Books, 2012. 41

<sup>81</sup> For meir om utviklinga av diskusjonen rundt minne, historie, frå 1700-2000-talet anbefalast Aleida Assmann sin artikkelen *Transformations between history and memory*. Assmann, Aleida. "Transformations between history and memory." *Social Research: An International Quarterly* 75, no. 1, 2008. 49-72. 57

### ***Minneteorien***

Jan og Aleida Assmann utvikla sin teori om det kommunikative og kulturelle minnet ut frå Maurice Halbwachs (1877-1945) sitt arbeid med minne og historie. Halbwachs var ein fransk filosof og sosiolog som er mest kjent for å ha utvikla konseptet om «kollektivt minne». Det er ut frå denne tradisjonen Assmann utvikla sin teori. Deira bidrag til «minnet-rørsla» var ein måte å kople minne med *kultur*. Den legg til grunn at ei gruppe kan ha *eit minne*, og at gruppeidentitet og individet sin identitet er dynamisk. Det er utgangspunktet for både det kommunikative og kulturelle minnet. Forklart på ein annan måte; utgangspunktet for både kommunikativt og kulturelt minne er eit kollektivt minne. Det er noko som er delt av fleire – og dette *fleire* er gruppa ein identifiserer seg med. Hovudforskjellen mellom dei er *tidsaspektet* og kva minnet er *forankra i*. Jan Assmann sine beskrivingar om det kommunikative minnet og det kulturelle minnet er gjort i samarbeid med kona Alida Assmann og kollegaen John Czaplicka. Han er ein kulturhistorikar med tilknytning til fleire universitet i Tyskland, blant anna Humbolt. Koplinga til Assmann er kanskje mest linka til interessa for kultur, som kjem til uttrykk i minneteorien.

### Det kommunikative minnet

Det kommunikative minnet blir beskrive som *kvardagsleg kommunikasjon*. Dette er eit felt der det ikkje er nokon *spesialiserte aktørar*. Rolla i ein samtale kan endre seg raskt og det er basert på minner, sladder, humor eller ei delt oppleving.<sup>82</sup> Forholdet mellom den som deler og den som høyrer på er viktig, det er menneske som opplever å ha noko til felles, og då gjennom ei felles forståing av fortida.<sup>83</sup> Det kan være to som begge var soldatar i ved same slag og som mimrar om det dei hugsar. Det kan være ein mann og ei kone som fortel om sine opplevingar – der rolla om den som bær sanninga blir bytta med den som fortel. Han som var ute i felt er «ekspert» og den som fortel om denne opplevinga, samstundes som hennar forteljing om rasjonering og redsel for framande soldatar i området er «fasit» når ho fortel. Rollane skiftar raskt. Hovudpoenget er at det er aktørar som sjølv opplevde ei hending som er aktive i formidlinga. Forankringa av minne ligg i individet, og det har ein konsekvens for tidsaspektet for minnet. Det at minnet er delt erfaring gjer at det blir kopla til dei aktørane som var til stades eller på ein eller annan måte opplevde hendinga. Eit innsnevra tidsperspektiv er eit

---

<sup>82</sup> Assmann, Jan, og John Czaplicka. "Collective memory and cultural identity." *New german critique* 65, 1995. 125-133. 126

<sup>83</sup> Assmann og Czaplicka, "Collective memory and Cultural Identity", 127

viktig trekk ved det kommunikative minne.<sup>84</sup> Det *kulturelle minnet* er til forskjell frå dette forankra i faktiske hendingar eller punkt i fortida, og kjem til uttrykk gjennom symbolske ritar, seremoniar, bygg eller anna.<sup>85,86</sup> Czaplicka og Assmann peiker på relasjonen til identitet og kultur, framhevar korleis det ikkje berre er eit uttrykk for ein kulturell tilknytning, men at det også er noko som *fastlegg* (concretion) ein identitet. Denne koplinga mellom minne, kultur og identitet er grunnlaget for å forstå *kva* det var Det osmanske riket øydela utover individa, gjennom sin utslettingspolitikk.

### Det kulturelle minnet

Kulturelt minne har til forskjell frå kommunikativt minne moglegheit til å strekkje seg over eit stort tidsspenn.<sup>87</sup> Overgangen frå eit kommunikativt minne til eit kulturelt minne er noko som sikrar at det blir hugsa lenger, og gjev større sjans for fleire generasjonar til å inkludere minnet som ein del av sin identitet.

*“(...) Groups do not “have” memory as individuals do. But they “make” themselves a memory by erecting monuments, cherishing their lieux de mémoire and by developing a variety of cultural (mnemo-)techniques supporting memory or promoting forgetting”<sup>88</sup>*

I kontrast til det kommunikative minnet, har det kulturelle minnet ein stor distanse til kvardagslege trekk, og er heller forankra i hendingar tilbake i tid. Forankringa av minne er ikkje basert på individet, men heller gjennom ulike symbolske uttrykk.<sup>89</sup> Dette kan være i form av heilagdagrar, bygningar, monument, tekst, seremoniar eller anna.<sup>90</sup> Eit eksempel kan være kransenedlegging på ein bestemt dato for å minnast ei bestemt hending som slag eller drap. Då er det det same som skjer kvart år. Prosedyren med å legge ned kransen er uforandra sjølv om det varierer kven som innehar ansvaret over tid. Seremonien er forankra i ei fast form, også over tid.

Assmann og Czaplicka beskriv ein måte å kople minne, gruppe og kultur saman på. Gjennom kulturelt minne, blir *kunnskap* lagra om kva ein er, og også kva ein ikkje er. Dette strekk seg lenger enn til dei individa som opplevde den spesielle hendinga ein markerer. Vala som blei

---

<sup>84</sup> Assmann og Czaplicka, “Collective memory and Cultural Identity”, 127

<sup>85</sup> Assmann og Czaplicka, “Collective memory and Cultural Identity”. 128

<sup>86</sup> Denne overgangen blir av Halbwachs beskrive som overgangen frå minne til historie. Dette er ikkje synet til Assmann og Czaplicka, som meiner at dette er så tett knytt til identitet og kultur at det framleis går under *minne*. Assmann og Czaplicka, “Collective memory and Cultural Identity”, 128

<sup>87</sup> Assmann, Jan. "Communicative and cultural memory. *Debrecen*, s. 36-43, 2013. 37

<sup>88</sup> Assmann, "Communicative and cultural memory", 37

<sup>89</sup> Assmann og Czaplicka, “Collective memory and Cultural Identity”, 128

<sup>90</sup> Assmann og Czaplicka, “Collective memory and Cultural Identity”, 129

teke blir overført frå individet til gruppa – og på den måten blir noko som ein som individ tek inn som del av sin identitet.<sup>91</sup> Aktørane er også annleis enn i det kommunikative, då dei i det kulturelle minnet er *spesialiserte*. Gjennom ein prosess av å institusjonalisere eit minne (forankre det i ein religiøs seremoni, ein tradisjon eller anna) trengs det ulike roller til å utføre seremonien eller markeringa ein held. Det er roller som har ei konkret oppgåve og er essensielle i det å gjennomføre og oppretthalde det kulturelle minnet.<sup>92</sup>

#### Teorien i dag og bruken av den i denne oppgåva

Teorien er i dag ofte kopla til overgangen mellom det kommunikative minnet, der menneske seg imellom deler på minner og forteljingar, til det kulturelle minnet, der det er gjort om til ein seremoni som kransenedlegging eller liknande. Historia får ei form som lever lenger enn dei som opplevde ho. I 2020 er det særleg andre verdskrig som er relevant då det er 75 år sidan krigen sin slutt og generasjonen som opplevde krigen er minst 80 år gamle.

I dette prosjektet er det ikkje overgangen mellom dei to formane som er nytta. Her ligg fokuset på det *kulturelle minnet*. Det er i teorien forklart som element som skjer i ei gruppe, medan det er her konsekvensane som øydelegg for *moglegheita* for ei gruppe til å gjennomføre eller leve etter det som er beskrive som det kulturelle minnet som er objekt for undersøking. Det er konsekvensane av politikken til Det osmanske riket som er *aktøren*, og endringa av *moglegheita til å gjennomføre* og ha ei lang linje som er objektet for undersøkinga. Dette er ein måte å tolke teorien på ut frå kjeldemateriale, og som har konsekvens for teorien då den er satt i lys av prosjektet.<sup>93</sup>

#### ***Assmann sin minneteori som metode***

Melve og Ryymin skriv at det sjeldan finst ei absolutt grense mellom deduktiv og induktiv metode, og det er i denne forståinga val av teori og bruken av metode denne masteren har sitt utspring.<sup>94</sup> Gjennom ei idiografisk tilnærming, der kjeldemateriale har vore utgangspunkt for å utforme spørsmål vil Assmann sin minneteori være eit verktøy for å utforske korleis kulturøydelegging kan være ein del av ein utslettingspolitikk. Det vil seie at kjeldene ikkje er lest i lys av teorien, men at teorien er nytta til å kunne forstå kjeldene.

---

<sup>91</sup> Assmann og Czaplicka, "Collective memory and Cultural Identity", 130

<sup>92</sup> Assmann og Czaplicka, "Collective memory and Cultural Identity", 131

<sup>93</sup> For ein tydeleg og oversiktleg gjennomgang av minneteorien i sin heilheit anbefalast Aleida Assmann sin artikkel. Assmann, Aleida. "Transformations between history and memory." *Social Research: An International Quarterly* 75, no. 1, 2008. 49-72. 57

<sup>94</sup> Melve, Ryymin, *Historikerens arbeidsmåter*, (Universitetsforlaget, 2018), 30

Minneteorien som med sine omgrep av *kulturelt minne* og *kommunikativt minne* er i dag særleg nytta til historieforsking på andre verdskrig. Det er fordi ein no ser at dei som opplevde krigen snart har gått bort, og at minnet om andre verdskrig då blir overført til monument og liknande.<sup>95</sup> Det gjer at den har eit fokus på korleis kultur blir *hugsa* og også *innlemma i ein identitet*. Fokuset i denne oppgåva er å sjå på kulturutsletting, som ikkje naudsynt samsvarer med parameter som er nytta til å forklare korleis ein gløymer og hugsar i ei gruppe. Her blir spørsmålet om *kva som ligg til grunn* eit stort og viktig spørsmål for kva ein kan svare på og ikkje minst, kva spørsmål ein kan stille. Her er kjeldene lagt til grunn, og det medfører at teorien er forstått i konteksten av kjeldene. Det gjer at det er element i teorien som ikkje er vektlagt eller inkludert, og deler som ikkje i utgangspunktet har stor plass, som her har fått større plass. Dette er eit bevisst val, og det er her sett på som idiografisk tilnærming.

### ***Minneteorien i oppgåva***

Assmann og Czaplicka samanfattar det dei ser som ein del av det kulturelle minnet gjennom seks ulike punkt. Dette er prosesser og element som ligg i eie gruppe, for nettopp det kulturelle minnet. Minneteorien legg til grunn av det er medlemmar eller institusjonar i gruppa som er aktørane i å vidareføre kunnskap og minne. I kjeldene er det beskrive ulike måtar ein ytre aktør angrip det som er grunnlaget for kunnskap og minne. For å kunne gje meining til teorien i kontekst av kjeldene er dei seks punkta til Assmann og Czaplicka blitt skrivne om, enten kopla saman eller utelete.<sup>96</sup> Sidan ikkje alle i like stor grad er relevante for denne oppgåva vil heller element bli presentert på ein fri måte gjennom tre ulike overskrifter: (1) oss og dei, (2) organisering og (3) forplikting.

#### Oss og dei

Det å skape eit skilje mellom «oss og dei» er noko som blir beskrive på ulike måtar. Det kan gå på korleis konsolideringa av eit minne eller hending blir forankra og tilgjengeleggjort for individ av gruppa.<sup>97</sup> Å ha noko til felles skapar på den eine sida noko som er felles, samstundes lagar det eit skilje og ei distanse til dei som ikkje er ein del av fellesskapet. Dette vil vere gjeldande på individnivå, som dåp, bryllaup, gravlegging og andre seremoniar knytt

---

<sup>95</sup> Meir om sjølve teorien kjem seinare. For å lese meir om bruken av det i nyare historieforsking anbefalast. *Fortiden i Nåtiden* av Claudia Lenz og Trond Risto Nilssen frå 2011.

<sup>96</sup> Teorien er beskrive i sin fullstendige form i artikkelen til Assmann og Czaplicka. Assmann og Czaplicka, "Collective memory and Cultural Identity", 130-131

<sup>97</sup> Assmann og Czaplicka, "Collective memory and Cultural Identity", 130

til kvardagslivet, men også til spesielle markeringar og dagar som denne gruppa markerer, og som andre deler av den osmanske befolkninga ikkje er ein del av.<sup>98</sup>

### Organisering

Tilrettelegginga for at det kulturelle minnet skal kunne bli forankra krev at det finst ein struktur der ein har spesialiserte roller, som til dømes prestar og biskopar. Det krev òg at denne strukturen har ei evne til å gjere kunnskapen tilgjengeleg for ei gruppe.<sup>99</sup> Assmann beskriv *evna til rekonstruksjon* som eitt av dei seks punkta. Evna til å gjere kunnskapen relevant i den tida som er. «(...) *it always relates its knowledge to an actual and contemporary situation*».<sup>100</sup> Det er avgjerande å ha ein struktur som gjer det mogleg å gjennomføre og halde i live dei lange linjene som strekk seg lenger enn kva ein generasjon kan hugse, og dermed mogleg for nye medlemmar å innlemme dei som ein del av sin identitet.

### Forpliking

Assmann beskriv ei *forpliking* (obligation) som baserer seg på normer og reglar som til saman utgjer eit felles verdisystem.<sup>101</sup> Ulike handlingar eller element som er forventa at ein gjer *som ein armenar*. Eit eksempel kan være ei gravlegging. Alle i det armenske samfunnet veit kva for element som høyrer til denne seremonien, og det ligg i det ei forventning til den nære familien om korleis ein skal te seg og korleis gravlegginga i seg sjølv skal gjennomførast. Om noko utanom denne normen skjer – er det noko som vil bli lagt merke til av medlemmar av gruppa. Denne kunnskapen blir alltid delt, og gjennom denne felles kunnskapen noko som bind gruppa saman. Angrep på armensk kultur er i denne konteksten tolka som når osmanske aktørar gjer omstende rundt armenarane så vanskelege at dei sjølv må gjere handlingar som strid med anten det som er forventa av ein som ein armenar, eller strid med eige sjølvbilete. Dette kan være i form av ei rolle, som «mor» eller «mann». Dette er sett på som element som i staden for «berre» drepe, er noko som påfører *skam* og som kan tolkast til å ha ein agenda om å sverte, ikkje berre kulturen i seg sjølv, men også individa sitt bilete av seg sjølv til kulturen. Det *kulturelle minnet* som på eine sida ikkje kan bli ført vidare, men òg at dei hendingane som kan overleve sjølv har «sverta» seg sjølv og med det øydelagt minnet som noko framtidige medlemmar kan samlast rundt som ei heltehistorie.

---

<sup>98</sup> Assmann og “Czaplicka, Collective memory and Cultural Identity”, 130

<sup>99</sup> Assmann og “Czaplicka, Collective memory and Cultural Identity”, 130

<sup>100</sup> Assmann og “Czaplicka, Collective memory and Cultural Identity”, 130

<sup>101</sup> Assmann og “Czaplicka, Collective memory and Cultural Identity”, 131

## KAPITTEL 4 – KULTURELL UTSLETNING GJENNOM RELIGION OG ETNISITET

For å sjå etter kulturelle trekk i utslettingspolitikken førd mot armenarane vil *armensk kultur* bli sett i perspektiv av minneteorien. Her er historia til armenarane i Anatolia lagt til grunn for ei kategorisering *religiøse* og ikkje-religiøse uttrykk her beskrive som *etniske* uttrykk av kulturell utsletting. Før element frå armensk historie vil bli gjennomgått, etterfølgd av funna av både religiøse og etniske utslettingstrekk, vil *etnisitet* bli definert og forklart.

### Introduksjon

#### *Kultur, religion og etnisitet*

I denne oppgåva er *etniske trekk* definert som noko anna enn religiøse trekk i ein kulturell utsletting. Etnisitet er både eit ord og eit sosialt fenomen som det oppstår store variasjonar av forståing av. Eit hovudtrekk er at det er ein måte for ei gruppe å definere seg sjølv som ein del av eit fellesskap på. Med ei sånn forklaring blir det vanskeleg å skilje mellom kva skilnaden på *kultur* og *etnisitet* er. Som beskrive over kan kultur forståast som noko som går over fleire generasjonar, samstundes som det er noko som koplar menneske saman i ei bestemt tid. Om ein berre såg på kultur som noko som går over generasjonar, kunne ein tenkje seg at etnisitet var det som var samlande for ei bestemt tid. Men her er etnisitet i staden sett på som ein del av kultur heller enn å være noko som er i tillegg. Det er nytta som eit behov for å kunne snakke om kulturutsletting utover religiøse trekk.

“(...) relating to large groups of people classed according to common racial, national, tribal, religious, linguistic, or cultural origin or background”<sup>102</sup>

Definisjonen av etnisitet er her beskrive på lik linje med religiøse trekk og kulturelt opphav. Dette kan stemme godt med forståinga som er lagt til grunn i denne oppgåva, bortsett frå at religion er definert som eit eget punkt, og med ei forståing av at *kulturelt opphav* ikkje er det same som *kultur*. I definisjonen kan ein lese det som at det er ein klassifisering av personar gjort av nokon utanfrå. I denne oppgåva er ikkje det eit poeng, og det kan godt også forståast som at gruppa sjølv er ein del av denne klassifiseringa.

I utforskinga av kjeldene er det element av det kulturelle minnet som har fått hovudfokus, angrep på dei lange linjene. Det finst beskrivingar av denne typen angrep både under det som

---

<sup>102</sup> Merriam-Webster Dictionary, s.v. “Ethnic”. 25.05.2020. <https://www.merriam-webster.com/dictionary/ethnic>



er definert som religiøst og etnisk. Under religion er det særleg beskrivingar av konvertering, øydelegging av kyrkjebygg og behandlinga av graver og lik som vil bli lagt fram. Her vil også angrep på religiøse autoritetar bli presentert. Alt dette er element som enkelt kan bli knytt til identitet og gruppetilhøyring. Dei lange linjene bakover og ein moglegheit til å kople menneske over fleire generasjonar saman. Etnisk utsletting er også kopla til det kulturelle minnet, eksempel på dette er undertrykking av språk, overtaking av eigedom, korleis menneske med viktige *roller* fekk ulike oppgåver og anledning til å bringe kulturell tilhøyring vidare, og kanskje det som i ettertida blir hugsa best, deportasjonane. Det er noko overlapp mellom det religiøse og det etniske, men denne kategorien inneheld også overgrep av kvinner og barn, samt tvangsgifting og adopsjon av armenske barn. Både religion og det etniske hos den armenske gruppa har lange røtter, så før funna blir presentert, vil ein gjennomgang av armensk kultur og koplinga tilbake i tid bli presentert.

### ***Armensk kultur***

For å kunne analysere på kva måte Det osmanske riket angreip den armenske kulturen må ein vite kva armensk kultur *består av*. Dette er det ikkje ein fasit på, då dette er noko som ligg nært individet. Likevel er det element ein kan anta at har hatt stor betydning for *gruppeidentiteten* og med det *kulturen* til armenarane. Historia til det armenske folk strekk seg tilbake til år 600 før vår tidsrekning. Ein har historiske beskrivingar av armenarane i det ein kallar Anatolia frå om lag 400 år før vår tidsrekning.<sup>103</sup> Det vil seie at ved inngangen til fyrste verdskrig, hadde armenarane vore busette i Anatolia i 2500 år. Dette gjev grunnlag til å anta at det geografiske området har vore viktig, og då særleg med tanke på det kulturelle minnet. At ein kan samlast på dei same stadane over fleire generasjonar og at ein har kultivert og dyrka same jord over fleire generasjonar har stor verdi. Bygningar som skuler, kloster og kyrkjer kan vi også rekne som viktige element i å skape seremoniar, ritual og til å skape ei kopling til dei som bygga bygningane og dei som har brukt dei frå generasjonar tilbake. Dette med bygningar tek oss over i det religiøse aspektet av armensk kultur, sjølv om det eigentleg ikkje går an å skilje dette så tydeleg som dette, er det for å kunne diskutere det teoretisk.

Armenarane blei kristna på 300-talet og i følgje den israelske Midtausten-professoren Mordecai Nisan (1934-2017) hevdast det at dei var det fyrste *folket* i historia som kollektivt

---

<sup>103</sup> : «*plains and gently sloping hills*» Nisan, *Minorities in the Middle East* (McFarand & Company, Inc., Publisher, 2002) 156

og offisielt innlemma kristendom som deira «*national religion*».<sup>104</sup> Dei var eit *folk* før dei blei kristne, men ved å hevde at dei var den fyrste gruppa til å adaptere kristendom som sin religion, kan ein tenkje seg at dette blei ein viktig del av den kollektive identiteten. Dette igjen viser at endringar skjer, men at det ikkje naudsynt øydelegg ein kultur, då dei framleis er armenarar. Det vil seie at religionen ikkje er grunnelementet i *skapinga* av den armenske identiteten, men at den er viktig som kulturelt element kan ein likevel forstå på bakgrunn av kva *rolle* religion kan ha på ei gruppe. Religion er noko som legg til rette for det kulturelle minne ved å være en plass der like seremoniar og ritual skjer over lang tid. Det er noko som har sterk tilknytning til alle markeringar av overgangar i livet, som fødsel, giftemål og døden. Dette koplar menneske saman, også over tid.

Tidleg på 400-talet fekk dei eit eige skriftspråk, og dette har nok vore viktig i den rolla som minoritet i eit større rike. Skriftspråk gjev moglegheit til å for det fyrste, bevare skrifter og forstå dei frå langt tilbake i tid. For det andre er det noko som gjer at ein kan kommunisere over avstand. Eit anna element som kanskje her er ekstra viktig er kven ein *ikkje* inkluderer. Dette gjer avstanden til menneske med anna språk større. Dette er kanskje særleg eit viktig poeng når ein kjem inn på 1400-talet og armenarane blir innlemma i Det osmanske riket. Berre det å være ein minoritet kan ein tenkje seg er samlande, at det å ikkje vere ein del av «dei» skapar eit sterkare «vi». Dette blir sjølvstyk forsterka om det er eit eige språk og skriftspråk som berre denne gruppa kan og lærer. Dette er som nemnd viktig i det kulturelle minnet, men også utgangspunkt for det kommunikative minnet.

Utgangspunktet for å kunne analysere korleis Det osmanske riket utsletta kulturen til armenarane vil altså være basert på desse overordna tema; religion og etnisitet. Desse går inn under det Assmann kallar kulturelt minne, og mykje også kommunikativt minne. Det er viktig å presisere at kulturell utsletting ikkje naudsynt er i motsetning til vald eller drap. Det å drepe menneske hindrar utveksling av historier, det hindrar kvardagslege kulturelle veremåtar og større kulturelle viktige storhendingar, som igjen hindrar ei kulturell forankring. Ein treng folk for å ha ein kultur og for å vidareføre ein kultur. Denne masteren retter seg mot dei langsiktige elementa i kultur og kulturoverføring. Drapa som skjedde er det skrive mykje om, og dei kjem ikkje til å være hovudfokuset. Her vil angrepet på kulturen utover drapa være forskingsobjektet, men det er på ein måte der drapa er ein del av det kulturelle, ikkje i motsetning. Dette er eit bidrag som no er mogleg då nye kjelder er tilgjengelege. Det er meint

---

<sup>104</sup> Nisan, *Minorities in the Middle East*, (McFarand & Company, Inc., Publisher, 2002), 156

som ein ny innfallsvinkel, der utgangspunktet til arbeidet ligg i kjeldematerialet forstått gjennom ein teori om kultur. Dette, i tillegg til viktig akademisk arbeid som retter seg mot spørsmål om skuld og motivasjon, er særleg med tanke på historiefaget. Målet å være eit bidrag der utgangspunktet for analysen ligg i kjeldemateriale frå samtida og kor Folkemordkonvensjonen er eit resultat, heller enn å diskutere utslettingspolitikken førd mot armenarane basert på den.

## **Religion**

I kjeldene er det mange beskrivingar av angrep på religiøse symbol, uttrykk og identitet. Dette er ikkje eit overraskande funn, då dei som observerte i hovudsak var kristne, i likskap med armenarane. Øydelegging av religiøse uttrykk vil være noko som ein, i dette tilfellet, kristen vil legge merke til. Ved å sjølv kjenne til ulike symbol og seremoniar som er knytt til døden, kyrkjer og liknande, er det rimeleg å anta at ein ser og legg merke til det også. Dette er nok noko kjeldene er prega av, men her er det sett på som ein måte å få innblikk i korleis religion som element blei angripte, og då særleg dei elementa som har med det kulturelle minnet å gjere. Gjennom kjeldearkivet er det særleg fire element som gjer seg gjeldande når det kjem til religiøs utsletting. Det er beskriving av (1) konvertering, (2) øydelegging og endring av religiøse bygg, (3) korleis angrep på spesialistar blei utførde og (4) behandling av graver og lik. Her vil funna i kjeldene bli presentert før dei blir kopla opp mot minneteorien og spørsmål om utsletting av kultur.

## ***Konvertering***

I kjeldemateriale er det 98 beskrivingar av ulike formar for konvertering. Dei aller fleste er frå 1915 (46 stykk) og 1916 (47 stykk). Det er få i 1917 (4 stykk) , ingen i 1918, og éin i 1919. Ein kunne tenkt seg at det blei fleire beskrivingar om nettopp konvertering seinare, etter at det fyrste og største sjokket av valden og drapa hadde gjeve seg, men ut frå dei omsette dokumenta vitnar det ikkje om ei sånn type fordeling.

## **Aktør**

I beskrivingane er det skrive om ulike typar konvertering. Eit fellestrekk er at det er lite som tydar på at det var ei endring av religiøs overtyding som låg til grunn for dei konverteringane som skjedde under fyrste verdskrig. Det er særleg skilnaden på aktør som her er framheva som viktig. For det er fleire skildringar av kvinner og barn som blir tvangsgifta eller adoptert inn i muslimske familiar. Dei er i desse eksempla sett på som aktørar rundt som gjennomfører

den handlinga. Dette er satt i kontrast til dei som av eigen vilje let seg konvertere. Det er viktig å understreke at det ikkje er sett på som *frivillig* på den måten at dei eigentleg har noko reelt val, men at dei er aktørar som har handlingmakta og med det dei som er hovudaktøren til å gjennomføre ei konvertering.

*“While the Armenians had to surrender their weapons, the Muslims had the opportunity to buy powder and small shot. The inhabitants of the village of Tekerek sent a message to nearby Marash indicating that they would have to convert to Islam or lose their lives.”*<sup>105</sup>

*“At the end of February or the beginning of March, the Armenians in the labour battalion in Aleppo were recommended to convert to the Islamic faith, partly with success. In the course of the month of March, the police compiled lists of the Armenians in Aleppo in preparation for deportation and spread the word that the only way of being spared from deportation was the conversion to Islam.”*<sup>106</sup>

I desse utdraga beskrivast det ein struktur som gjer at sjølv om det er armenarane sjølve som er aktøren i å konvertere, at det er eit ytre press som gjer at dei eigentleg ikkje har eit val. Likt for begge eksempla, både dei som blei gifta inn og dei som sjølv konverterte, er at det er *religionen* som blir angripen. Mennesket overlever (sjølv særleg kvinnene og barna ofte under tvang og undertrykking), men trua er borte. I den typen konvertering kan ein forstå at det er religionen som er sett på som trusselen og som ein ynskjer å eliminere. Med det forsvinn også seremoniar, ritar, heilage dagar og også levemåte.

Dette kunne ha vitna om ei frykt for det som er framandt gjennom religion, men at menneske i seg sjølv ikkje er framandt så lenge det konverterer til «riktig» religion. Dette plasserer religion som ein viktig, men også på ein måte samlande faktor. Ein treng ikkje være fødd muslim for å bli akseptert som ein. Eller i det minste; ein kan konvertere vekk frå trua si – kristendom, som er kopla saman med det å være armenar, for å unngå å bli deportert, tap av eigedom og/eller drap. Men i beskrivingane blir det vitna om at det var aktivt gjeve informasjon om at ein kunne konvertere og med det sleppe miste eigedom og liv, samstundes som det ikkje var til hjelp.

*“The forced conversions to Islam were also brought to our notice from other places a few weeks ago. In Kaisaria, the command was given to deport the Armenians to Sivas. This*

---

<sup>105</sup> Armenocide, Telegram frå Roessler til *Foreign Office*.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-04-12-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-04-12-DE-001)] 1915

<sup>106</sup> Armenocide, Telegram frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-04-27-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-04-27-DE-001)] 1916.

*deportation meant their death. Possibly in order to save them, the Mutesarrif publicly announced that those who converted to Islam would be spared. Many converted. A number of Protestant and Catholic clerics refused to be converted. By means unknown to myself, it came about that they were deported not to Sivas but to Erigli, whereby the danger on the roads was less.*”<sup>107</sup>

Dette vitnar om ein annan type «bruk» av religion i utslettingspolitikken førd mot armenarane, der det ikkje er religionen i seg sjølv ein vil eliminere.

*“At the beginning of August, a Moslem traveller from that area reported that in Unié, Samsun, Ineboli, etc., the Armenians had converted to Islam en masse. Despite this, some of them were still deported later. In Terme, the Armenian priest is now Moslem and the church has been converted into a Mosque.”*<sup>108</sup>

Sjølv om ein konverterer blir konsekvensen den same som om ein ikkje konverterte. Religion får med det ei anna rolle. Det er ikkje religionen som er definerande for «kva» eller «kven» eit menneske er, det er noko anna. Dei som konverterte er per definisjon muslimar, men det er likevel noko anna dei blir definert som. Konsekvensen for dei som konverterte for å sleppe unna deportasjon og drap blei heller ei audmjuking enn ei redning. Det å få nokon til å konvertere, særleg når det er ein religiøs minoritet, er å angripe kanskje noko av det mest samlande for gruppa som eining, men også det som er knytt til det individuelle, til tru og verdsbilete. På den måten eliminerer ein ikkje berre ein religion, men ein audmjuker dei som trudde dei kunne overleve ved å få dei til å velje bort religionen sin i tillegg til å bli nekta innpass i den nye religionen, har også gjeve opp sin eigen.

### Religiøse bygg

Peter Balakian (1951-) er kjend for si forskning på utslettingspolitikken førd mot armenarane, og noko av det som skil han ut frå mange andre er fokuset på kulturell destruksjon. Han beskriv korleis det før 1914 var registrert rundt 2 500 armenske kyrkjer, rundt 2 000 skular og omtrent 450 kloster på territoriet til Det osmanske riket, men at det etter 1918 nesten ikkje var

---

<sup>107</sup> Armenocide, Telegram frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-01-31-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-01-31-DE-001)] 1916

<sup>108</sup> Armenocide, Notat gjort av Mordtmann, Generalkonsul av den tyske ambassaden i Konstantinopel. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-12-21-DE-011](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-12-21-DE-011)] 1915

nokon att.<sup>109</sup> Ein nesten totaldestruksjon av desse bygga der fleire var mange hundre år.<sup>110</sup> Dette finn ein også fleire eksempel på i observasjonane.

*“(...) about a week ago, Kurds massacred Armenians in Tell Ermen and a neighbouring Armenian village. The large churches have been destroyed.”*<sup>111</sup>

Samstundes som øydelegging og destruksjon er det det er skrive mest om, er det også skildringar om å gjere om dei kristne bygga og autoritetane til islamske symbol og aktørar.

*“When the sailing ship of the travelling Turk arrived in Terme – between Unieh and Samsoun – he embarked and held his 'Namaz' prayer in the Armenian church, which had been converted into a mosque, and on this occasion he saw Armenian priests who, adorned with a turban, held Turkish services.”*<sup>112</sup>

Utdraget over er skrive av medlemmar av det religiøse brorskapet Mekhitistar som er grunnleggaren av den armenske kyrkja. Ein kan tenkje seg ein tydeleg eigeninteresse i at dei skrev til Tyskland då dei var allierte og hadde ei mogleg påverknadskraft, og ikkje minst, dei var også kristne. Det betyr ikkje at denne beskrivinga ikkje kan nyttast, men ein kan tenkje seg at dei ville hatt ein fordel av å overdrive. Det er likevel fleire som beskriv denne typen bruk av religiøse bygg og symbol.

*“(...) numerous Armenians in the district of Samsun have converted to Islam (in Samsun itself, Ineboli, Unie); the Armenian church in Ineboli was turned into a mosque and the Armenian priests act as Imam; those in the district of Trebizond who apostatized were turned away”*<sup>113</sup>

*”Den katolske Kirke i Bebek ved Bosporus er endog for nylig af Myndighederne blevet stillet til Raadighed for de paa Stedet boende Muhammedanere, der har omdannet den til Moské; og*

---

<sup>109</sup> Balakian, Peter. "Raphael Lemkin, cultural destruction, and the Armenian genocide." *Holocaust and Genocide Studies* 27, no. 1, 2013. 57-89. 63, 74-81

<sup>110</sup> Balakian, "Raphael Lemkin, Cultural Destruction, and the Armenian Genocide", 63, 74-81

<sup>111</sup> Armenocide, Rapport frå Ambassaden I Konstantinopel ved Wangenherim til Rikskanslar Bethmann Hollweg. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-09-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-09-DE-001)] 1915

<sup>112</sup> Armenocide, Privat korrespondanse mellom Mekhitarister og den tyske ambassaden i Konstantinopel. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-07-DE-006](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-07-DE-006)] 1915

<sup>113</sup> Armenocide, Notat gjort av Generalkonsulen i den tyske ambassaden i Konstantinopel ved Mordtmann. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-04-DE-002](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-04-DE-002)] 1915

*man har bemægtiget sig en Ejendom i Kadikeui ved Konstantinopel, der tilhører den hellige Stol, for der at oprette en muhammedansk Skole.*”<sup>114</sup>

Det er to måtar Det osmanske riket behandlar religiøse bygg på ut frå beskrivingane. Det eine er destruksjon, det andre er å gjere om meininga og symbolikken til bygga.

Å øydelegge eit kyrkjebygg og at ein konverterer eit kyrkjebygg til å bli ein moske har to ulike konsekvensar. Å øydelegge eit bygg, då i form av brann eller nedrivning, har ei påverknad berre på den kristne minoriteten. Det medfører at bygget, avhengig av kor gamalt, mister sitt vitnesbyrd for kor lenge ein har utøva gruppa sin religiøsitet nett der. Koplinga mellom tidlegare generasjonar blir også kutta og med det forsvunnen. Ein kan sjå for seg at det å brenne ei kyrkje ikkje har konsekvens utover minoriteten som har den som ein del av sitt virke. Det er med andre ord ikkje vits i å brenne eller øydelegge kyrkjer om det ikkje er nokon av minoriteten å vise dette til. Konsekvensen for øvre befolkning er ikkje anna enn at bygget ikkje lenger er ein del av landsbyen/byen/område.

Ein annan metode som er beskrive er korleis kyrkjebygg blir nytta til lager eller til noko som er av lav verdi. Konsekvensen her er ei tydeleg audmjuking av minoriteten. Det å «sverte» eit kyrkjebygg kan ein sjå for seg viser den øvre befolkninga at den er av lav verdi, og noko ein «skal» sjå ned på. Denne måten å nytte kyrkjebygg på har også mest verdi om det er ein del av minoriteten som ser det og opplev det, så det er kopla til identitet og noko som er heilag for dei.

Ved å konvertere kyrkjebygg, særleg dei som er fleire hundre år gamle, kan ein argumentere for at det er heilt andre prosesser som skjer. Ikkje berre blir spor av minoriteten som har vore i område over lang tid fjerna, det er i tillegg noko som osmanarane tek inn som ein del av *sin* identitet. Symbolbruken i desse tre ulike måtane å angripe *symbolet* kyrkje på gjev ulike konsekvensar for kunnskapen og minnet av armenarane.

(1) Slette beviset på at dei nokon gong har eksistert der, og med det, øydelegge alle hendingar som er kopla til nett den kyrkja. Dette angrip ikkje *religionen* eller det *religiøse* då ein kan sjå for seg at ei anna kyrkje kan ha moglegheit til å gjennomføre seremoniar og ritar som den øydelagde kyrkja ikkje lenger kan. Det er meir individ sin kopling til nett det bygget, samt vitne om den lange linja som denne kulturen har hatt nett denne plassen. Rollane og tura består, men moglegheita til å gjennomføre seremoniar og ritar er borte, spesialistane har ikkje

---

<sup>114</sup> Armenocide, *Indberetning* gjort av Carl Ellis Wandel til utenriksminsiter Erik Scavenius. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-03-DK-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-03-DK-001)] 1915

plassen til å utføre jobben dei skal, samt at linken til den lange historia og alle som har vore ein del av gruppa, og med det, moglegheit til å innlemme dette som ein del av nye medlemmar sin identitet er borte.

(2) Å gjere om eit kyrkjebygg til ein oppbevaringsplass eller ein plass av noko med lav verdi er å sverte bygget. Bygget får stå, men *funksjonen* blir øydelagt. Særleg deler av gruppa som framleis oppheld seg i området kan oppfatte dette som ein tydeleg maktdemonstrasjon. Denne forma for øydelegging er meir kopla til samtida den er i, då bygget ikkje blir øydelagt, men rolla den har i samfunnet blir endra. Det er ei sverting som skjer utanfrå, og som på den eine sida øydelegge høvet til vanleg «drift», men i staden for å totaldestruere koplinga mellom det tidlege og det som finst i samtida, sverter ein det og gjer det som tidlegare hadde status som noko høgt og heilag – til noko lite og «skittent». Det heilage og minna og kunnskapen kopla til det blir omforma til noko uverdigg.

(3) Konvertering av kyrkjebygg har ei anna form for konsekvens. Det å gjere om religiøsiteten til ein anna religion gjer at bygget består, vitne om kor gammalt bygget er og med det forankringa til plassen består, men den får nytt innhald. Det å konvertere ei kyrkje, er som punktet over, ein annan form for maktdemonstrasjon, men her på eit religiøst plan. Konsekvensen for armenarane er at ein ikkje berre at dei mister eller får sverta sin religion, men *kunnskapskapitalen* og særleg vitnet om at dei har vore busett på eit område over lenger tid blir ikkje berre borte, den blir overført til ei anna gruppe. Ikkje berre mister armenarane sin kopling, den blir overført og innlemma som ein del av ei anna gruppe. Dette kan ein særleg sjå for seg med bygg som er bygd mellom år 300-1300-talet, før Det osmanske riket var oppretta. Ein kan tenkje seg at ved å gjere desse om til muslimske bygg vart ein illusjon og ei fysisk stadfesting av Det osmanske riket sin historie som noko med den lange historia. Ikkje berre eliminerer ein det armenske, ein gjer det til *sitt*. Dette kan igjen vitne om eit ynskje om å forankre sin idé av politisk eining i historia.

### ***Religiøse spesialistar***

Det er over tjue skildringar der det blir eksplisitt beskrive at religiøse autoritetar blir myrda. Ein kan sjå for seg at konsekvensen av å drepe ein prest, har stor påverknad på mange sine liv og moglegheit til å leve ein normal kvardag. Alle element som har med det religiøse livet blir påverka når presten blir hindra å gjennomføre sitt arbeid som i eksempelet under.



”Den apostoliske Delegerede sendte i den Anledning til Porten en energisk Note, i hvilken han forlangte Adgang til paa de Steder, hvor de befandtes henkastede, at opsamle de Kirken tilhørende Genstande, og da han ikke fik noget Svar, anmodede han om Hjælp hos den spanske Gesandt, hvem det ganske vist lykkedes i Udenrigsministeriet at udvirke den ønskede Tilladelse, men til ingen Nytte, da den dog ikke blev respekteret af de militære Myndigheder, der nægtede Præsterne Adgang til Kirkerne”<sup>115</sup>

Prester og biskopar er beskriver fleire gonger. Som nemnd tidlegare kan ein anta at det at dei er kristne, og at dette er noko som dei tyske offiserane har til felles med armenarane, påverkar talet på skildringar om dei religiøse spesialistane. Dette er noko som tyskarane, trass i alliansen med Det osmanske riket, har ei kopling til. Det er særleg drap, tortur og audmjuking det blir rapportert om.

“One day in Diyarbekir, the clothes were taken off 5-6 priests; they were then covered in tar and pulled through the streets.”<sup>116</sup>

Å eliminere alle prester og biskopar hindrar dei i å utføre dei oppgåvene som er knytt til utøvinga av det religiøse livet. I eksempelet over er det ei handling som aktivt påfører smerte til individet det gjeld, det er audmjukande for dei, og også eit tydeleg signal til både medlemmar av den armenske kyrkja, og andre befolkningsgrupper. Det viser tydeleg korleis dei osmanske soldatane forhold seg til dei.

### **Graver og lik**

Det er over åtti beskrivingar av lik og døde kroppar i arkivet, kor av syttisju av dei er frå krigstida. Frå 1917 er det ei endring der dei fleste beskrivingane er av skjelett og ikkje lik. Ein kan forstå dette ut frå beskrivingane at det var mellom 1915-1916 at det fleste drapa fann stad. Mange av skildringane beskriv eit høgt tal døde, til saman utgjer desse åtti skildringane



<sup>115</sup> Armenocide. Rapport frå minister-resident i Konstantinopel Carl Ellis Wendel til utanriksminister Erik Scavenius. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-09-26-DK-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-09-26-DK-001)] 1915

<sup>116</sup> Armenocide. Privat korrespondanse mellom German Christian Charity-Organisation for the Orient ved Friedrich Schuchardt til Det tyske utanriksdepartementet. 6.vedlegg. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-20-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-20-DE-001)] 1915

beskriving av over 100 000 lik.<sup>117</sup> Ein kan tenkje seg at dette har hatt ein stor sjokkfaktor, samstundes som det er noko er enkelt å observere. Innlemma i denne kategorien er alle beskrivingar av døde menneske inkludert, både dei som er gravlagt og ikkje. Religion har ei sentral rolle når det kjem til døden. Å kunne gravlegge sine egne handlar om trua på etterlivet, og også om å ha ein plass å sørge over og minnst dei som er borte.

### Gravlegging

Det er totalt sytten skildringar som involverer gravlegging av dei over åtti beskrivingane av døde kroppar. Her er ikkje beskrivingane av lik i elv teke med. Det er relativt få beskrivingar, særleg med tanke på kor mange lik som er observert. I eit telegram er det forklart korleis ein militær maktperson (kaymakam) har fått instruks om å berre gravlegge muslimar. Det blir i same telegram beskrive korleis armenarar blir nekta gravlegging.<sup>118</sup> At det er så mange lik som ligg opent ute langs vegane, skylt opp på land og observert i Eufkrat kan med dette være uttrykk for at denne typen instruks var utbreidd.

*“The stench of the corpses in the area between these two stations was so strong that he had to mask his face several times when passing along there on horseback”<sup>119</sup>*

I ei skildring kjem det fram korleis gravlegging blir sett på som ei «god handling». I ein rapport skrive av Thora von Wendel og frøken Elvers som arbeida for Raude Kors beskriv dei korleis ein osmansk gendarmane fortel om nettopp gravlegging. Etter å ha beskrive korleis armenske menn blei massakrert og dumpa, på kva slags måtar alle armenske kvinner i ulike landsbyar blei utsett for overgrep på og korleis barn blir brutalt myrda, beskriv han ei gravlegging av tre jentekroppar:

---

<sup>117</sup> Eksempel på beskrivingar av mange lik finn ein i desse tekstane/ korrespondansane: Armenocide, Avisartikkel frå The Times. «Kultur» in Armenia.

[<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1919-08-27-DE-001>] 1919., Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg [<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1916-07-29-DE-001>] 1916

<sup>118</sup> Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg [<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1915-07-17-DE-002>] 1915

<sup>119</sup> Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg [<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1916-01-03-DE-002>] 1916

“*“There were the naked bodies of three girls; I buried them to do a good deed,” was his concluding remark*”<sup>120</sup>

Det er nesten som det er ei form for å «gjere opp» for alt det vonde han beskriv. Ein kan forstå det som tydeleg at det å gravlegge er ei uttrykk for noko godt, og med det, også utanom normalen.

### Levande gravlagt

I ein korrespondanse blir det beskrive om korleis menneske som framleis var i live, likevel blei gravlagde. Dette er beskrive på tre forskjellige måtar. (1) At det er mest som uhell at det er levande bland daude, (2) med intensjon om å gravlegge levande og (3) at armenarar sjølv ber om å bli gravlagt levande.

(1) At det er uhell der levande blir gravlagt med levande kan vitne om at skilnaden på levande og daude ikkje er særleg stor. Det kan også seie noko om på kva måte ein utfører gravlegging.

*“I was told that it happened several times that certain bodies showed signs of life at the moment during the funeral just as they were to be put into the grave (they are buried without a coffin)”*<sup>121</sup>

Her blir det beskrive at det ikkje blir nytta noko form for kiste for dei daude, og at det er tydeleg at det er snakk om at det er fleire kroppar som blir gravlagt på same tid. Det er vanskeleg å tru at dette er gjort av omsyn til dei som daude, og vitnar heller om noko som er gjort av omsyn til verda rundt. Det står ikkje noko om merking av gravene, men at det er fleire på ein plass kan fortelje at individet ikkje er i fokus, men heller praktiske omsyn.

(2) At det var ei aktiv handling å gravlegge menn og kvinner levande kan fortelje om ein måte å gjere døden sein og vond på. Konsekvensen er at dei dør, men i staden for å drepe dei raskt er det mest som at det er meininga å gjere mest mogleg smerte.

*“Two nurses from the German hospital in Erzindjan left their positions as they could no longer bear to see the atrocities: men and women drowning and also being buried alive”*<sup>122</sup>

---

<sup>120</sup> Armenocide, korrespondanse mellom keisaren sitt hemmelege kabinet ved Valentini til rikskanslar Bethmann Hollweg, 2. vedlegg, rapport frå raude Kors ved Wendel og Elvers.

[<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1916-09-10-DE-001>] 1916

<sup>121</sup> Armenocide, rapport frå Armenocide, rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Hohenlohe-Langenburg, ambassadør for ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel.

[<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1915-09-27-DE-014>] 1915

<sup>122</sup> Armenocide, Privat korrespondanse mellom den tyske journalisten von Tyszka til statssekretær ved utanrikskontoret ved Zimmermann. 1. vedlegg.

[<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1915-10-01-DE-001>] 1915

I skilnad til dei tilfella kor det var tydeleg at gravleggingane ikkje var gjort med intensjon, er dette noko ein kan argumentere for at har eit fokus på individa. Der målet er å skape mest mogleg smerte per person.

(3) “*Many hundreds of the sick are left without any tent covering, in the open, under the glowing sun. I saw desperate ones throw themselves in grave-trenches and beg the grave-diggers to bury them*”<sup>123</sup>

Denne beskrivinga vitnar om ei anna type prosess. Her er det ikkje nokon ytre aktør, men heller ei omstende som påverkar individet til å ikkje berre ta livet av seg sjølv, men å gjere det ved å bli gravlagt medan dei er i live. Dette kan ein lesa som ein konsekvens av å leve i ein situasjon som er så uholdbar, at ein berre vil avslutta livet.

Gravlegging blir beskrive på fleire måtar. Ein kan sjå det som eit *individfokus* der gravlegging er gjort som ein god gjerning. Det er respekten for dei som blei drepen som er hovudgrunn for gravlegginga. Når det gjeld dei som blei gravlagt i mengder er det heller grunn til å tru at det var omsyn til hygiene, lukt og andre omsyn til befolkninga rundt som kan ha gjort at ein ikkje har oversikt over om alle er daude eller ikkje. Ein kan sjå for seg at den felles identiteten bind armenarane saman, samt menga lik som er utslagsgevande for at dei blir gravlagt saman og ikkje ein og ein.<sup>124</sup> Om det var merka ved grava eller ikkje kan ein ikkje vite ut frå beskrivingane, men ein kan anta at dei som gravlegg ikkje veit identiteten til dei dei gravlegg, då dei ikkje eingong visste tilstanden til alle kroppane.

Tidsaspekt kan være eit element å trekke ut frå denne beskrivinga. Det at det var både daude og levande menneske vitnar om at det er ei grense på kor lang tid sidan armenarane blei angripen og forlate. Ein kan spekulere i om det å skjule lika var ein av grunnane til dette, men det kan ein ikkje vite. Dei som blei lagt i massegraver vart i skilnad frå dei i den fyrste beskrivinga, ikkje gravlagt som individ, men som *armenarar*. Beskrivinga om å aktivt gravlegge folk levande kan spele på å både være fokusert på individet, men også at dei var armenarar som gruppe. Det at dei skal døy er uansett utfallet, så her kan ein anta at det var meininga å lage mest mogleg smerte. Kanskje blei dette gjort for å skremme eller stadfeste

---

<sup>123</sup> Armenocide, rapport frå Wolff-Metternich, ambassadør for ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel til rikskanslar Bethmann Hollweg. I. vedlegg av Amerikansk Chargé d’Affaires ved Beatrice Rohner. [<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1916-07-22-DE-002>] 1916

<sup>124</sup> Armenocide, rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Hohenlohe-Langenburg, ambassadør for ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel. [<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1915-09-27-DE-014>] 1915

korleis ein såg på armenarane. Særleg på eit tidspunkt kor det framleis var armenarar i område kan dette ha vore ein ynskja effekt.

Beskrivinga av at armenarane sjølv ynskjer å bli gravlagt levande vitnar om ein prosess der det ikkje er ein fysisk ytre aktør, men heller omstende rundt som driv denne prosessen. Ved å bli gravlagt kan ein tenkje seg at det kan handle om det religiøse elementet, og at det er ein verdig måte å døy på, saman med «sine». Uavhengig av kva grunnlaget til desse personane er det rimeleg å anta at det er ein situasjon som armenarane er satt i som er uuthaldeleg. Og at det er denne situasjonen som er grunnen til at armenarane vel å gravlegge seg levande.

### Gravplass

I beskrivingane av gravlegging er det også ein del observasjonar gjort rundt *gravplass*. Som nemnd over heng dette saman med korleis ein gravlegg, men det er fleire funn som vitnar om ein prosess der armenarane sjølv ikkje klarer gravlegge sine egne.

*“They showed me how they bury the dead, shallow near the tents”*<sup>125</sup>

Beskrivingane fortel om korleis armenarane fekk tilgang på områder til gravlegging som ikkje var egna til nett dét. Dette vitnar om ein strukturell hindring i gravlegging, ikkje i form av at det er personar som fysisk forhindrar det, men heller at ein gjer det umogleg å gjennomføre på ein verdig måte.

*“The deportees have been given a property not far from town on which to bury the dead. The corpses brought in the cart were thrown in a heap, and when people wanted to start digging graves it became clear that the entire property was made up of nothing but rocks, and that without special tools, which were not available, it would be impossible to make graves. Thus, the dead lay for days in the burning heat”*<sup>126</sup>

Konsekvensen var at armenarane sjølv måtte oppleve å ikkje kunne gravlegge sine egne. Å gravlegge menneske i massegraver, eller ved å ikkje markere kor gravane var, er ein måte å hindre at ein får ein plass kor folk kan sørgje over sine, og ein hindrar ein konkret plass ein kan nytte som minnesmerke. Det å legge ein struktur der lika er tilgjengelege, men kor

---

<sup>125</sup> Armenocide, rapport frå Wolff-Metternich, ambassadør for ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel til rikskanslar Bethmann Hollweg. 1.vedlegg av Amerikansk Chargé d’Affaires ved Beatrice Rohner. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-07-22-DE-002](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-07-22-DE-002)]1916

<sup>126</sup> Armenocide, privat korrespondanse frå formann av Baghdad Railway Franz Johannes Guenther til Chargé d’Affaires av ambassaden i Konstantinopel ved Neurath. Vedlegg 1. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-11-01-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-11-01-DE-001)]

bakken ikkje er egna for gravlegging er ei anna type påkjenning. Pårørande blir satt i ein situasjon der det er ingen hinder i form av lovgjeving, personar eller bortføring av liket, men der det likevel er ei frå-røving av moglegheita til å faktisk kunne gjennomføre gravlegging på ein verdig måte. Liket blir liggande og blir ei fare for smitte og øydelagt framfor auga til pårørande.<sup>127</sup>

Ut frå beskrivingane kan ein sjå at når det gjeld gravplass er det ulik form for nedverdig av lik som skjer basert på korleis menneska døyde. I etterkant av massakre har ein beskrivingar av korleis mange kroppar blir lagt på kvarande. Den andre måten gravplassen blir beskrive er ein situasjon der armenarane sjølv er dei som kan gravlegge sine, men då i ein situasjon der ein ikkje har moglegheit til å gjennomføre verdige gravleggingar. Det er ikkje berre hindringa av å kunne gravlegge ein kan merke seg, men også det å måtte sjå sine ligge å rotne i nærleiken. Lika blei på den måten også ei kjelde til utbrot av sjukdom fleire stader.<sup>128</sup> Dette kan få ein til å tru at målet ikkje «berre» er å drepe, men at det er eit ynskjer skape mest mogleg smerte, både gjennom sjukdom, men også gjennom audmjukinga av å ikkje kunne gjennomføre ein viktig seremoni.

#### Daude kroppar

I beskrivingane av lik, er dei aller fleste observasjonar der det ikkje er noko from for gravlegging. At det blei rapportert mykje om lik kan ein forstå som noko med høg sjokkfaktor, då særleg kvinner og barn som ikkje tradisjonelt var ein del av krigføring. Lik som ligg over lenger tid er også noko ein merkar på lukt, så det er også noko som opplevast av fleire sansar, ikkje berre noko ein kan sjå.

*“We could barely stand the smell from the corpses, but also from the many bodies lying burned in the houses”<sup>129</sup>*

I skildringane av menneske som ikkje blei gravlagt, er det en stor del observasjonar som også fortel om ulike formar for tortur og vald i forkant av drapa. Det er groteske beskrivingar av lik

---

<sup>127</sup> Armenocide, Privat korrespondanse frå formann av Baghdad Railway Franz Johannes Guenther til Chargé d’Affaires av ambassaden i Konstantinopel ved Neurath. Vedlegg 1.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-11-01-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-11-01-DE-001)]

<sup>128</sup> Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethman Hollweg.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-11-08-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-11-08-DE-001)] 1915

<sup>129</sup> Armenocide, Privat korrespondanse mellom direktøren for the German Christian Charity-Organization for the Orient Friedrich Schuchardt til legasjonsrådmannen i utanrikskontoret Rosenberg. 1. vedlegg skrive av Alma Johansson. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-11-22-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-11-22-DE-001)] 1915

som manglar kroppsdelar, spiker gjennom ulike kroppsdelar, eller objekt ført inn i kroppar.<sup>130</sup> Det er også mange beskrivingar av lik i Eufkrat, to og to er bunden saman med hendene bak ryggen.<sup>131</sup>

Kva er det smerte i nokon sin død «legg til» eit drap? For sluttresultatet for alle dei like som er funne der dei openbart har vore gjennom ein form for tortur, var å bli drepen. I nyare forskning er det no gjennom tilgang på nye kjelder ei ganske brei semd om at instruksane om drapa på armenarane kom frå sentralt hald.<sup>132</sup> Dette er noko som det også er speulasjonar om i skildringane også.

*“This regularity indicates that they were not the result of butchery, but had been killed intentionally by the authorities”<sup>133</sup>*

Om ein legge dette til grunn, er det likevel ikkje rimeleg å anta at instruksane ikkje kunne ha inneheldt så mange ulike detaljar om *korleis*. Her blir det då tydeleg at «Det osmanske riket» gjev seg i uttrykk på to forskjellige måtar. På den eine sida som noko sentralt og ovanfrå, på den andre sida som dei som utfører handlingane. Det er så mange ulike måtar tortur som er beskrive i kjeldene, at dette kan seie noko om kor makta over utføringa låg.

Ein kan forstå det som ein maktdemonstrasjon av dei som utøv valden og at dette er noko dei «liker» gjere. Ein kan forstå det som eit ynskje om å gjere mest mogleg smerte og skade på dei det gjeld. Ved å la lika ligge og bære vitne om den torturen dei har vore gjennom kan være eit uttrykk der audmjuking og også ein form for overlegenheit er vist til andre medlemar av minoriteten, samt til dei som ga hjelp til armenarane. Dette gjev dei ulike makteiningane ulike utgangspunkt for å angripe kulturen til armenarane. Sjølv om instruksjonen om å destruere befolkningsgruppa kom frå sentralt hald, kan ein tenkje seg at det å audmjuke og nedverdige er element som ligg nærare makthavarane ut i felt.

---

<sup>130</sup> Armenocide, korrespondenten Paul Weits, som dekkjer sin reise gjennom det nord-austlege Tyrkia for «Frankfurter Zeitung». [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1918-06-20-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1918-06-20-DE-001)] 1918.,

Armenocide, korrespondanse mellom keisarens hemmelege sivile kabinett ved Valentini til rikskanslar Bethmann Hollweg. 3. vedlegg, rapport skriven av Dr. Niepage, tysk assistentmester.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-09-10-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-09-10-DE-001)] 1916. ,

Armenocide, Notat gjort av det tyske utanrikskontoret.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-01-18-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-01-18-DE-001)] 1916

<sup>131</sup> Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til rikskanslar Bethmann Hollweg.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-27-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-27-DE-001)] 1915

<sup>132</sup> For meir om heile denne diskusjonen anbefalast igjen Akçam, Taner. *Killing Orders – Talat Pasha's Telegrams and the Armenian Genocide*. Springer, 2018

<sup>133</sup> Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-27-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-27-DE-001)] 1915

### ***Religiøst hierarki***

I kjeldene er det fleire skildringar som legg vekt på ulike religiøs tilknytning når det kjem til armenarane og behandlinga dei opplever. Det er rimeleg å anta at dei tyske observatørane var sjølv katolske og at dette var noko dei la vekt på i beskrivingane og at det påverka korleis dei såg på armenarane dei observerte.

*“(...) the Armenians in that area were ordered to depart within five days; their possessions were to remain behind under the supervision of the authorities. Only the sick were excepted; later an exception was granted for widows, orphans, old people and children under the age of five years, also for the sick and for Catholic Armenians.”*<sup>134</sup>

For Det osmanske riket ville det ha gjeve meining å differensiere armenarane basert på dette, då ein kan sjå for seg at det å deportere og drepe katolikkar mest truleg ville ha skapa reaksjon hos det allierte Tyskland. Ved å lage eit skilje, kan ein sjå for seg at ein håpar at det er den religiøse identiteten som vil bli oppfatta utanfrå, nemleg den religiøse som koplar dei vestlege maktene saman med andre kristne, då både katolske og protestantiske.

I beskrivingane kjem det fram eit slags hierarki der dei katolske kristne slapp i starten av krigen unna den verste politikken. Ein har lik lovgjeving når det kjem til protestantar, og med det eit tydeleg skilje til dei gregorianske armenarane. Denne differansieringa kan ein sjå for seg har med korleis kopling desse ulike typane kristne forholdt seg til Det osmanske riket som eining politisk.

*”især for saa vidt angaar de armeniske Katolikker, der aldrig har deltaget i Revolutioner eller blandet sig i Politik og desuagtet er Genstand for de mest haardnakkede Forfølgelser”*<sup>135</sup>

Trusselen som Det osmanske riket utrykte redsel mot, var armenarane som hadde tilknytning til Det russiske riket, som ein kan tenkje seg var dei gregorianske, eller ortodokse armenarane. Ei slik lovgjeving gjer det tydeleg *kva* det er i den armenske befolkninga dei er trua av og med det *kva* dei ynskjer eliminere. Men til tross for at det er fleire beskrivingar om at det i starten var ei ulik lovgjeving og utøving av makt der det var ulik behandling av katolske, protestantiske og gregorianske armenarar, blei ikkje dette gjennomført i lang tid.

---

<sup>134</sup> Armenocide, Rapport frå ambassadør i Konstantinopel, Wangenheim, til Rikskanslar Bethmann Hollweg. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-07-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-07-DE-001)] 1915

<sup>135</sup> Armenocide, Rapport frå ministerresident i Konstantinopel Carl Ellis Wendel til utanriksministeren Erik Scavenius. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-09-04-DK-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-09-04-DK-001)] 1915



*“Contrary to all promises, on 16th inst., the Catholic and Protestant Armenians of Baktchedjik were also deported”*<sup>136</sup>

Å ha ulik lovgjeving basert på kva type kristen er var som armenar kan tolkast til å handle om kva ein tolkar som *farleg*. I starten var det ulik lovgjeving basert på religiøs retning, men som i sitatet over er det ein anna politikk som blir utført enn den som blir uttalt. Om det berre hadde vore dei gregorianske armenarane som blei deportert og drepen, hadde det ikkje vore det å være ein *armenar* som hadde vore hovudobjektet for utslettingspolitikken, då hadde det vore basert på politiske haldningar og handlingar kopla til trusretning. Sjølv om det i starten er uttalt som det, er det tydeleg at det utover krigen ikkje har med tru å gjere, det handlar om den armenske identiteten som eining utover det religiøse.

---

<sup>136</sup> Armenocide, Privat korrespondanse, petisjon ført av ein armenar til Ambassaden i Konstantinopel. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-19-DE-012](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-19-DE-012)] 1915

## **Religion og minneteori**

Angrep på religion er her utforska gjennom *konvertering, religiøse spesialistar og graver og lik*. Gjennom desse punkta kan ein trekke ut fire hovudpunkt som illustrerer angrep på armenarane og deira kultur gjennom fyrste verdskrig.

(1) Øydelegging av det institusjonaliserte og «konstante» i den religiøse sfæra i form av kyrkjebygg eller drepe prestar og biskopar, (2) angrep på den personlege religiøsiteten frå *utsida*. Aktiv sverting av element ein veit er «heilage» for armenarane. (3) Å gjere konteksten rundt religiøse seremoniar og liknande så vanskeleg at armenarane sjølv vel å gjere handlingar som strid med sitt eige verdigrunnlag og system. Desse punkta vil bli utforska gjennom Assmann sin minneteori for å sjå på kva måte destruksjon av armensk kultur har gjeve seg i uttrykk, då her gjennom religion.

Utgangspunktet for det kulturelle minnet, som er her nytta for å sjå etter kulturell destruksjon er dei lange linjene som gruppedlemmar kan innlemme i sin eigen identitet. At det ikkje er enkeltmenneske som hugsar hendingar, men at det er institusjonaliserte seremoniar som gjerast av prestar, biskopar eller andre med ei form for spesialisering. Dette gjer at eit slag, ein massakre, eller andre hendingar der aktørar som opplevde det ikkje lenger eksisterer, framleis er noko som gruppa, og individa som er ein del av gruppa, kan oppleve som *si historie*. Det kulturelle minnet er beskrive som fleire prosesser, og det er gjennom nokre av dei, det religiøse aspektet av kulturell destruksjon gjort av Det osmanske riket vil bli utforska gjennom.

## ***Oss og dei***

I Assmann sin teori er definisjonsmakta på «oss og dei» beskrive ut frå *gruppa*. Det er ein prosess der det er ein institusjon eller spesialiserte roller i gruppa som avgjer kva som skal gjerast tilgjengeleg for gruppeidentiteten gjennom for eksempel seremoniar og minnesmarkeringar.<sup>137</sup> I kjeldematerialet er det funne korleis aktørar for Det osmanske riket spelte på element som gjekk ut på å lage eller skape ei større distanse mellom «oss og dei» gjennom fire ulike punkt. (1) hindrar den prosessen som er samlande for armenarar over generasjonar, (2) lagar ei distanse mellom armenarane og resten av befolkninga i Det osmanske riket gjennom sverting og audmjuking av heila symbol for armenarane og (3)

---

<sup>137</sup> Assmann og Czaplicka, "Collective memory and Cultural Identity", 130

korleis ulike formar for konvertering gjev seg i utrykk. Det siste punktet er (4) korleis ulik utalt politikk for ulikt kristne armenarar utarta seg.

Ved å destruere kyrkjebygg og drepe prestar og biskopar øydelegg ein øydelegg moglegheita for gruppa å samlast og for dei til å gjere dei seremoniane og samlingane som er ein del av å skape ein felles identitet. Det å slette bevis for busetting og hindre armenarar i å samlast og overføre dei kulturelle linjene som ligg gjennom den religiøse sfæra kan ein sjå for seg at hindrar «dei» i å overleve som ein kulturell eining. Konsekvensen over tid kan være at minnet av eininga vil forsvinne. Samstundes som det er mange beskrivingar av denne forma for destruksjon, er det også andre element som har andre konsekvensar for relasjonen «oss og dei» mellom armenarane og resten av den osmanske befolkninga

I tillegg til destruksjon, var det også sverting og audmjuking av armenske religiøse utrykk. Det å gjere ei kyrkje om til noko med lav verdi i eit samfunn, er eit eksempel på dette. Det er noko som viser til armenarane korleis dei blir sett på, og som viser til resten av befolkning korleis det frå høgare hald er mein at ein skal forhalda seg til armenarane.

Eit anna funn under denne kategorien er korleis religion har ein plass i det som er sett på som «oss og dei». Det å konvertere blei sagt skulle være ei løysing der ein ikkje blei deportert eller drepen. Om dette hadde vore tilfelle hadde det som var skiljet mellom «oss og dei» vore definert av religionen og ikkje *menneske*. Det hadde vore mogleg for armenarane å redefinere seg som ein del av eit nytt samfunn Det at ein likevel drap konvertere armenarar viser at den redefineringa ikkje eigentleg var ein moglegheit. Det var fleire armenarar som blei konvertert, teke som slavar, inngifta eller adoptert inn i den muslimske befolkninga, men det var ei *innlemming* frå «dei osmanske». Det var derimot ikkje ei redning å sjølv konvertere å gå inn i den delen av befolkninga.

Ved å lage eit skilje mellom dei ulike kristne armenarane laga Det osmanske rike eit skilje som gjorde at armenarane på ein måte ikkje blei sett på eller behandla som eitt folk, og med det ein splittande politikk basert på ein frykt for haldningar som dei hadde lagt på ein religiøs gruppe. Det gjorde at armenarane fekk på den eine sida ikkje moglegheit til å samle seg som eitt i det å være armenar. Samstundes var det ikkje faktisk ulikt på ein anna måte enn tidspunkt for deportasjon og drap. Ein kan sjå for seg at ein slik politikk har påverknad på dei ulike vestlege makthavarane også. Splittande, då det er naturleg å tenkje seg at dei vestlege makthavarane, om dei identifiserte seg med nokon av armenarane, at det var med det som var

av same religiøse retning. Samstundes som ein då identifiserer seg og reagerer på vegne av *dei katolske*, blir det ein distanse til dei andre armenarane.

### **Organisering**

Assmann beskriv *evna til rekonstruksjon*, altså evna til å gjere kunnskapen relevant i den tida som er.<sup>138</sup> Dette skildrar evna å gjere dei lange linjene, for eksempel hendingar som ligg langt tilbake i tid, tilgjengeleg og relevante for nye medlem i ei ny tid. Destruksjon av bygg og religiøse autoritetar, sverting av religiøse uttrykk er det same som i eksempla beskrive under «oss og dei», men konsekvensane er noko anna.

Kyrkjebygga har to roller som er relevante her, på den eine sida er det ein plass kor minner og kunnskap blir *lagra*, samstundes som det er ein plass kor nye medlemar får moglegheit til å innlemme kunnskapen og minna som ein del av sin eigen identitet. I seg sjølv er dei ei fysisk stadfesting på kor lang tid den gruppa og den trua har vore nett på den plassen den står. Så er det å kunne forvalte om dei lange linjene til noko medlemar kan ta inn som ein del av sin identitet. På ein måte er det noko som lagar ein felles identitet av «oss», men i ei forlenging av det er det også ei innlemming av historia bakover i den nye samtida. Der er det kyrkja som fysisk stadfesting, men også som ein institusjon med faste arbeidsoppgåver og roller som er offer for angrep under fyrste verdskrig.

### **Forplikting**

Assmann skriv om ei *forplikting* (obligation) som individa har til gruppa. Det vil si normer og regler som alle medlem av gruppa veit av og kjenner, som er basert på eit felles verdisystem.<sup>139</sup> Ein kan sjå for seg eit slags språk med handlingar som har ei mening og gjev eit uttrykk i gruppa, som utanforståande ikkje naudsynt kan sjå. I ein kontekst av angrep på kultur er det fleire eksempel under religion på nett dette.

Konvertering skjer på ulike måtar, det er særleg kvinner og barn som bli tvangsgifta og adoptert inn i familiar. Der er ikkje individet eigentleg i kontroll over det som skjer, eller valet som blir gjort. Ein annan måte det blir rapportert om er at armenarar får beskjed om at ein vil sleppe drap og deportasjonar om dei konverterer. På denne måten er det armenarane sjølv som tek valet om å konvertere. Konsekvensen er likevel den same, dei blir deportert og drepen. For Det osmanske riket var skilnaden kva tidspunkt drapa skulle skje, medan for armenaren

---

<sup>138</sup> Assmann og Czaplicka, "Collective memory and Cultural Identity", 130

<sup>139</sup> Assmann og Czaplicka, "Collective memory and Cultural Identity", 131

som konverterte var det eit aktivt val om å forlate eit fellesskap. Sjølv om dei som konverterte og dei som ikkje gjorde det enda opp på same måte, hadde dei som hadde konvertert gjeve opp eit fellesskap, utan å ha noko eigentleg tilhøyring ein anna plass. Dette kan ein sjå for seg har stor påverknad og var vondt for individet det gladt. Utover det kan ein argumentere for at dette har konsekvens for korleis minnet av hendingane vil kunne bli inkludert i eit kulturelt minne i framtida. Ein kan ikkje vite om Det osmanske riket meinte at dette skulle bli observert eller ikkje, men ein kan sjå for seg at det å innlemme historier om medlemmar som konverterte ikkje naudsynt ville fått ein plass som del av ei hending og minne som blir hugsa av framtidige armenarar. Det å få armenarar til å ta aktive val vekk frå fellesskapen kan være eit element i å sverte medlemmane av gruppa og noko som kunne hindre heltehistorier i framtida.

Eit anna eksempel som spelar på same prosess er der armenarane ikkje fekk gravlegge sine egne. Dei er gjeve eit område der grunnen er så full av stein at det ikkje er mogleg å lage graver. Her er det heller ikkje ein osmansk aktør som hindrar eller som aktivt er den som sverter armensk religiøs kultur, men det er omstende som gjer at det er armenarane sjølv som er aktøren i å ikkje kunne utføre ei handling som det er forventet at ein skal gjennomføre. Sjølv om det er strukturen og topografien som gjer at det ikkje er mogleg, kan ein gjennom denne *forpliktinga* påføre ei skuld på armenarane som er aktøren som gjer at lika blir liggande open på bakken. Det er familiemedlem av dei som har mista livet som er grunnen til at lika blir kjelde til sjukdom og lukt som er i motsetning til ei verdig avslutning som ein kan sjå for seg at medlem av gruppa ynskjer vise sine egne.

Beskrivinga der armenarar sjølv ber om å bli levande gravlagt kan bli forstått gjennom forståing av *forplikting*. Her er det menneske som er drive til ein så desperasjon at dei ikkje berre frivillig gravlegg seg sjølv, men dei ber også gravleggarane om å gjere det. På same måte som i eksempla over er det omstende rundt som gjer at armenarane sjølv blir aktøren i ei handling som strid med det ein kan sjå for seg er grunnleggande for menneske utanfor ekstreme situasjonar. Samstundes kan det være eit uttrykk for eit ynskje om å være nær og saman med *sine*, når det ikkje opplevast som nokon annan måte å kome seg ut av situasjonen dei er seg i.

## Etnisitet

Undertrykking basert på etnisitet er her forstått som element som ikkje er religiøse. På den eine sida har ein bandet mellom eit folk og eit geografisk område, kor (1) deportasjonane og (2) overtaking av eigedom er eksempel på utsletting av kultur. På den andre sida er det undertrykking som går på ei gruppe sin identitet utover religion kan også være (3) språkpolitikk, (4) angrep og eliminering av kulturberarar, roller med ei særskilt viktig rolle i å ivareta og vidareføre ein kultur. Spesialistar er her ikkje dei religiøse som ein kan lese om under Religion. Andre spesialistar er her meint for beskrive den overordna konsekvensen av at deira oppgåver ikkje kan blir gjennomført og kva konsekvens dette har på gruppa som eining.

### *Deportasjonane av armenarane*

Deportasjonane er kanskje det elementet som er mest kjent i ettertid av utslettingspolitikken førd mot armenarane under fyrste verdskrig. Det var også eit kjent fenomen før fyrste verdskrig og har blitt gjort mot andre minoritetar i ettertid. Koplinga deportasjon har til kulturutsletting kan ein argumentere for at sterkt knytt til den geografiske tilknyttinga eit folk har til eit bestemt geografisk område.

Det er over åtti skildringar av deportasjonar, og om ein legg saman alle observasjonane med tal er det rapportert om 444 424 deporterte armenarar mellom 1915-1928<sup>140</sup>. Dette er lågare enn kva tal ein har på total mengd deporterte i nyare forskning. Særleg i kjelder frå 1916 og utover er det mange beskrivingar om mangel på mat, vatn og alminneleg sikkerheit og gjennom kjeldene er intrykket at dette var under deportasjon dei aller fleste armenarane mista livet under fyrste verdskrig. Dei største talet rapportert om var 200 000 og 50 000 armenarar som blei sendt vekk.

*“The news so far is that until now about 200,000 Armenians have been affected by the deportation measures.”*<sup>141</sup>

Eit element som går igjen i fleire av beskrivingane er skilnaden på behandlinga av menn og kvinner. Det er eit overordna intrykk at menn blir drepen, medan kvinner, barn og eldre er dei som går dei lengste marsjane og som i større grad døyr av svolt, sjukdom eller utmatting. Når

---

<sup>140</sup> Dette er eit anslag basert på talmaterialet som ligg i kjeldematerialet.

<sup>141</sup> Armenocide, Privat korrespondanse frå Johannes Lepsius til Utanrikskontoret.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-06-22-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-06-22-DE-001)] 1915

det gjeld deportasjonane om særleg om kvinner og barm er det i beskrivingane tydeleg at dette var noko dei som observerte blei prega av og brukte mykje plass på å skrive om. Ein anna grunn til at det er mange beskrivingar av kvinner og barn kan være at det var dei som var i live utover 1916 og utover, medan dei fleste mennene var drepen innan det.

### Deportasjonane

I skildringane av deportasjonane er ofte tilstanden til dei som var ein del av deportasjonane gjeve mykje plass. Det er også mange beskrivingar av menn og kvinner blei skilt frå kvarandre, regler om at dei deporterte ikkje får selje eller snakke med andre i landsbyar rundt, og brutale skildringar om nedverdige og om ei uuthaldeleg tilstand

### Lokalbefolkning

I løpet av krigen blei det innført ulike lovar og reglar som hinda å hjelpe dei deporterte.

*“In the towns they were locked in at night and not permitted to speak to the inhabitants.”*<sup>142</sup>

På den eine sida fekk ikkje armenarane lov til å selje eller ta med seg noko frå lokalbefolkninga. Eit hinder som har som konsekvens at armenarane ikkje kunne tene pengar eller at dei ikkje kunne få korkje mat, vatn eller anna av fastbuande.

*“The people of Trebizond were forced out in an awful and cruel manner. They were not allowed to sell anything or take anything with them.”*<sup>143</sup>

Denne typen lovgjeving og reglar kan ein tenkje har ein konsekvens der ei lokalbefolkning ikkje tør nærme seg, og heller ikkje få ei kjensle av ansvar eller ei rolle i å redde eller hjelpe. Det blir eit ledd i å lage og behalde ei avstand og med det oppretthalde eit allereie tydeleg eller opprette eit skilje mellom ulike befolkningsgrupper. Samstundes som det er eit system som hindrar hjelp, er det også eit system som ikkje tek noko form for grep for å hindre angrep av fiendtelege grupper, som beduinar og kurdarar.

---

<sup>142</sup> Armenocide. Privat korrespondanse mellom direktøren av The German Christian Charity-Organization for the Orient, Friedrich Schuchardt til det tyske utanriksdepartementet. 2. vedlegg skrive av Søster Laura Moehring. [<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1915-08-20-DE-001>] 1915

<sup>143</sup> Armenocide. Rapport frå administrator i Erzurum, Scheubner-Richter til ambassadør på ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel Hohenlohe-Langenburg. 2.vedlegg skrive av Carl Schlimme. [<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1915-08-05-DE-002>] 1915

*“It has left them to the mercy of their guards and therefore to dishonour; an escort which dragged away the girls and sold them. It has driven them into the hands of the Bedouins, who have plundered and kidnapped them.”*<sup>144</sup>

*“On the way from Adiaman they had seen naked, murdered women, also mutilated ones, with their breasts cut off; two who were still alive told them they had lagged behind the group, partly because of illness, partly in an effort to flee and were then violated and robbed by the Kurds.”*<sup>145</sup>

Kontakten med andre befolkningsgrupper er beskrevet som selektiv. Det er hindringer når det kjem til samhandling som å kunne kjøpe eller gje mat eller vatn, men ei opning når det er overgep eller andre typar angrep.

Den strukturelle ramma gjer at ein ikkje har nokon til å hjelpe med livsnaudsynte primærbehov som mat eller vatn, altså ei hindring av elementære behov, og ein har heller ikkje noko for å hindre eller minske smitte og sjukdom.

*“(…)under the pretext of having to remove them from the war areas, exempting neither the sick nor pregnant women nor the families of conscripted men, has given them both food and water in insufficient quantities and irregularly, has done nothing against the epidemics which have broken out amongst them, has driven the women to such desperation that they set out their babies and newborns by the wayside, has sold their adolescent daughters, with the result that they have thrown themselves even with their small children into the river.”*<sup>146</sup>

I denne beskrivinga kjem det også fram at ein driv armenarane så langt at kvinner legg frå seg nyfødde barn, sel ungar og eller drep dei og seg sjølv. Det er ein struktur som er så vanskeleg å leve under at ein blir drive så langt at ein går mot det ein kan kalle menneskelege instinkt.

*“Already there are ten thousand Armenians here. In Der-el-Zor there are 15,000 whose feeding by the government is completely inadequate. They have sold more than 30 children in order to avoid having to starve to death”*<sup>147</sup>

---

<sup>144</sup> Armenocide. Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-27-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-27-DE-001)] 1915

<sup>145</sup> Armenocide. Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 2. vedlegg av ein østerrikar. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-13-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-13-DE-001)] 1915

<sup>146</sup> Armenocide. Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-27-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-27-DE-001)] 1915

<sup>147</sup> Armenocide. Telegrafisk rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til ambassaden i Konstantinopel. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-30-DE-011](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-30-DE-011)]



Overgrep og kidnapping blir referert til fleire gonger og det er lite som vitnar om at det nokon gong er etterforska. Struktura hindrar lik behandling som andre borgarar, men det er ein anna prosess enn den som fører til at armenarane blir driven til å gjere vondt mot seg sjølv. I staden for å drepe særleg armenske kvinner raskt, er det ei pine som går så langt at desperasjonen driv armenarane sjølv til å gjere vonde handlingar mot seg sjølv og sine.

*“(...) as soon as they see a person, many of these wretched souls fall on their knees and beg for help and salvation or offer their children for adoption. Many die of exhaustion on these marches at 56° Centigrade and without water—anyone who is left behind can be sure of death”*

Skilnaden på menn og kvinner er tydeleg i så mange av beskrivingane at det er her sett på som rimeleg å anta at dette var ein del av struktura rundt deportasjonane. Det vil bli skriva meir om under *Kjønn som perspektiv*. Det som er tydeleg gjennom beskrivingane er at det ikkje er eit skilje mellom drap og deportasjon, men heller eit skilje i kor lang tid det å drepe skulle ta. I beskrivingane frå 1915 er det meir usikkerheit rundt kor destinasjonen til deportasjonane og kritikk rundt tryggleiken til dei deporterte, i 1917 er det ingen tvil om kva desse marsjane er beskrive som.

*“The numbers of murders has decreased, but the process of annihilation has not stopped, merely taken to other forms. (...) The people have been robbed of everything. Possessions, family, honour, religion, life.”*<sup>148</sup>

### Oppsummering deportasjonar

Deportasjonane er angrep på kultura til armenarane på fleire måtar. Det eine er å skilje folket frå eigendomen og heimen sin, skilje menn og kvinner frå kvarandre, legge til rette for overgrep og vald mot dei deporterte, svoltning og kår som fremmer sjukdom og spreiding av sjukdom. Ein angrip kultura til folket gjennom ein struktur der reglar og lover gjeld for armenarane skil frå resten av befolkninga, ein skapar eit skilje mellom resten av befolkninga og armenarane når det er tilfelle av eit ynskje om å hjelpe. Samstundes opnar ein for at andre befolkningsgrupper får tilgang til å gjere overgrep, kidnapping og ran.

---

<sup>148</sup> Armenocide. Korrespondanse mellom Direktør av German Evangelical Missionary-Relief, August Wilhelm Schreiber til utanriksdepartementet. 1. vedlegg skriva av sjef for Malatia home for the Blind til G. Stoevesandt. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1917-07-14-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1917-07-14-DE-001)] 1917

Eit anna element er at ein driv armenarane så langt, her er det særleg skildring av kvinner, i at dei etterlet barna sine, sel barna, eller drep dei og seg sjølv. Dei blir drive og svelta så langt at «dei sjølv» påfører seg og sine skade.

### ***Eigendom og bygg***

Store deler av armensk eigendom og bygg blei plyndra, skada og totaldestruert gjennom 1.verdskrig.<sup>149</sup> Gjennom deportasjonane blei mange bygg og områder tømte for armenarar og det er beskrive ulike måtar dei etterletne eigedomane blei handtert på. Plyndring og øydelegging er det mest skildra, men også totaldestruksjon av heile landsbyar blir beskrive. Eit anna fenomen er at ein får ein nyinnflytting av muslimar i hus og områder som har vore busett av armenarar. Til sist er det ei lovgjeving som danske offiserar skreiv fram og tilbake om, om eigedom som er forlete<sup>150</sup> automatisk blei skrive om til Det osmanske riket.<sup>151</sup> Det er ei utvikling der anten eigendomen bevarast, men kor verdien blir overført til Det osmanske riket, eller at verdien av eigendomen blir teke vekk gjennom øydelegging. Ved totaldestruksjon får ein konsekvensen av at den visuelle stadfestinga på at armenarane hadde vore busett på det spesifikke geografiske området også forsvinn.

### Destruksjon og øydelegging

Å øydelegge ein husstand er å øydelegge kapital og verdi, og også livsgrunnlag for ein familie. Dette blei gjort både før og etter deportasjonane.

*“Almost all of the Armenians from this area have disappeared. Entire villages are uninhabited. Some of the houses have been sealed, but they are completely empty. Furniture and similar objects were stored in depots, but seem to disappear from there.*

*The Armenian quarter in Ismid was burned down.”<sup>152</sup>*

Det å miste eigendomen handlar om verdi, men også om tilhøyring til eit område, særleg når det gjeld armenarane som har vore busett i Anatoli i fleire århundre. Det er også fleire som skriv om totaldestruerte områder der alt er brent ned eller på ein anna måte gjort umogleg å bu

---

<sup>149</sup> Oversikt over religiøse bygg er beskrive tidlegare i oppgåva, under Religion.

<sup>150</sup> Då referert til armenarar som har blitt deporterte

<sup>151</sup> Armenocide. Rapport frå minister-resident i Konstantinopel Carl Ellis Wandel til utanriksminister Erik Scavenius. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1917-12-20-DK-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1917-12-20-DK-001)] 1917

<sup>152</sup> Armenocide. Korrespondanse, notat skrive av Thilo von Westernhagen.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-10-02-DE-003](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-10-02-DE-003)] 1915

i. Her er det ein type destruksjon som har som konsekvens å være meir enn å øydelegge for armenarane som bur i desse områdene under krigen. Konsekvensen av denne typen destruksjon går på å slette minnet og beviset av tilhøyringa og busettinga ei befolkningsgruppa har på eit større område.

*“On the journey from Erzurum to Mosul via Khinis, Mush, Bitlis and Sairt, all the villages and homes I came across, all of which used to be inhabited by Armenians, were found to be totally empty and destroyed.”*

*“There had been about 25,000 Armenians in Mush; in addition, Mush has 300 villages, most of which had been Armenian. When we left Mush after three weeks, everything was burned down.”*

Kunnskap om korleis drive landbruk eller andre teknikkar ein kan sjå for seg blir utvikla blant eit folk som har vore busett på eit område over lenger tid, blir øydelagt. Ved å drepe dei som har kunnskapen, eller fjerne dei frå områder med moglegheit for å utøve eller vidareføre kunnskapen, forsvinn også kunnskapsgrunnlaget. Det er langsiktige konsekvensar, individa er ikkje berre eliminert i samtida, men den lange historia av å ha vore busett på eit område blir sletta.

### Omfordeling av eigedom

Det at eigedom blir etterlete, då både med og utan at dei mest sårbare etterleten, er grunnlaget for punktet om at eigedom blei gjeve vidare. Dette er beskrive på to forskjellige måtar i tekstene, sjølv om dei overlappar. På den eine sida er det fleire beskrivingar om korleis ei muslimsk befolkning, då anten nyinnflyttarar eller andre flyttar inn i tomme armenske heim, og på andre sida har ein danske dokument som skriv om ein lov som gjer om all «forlete» eigedom til osmansk forvaltning. Om det er Det osmansk riket som alltid gjev vekk eigedom til nyinnflyttarar eller om det er noko som skjer på eit lågare plan kan ein ikkje konkludere noko ut av frå kjeldene. Men, at det er ein prosess der armensk eigedom blir gjeve til nokon annan er tydeleg.

*“Armenians who happened to be on the market were slaughtered, but since 19 August only very few have dared to come out to go to the market, etc. By that evening, the Armenian quarter was already barred for Muslims.”*<sup>153</sup>

*“The villages abandoned by the Armenians are being occupied by the muhadjins (Turkish emigrants from the villages at the battlefront). In many places, these people are also plundering the Armenians' property”*<sup>154</sup>

Det er tydeleg i den danske korrespondansen at lovgjevinga som Det osmanske riket får gjennom om eigendomen til armenarane er sett ned på.

*”Den nye foreløbige Lov bestemmer, at den i Henhold til den nævnte Lov af 27. Maj deporterede Befolknings Ejendom skal overtages af det offentlige. I Henhold til Lovens Art. I, II, III vil man kunne konfiskere alle de deporterede Armenieres Godser, saavel som de armeniske Kirker og Skoler. Det er klart, at Tvangssalget af Ejendommene, Hovedkuls og under de nuværende Forhold langt fra vil kunne indbringe de paagældende Ejendommens Værdi”*<sup>155</sup>

Det blir vidare skrive om ordlyden av lovteksten, der omgrepet «forlete eigedom» er nytta som grunnlag til å kunne inndra både eigedom og verdiar. Wandel skriv eksplisitt korleis han opplever det som eit *unøyaktig uttrykk* når det er snakk om tvangsdeportasjonar som ligg til grunn for å forlate eigendommen.

*”I virkeligheden er Befolkningen blevet forjaget fra deres Hjem og bortført med Vold, og deres Ejendele er blevet ladet tilbage”*<sup>156</sup>

Statsmakta gjer om rettane til ulike befolkningsgrupper i befolkninga, basert på kven dei er. Det er dei deporterte sin eigedom som står att og som Det osmanske riket gjev til seg sjølv. Armenarane i dette tilfelle mistar status som eit rettsleg subjekt og blir offer utan nokon makt over eget liv eller eigedom.

---

<sup>153</sup> Armenocide. Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til rikskanslar Bethmann Hollweg. 1. vedlegg skrive av Jakob Kuenzler. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-01-03-DE-002](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-01-03-DE-002)] 1916

<sup>154</sup> Armenocide. Rapport frå administrator i Erzurum Scheubner-Richter til ambassadør i Konstantinopel, Wangenheim. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-05-22-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-05-22-DE-001)] 1915

<sup>155</sup> Armenocide. Rapport frå minister-resident i Konstantinopel Carl Ellis Wandel til utanriksminister Erik Scavenius. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-10-03-DK-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-10-03-DK-001)] 1915

<sup>156</sup> Armenocide. Rapport frå minister-resident i Konstantinopel Carl Ellis Wandel til utanriksminister Erik Scavenius. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1917-12-20-DK-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1917-12-20-DK-001)] 1917

Det er eit overtramp av gruppa sine individ som rettslege individ, men det gjer også noko med det større bilde og den større busettinga. Særleg når det kjem nye innbyggjarar på områder som tradisjonelt har vore befolka av armenarar. Det å la andre ta over buplass sletter ikkje minnet av dei som har budd der, men gjer den om. Det som er av gamle bygg eller andre element som strekk seg tilbake i tid får ei anna historie.

*“Turkish authorities use this good opportunity to increase their wealth as much as possible. On the other hand, strangers are severely hurt, because transferences, etc. of Armenian property is only permitted to Ottoman people or to be more specific, to Mohammedans.”*<sup>157</sup>

### **Språk**

Språk er å kommunisere og eit element som enkelt skil «oss og dei» frå kvarandre. Ved å ha eit skriftspråk har ein også moglegheit til å «kommunisere» over tid, og ein kan samlast over ei felles fortid og felles skrivne bøker eller tekster. Språk og identitet er knytt tett saman og språkpolitikk har difor ei stor påverknad i kontekst av kulturutsletting. Det å ha ein tydeleg og streng språkpolitikk er ikkje eit nytt fenomen under fyrste verdskrig og er blitt nytta i etterkant av fleire statsmakter i ulike nasjonaliserings-prosesser.<sup>158</sup> Både det å endre namn på plassar, gjere det å kunne tyrkisk obligatorisk og også påverke individa sin måte å kommunisere på ved å få armenarar til å nytte seg av tyrkisk, er element som blir beskrive i kjeldegrunlaget.

*“By the repression of Armenian schools, prohibition of correspondence in the Armenian language and similar measures, it hopes to finally suppress the political and cultural ambitions of the Armenians. Perhaps it also hopes to damage the Armenians economically, so that in future it will no longer be possible for them to lead an independent cultural life.”*<sup>159</sup>

I kjeldene er det vist til lovgeving som undertrykk det armenske språket. Eit eksempel er som Scheubner-Richter skreiv i 1915 der han skildra korleis det var eit forbod mot korrespondanse på armensk, at skuler blei undertrykka, og koplade dette direkte til armensk kultur. Det er i likskap med dette skildringar av eit lovforslag der alle jobbar som har med statlege forvaltningsområde som jernbane, vatn-verk og sporvegar samt administrative oppgåver

---

<sup>157</sup> Armenocide. Telegrafisk rapport frå konsulatet i Adana ved Buege til ambassaden i Konstantinopel. [<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1915-09-06-DE-002>] 1915

<sup>158</sup> Politikken Noreg førde mot samane på 1950- og 1960-talet kan være eit eksempel på dette.

<sup>159</sup> Armenocide. Rapport frå administrator i Erzurum Scheubner-Richter til rikskanslar Bethmann Hollweg. 1. vedlegg – notat skrive av Scheubner-Richter. [<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1915-08-10-DE-001>] 1915

utelukkande skulle nytte «*det tyrkiske Sprog*».<sup>160</sup> I denne rapporten er språkpolitikken i motsetning til det over, begrunna i nasjonalistiske omsyn, heller enn å øydelegge for dei mindre språka. Grepa som blir beskrive er i likskap med kvarandre, men agendaen er forklart ulikt. Agendaene utelukk ikkje kvarandre, men heller enn å fokusere på kva som var *rett* er heller konsekvensane av desse ulike grepa her sett på som relevante. Konsekvensane for det armenske folk er likevel å bli undertrykt *kulturelt* uavhengig om målet er å utelete deira kultur eller å einast rundt *eitt* språk.

*”Endog de gregorianske Armeniere, der i den Grad har taget Afstand fra alle nationalistiske Ideer, at de endog har givet Afkald paa deres Modersmaal og antaget det tyrkiske Sprog som deres eget, bliver forfulgt”*

I dette utdraget blir det beskrive at sjølv om armenarar hadde gjeve avkall på armensk og lært seg og nytta seg av tyrkisk, blei dei likevel førfulgt. Ein trekke fleire konklusjonar av dette. For det fyrste ligg det til grunn at det å ikkje snakke armensk, men tyrkisk har blitt kommunisert som ein måte å sleppe forfølging. Det å endre språket noko snakkar er ikkje eit angrep på eit individ, det er element ved ein større kultur som ein ynskjer utslette. Å lære eit nytt språk, og tvinge folk til å nytte seg av dette språket er ikkje naudsynt å hindre ein kultur i å overleve, men det hindrar kva posisjon medlemar av denne gruppa har moglegheit til å kunne ha, utan å ta del i den større konteksten. Her står det likevel at armenarar som lærte seg og nytta seg av tyrkisk, blei forfulgt. Ein kan ikkje vite om det var ein plan frå starten, men om formålet uansett var å utslette armenarane, kvifor då få dei til å gjennomgå eit skifte av språk? Konsekvensen er den same for Det osmanske riket, skilnaden er arbeidet og endringane i kvardag som armenarane gjennomgår.

Det å kommunisere ut at det å lære og nytte seg av tyrkisk kunne være ei redning frå deportasjonar for så å ikkje være det minner om same prosess som med konverteringa nokre gjekk gjennom. Ein fekk beskjed om at ein var trygg om ein endra religion, her språk, for så at det ikkje hadde noko betydning. Aleine er ikkje det å lære eit språk noko som automatisk utelukk det å nytte og bruke sitt eige språk. Sjølv sagt kjem det an på konteksten rundt, men sett saman med element der ein også må endre levevaner og ikkje gje moglegheit til vanleg kvardag, kan ein snakke om store endringar som individ gjennomgår. Endringar som ikkje resulterer i noko anna enn den same forfølginga som til dei som ikkje endra religion eller

---

<sup>160</sup> Armenocide. Rapport frå minister-resident i Konstantinopel Carl Ellis Wandel til utanriksminister Erik Scavenius. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-12-06-DK-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-12-06-DK-001)] 1915

språk. Det er ei nedgradering av eigen identitet – som ein kan resonnera seg fram til at blir ei dobbel nedgradering – både innlemme det tyrkiske eller muslimske utan å få ta del i det, samstundes som ein har gjeve opp viktige element i sin eigen armenske identitet.

### *Spesialistar*

Spesialistar er her rekna som særleg viktige *roller* i å forvalte og bringe kultur vidare.<sup>161</sup> Fokuset her vil være på journalistar, andre intellektuelle eller faglærde som doktorar, og politisk aktive eller andre som held ei sterk rolle innanfor den armenske kulturen. Også mindre openbare eksempel vil bli gjeve der kvardagslege roller i ein familie eller mindre einingar også er sett på som ein form for spesialistar. Grunnen til at desse er sett på som viktige i denne samanhengen, er at å eliminere ein kulturberande person, ein som har ei rolle i å vidareføre og forvalte ei form for kulturell kapital, har ein påverknad på ei større gruppe enn kva eit «vanleg individ» har. Verdien på eit menneskeliv må ikkje blandast eller misforståast i denne samanheng, men den *kulturelle verdien* beskriv her påverkinga desse rollane har på gruppa som eining og moglegheita til å føre kulturen vidare.

Det er trettini beskrivingar av ulike typar spesialistar som blir arresterte eller drepne, kor trettitre av dei er frå 1915.<sup>162</sup> I seinare tid veit ein at det var mange fleire, og det var eit aktivt retta fokus på kulturberarar. Også kjeldene gjev eit intrykk av at dette var ein stor del av utslettinga i ein tidleg fase i krigen.

### Arrestere og fjerne spesialistar

Å utføre arrestasjonar er kopla til lovsystem og strafferettslege rammer. Allereie i 1913 er det beskrivingar som vitnar om eit juridisk system som aktivt var urettmessig og partisk mot armenarane.

*“In judicial proceedings the judges are invariably hostile to the Christians, hardly one half percent of the judgements are in favour of Armenians. Lately, a law has been passed, making null Armenian testimony against Turks”*<sup>163</sup>

---

<sup>161</sup> Religiøse autoritetar er forstått som ein del av denne kategorien, men er skrivne om under religion.

<sup>162</sup> 24.april er av Frankrike, Argentina og Canada anerkjent som minnedag for det armenske folkemordet. Det var 24.april fyrste ordre om arrestasjonar av armenske intellektuelle blei gjeve, og blir av mange rekna som starten på det armenske folkemordet.

<sup>163</sup> Armenocide. Rapport frå ambassadør i Konstantinopel Wangenheim til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 2.vedlegg [<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1913-11-15-DE-002>] 1913

Her blir det lagt vekt på at det er religionen, det at dei er kristne, som er grunnen til at dommane blir gjort i favør av den andre parten i ein rettssak. I beskrivingane kan ein sjå ulike grunnlag for dom.

*“About 120 leaders of the Dashnaksagans, who were quite loyal, were placed under arrest, and it is feared that they will all be executed. The elimination of these loyal intellectuals will give the terrorist elements among the Russian Armenians a free hand, and in Turkey as well.”*<sup>164</sup>

Den politiske redselen frå Det osmanske riket sin side, var arbeid for armensk sjølvstende, då var frykta særleg retta mot dei armenske politiske partia. Dette er det fleire beskrivingar av, men kanskje mest interessant og den største endringa var overgangen frå både religiøse aspekt og politisk frykt, var til å arrestere på grunnlag av ein er armenar, då særleg av kulturell betydning.

*“During the night from Saturday to Sunday, 25<sup>th</sup> inst., and from Sunday to Monday, 26<sup>th</sup> inst., numerous arrests of Armenians have taken place here. Altogether around 500 persons from all classes of society are said to have been arrested, including doctors, journalists, authors, clergymen, also some deputies. The offices of the newspaper Azadamart, a body of the Dashnaktsutiun party, to which many of those arrested belong, were closed down by the authorities. During the following days, most of them were deported to the interior of Asia”*<sup>165</sup>

Her er det ikkje kva ein har gjort, eller at ein er sikta for noko som er grunnlaget for arrestasjonane, det er at dei er menneske med ulike roller som har i oppgåve å samle, vidareføre kultur og med det oppretthalde ei form for identitet hos armenarane.

I dei fleste beskrivingane er det arrestasjonar, tortur og drap, som gjer at specialistane ikkje fekk utført den rolla dei hadde som ein del av ei gruppe. I eit eksempel kjem det fram at to doktorar blir tvunge til å misbruke sin profesjon som ein hjelp til osmanarane. Her går effekten utover individet på ei anna måte enn å bli hindra i å utføre profesjonen sin, her blir den brukt som ein del av den osmanske agendaen, som ein del av undertrykkinga av sine eigne.

---

<sup>164</sup> Armenocide. Privat korrespondanse mellom Johannes Lepsius til Utanrikskontoret. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-06-22-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-06-22-DE-001)] 1915

<sup>165</sup> Armenocide, Rapport frå ambassadør i Konstantinopel Wangenheim til Rikskanslar Bethmann Hollweg. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-04-30-DE-002](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-04-30-DE-002)] 1915



*«For approx. 30 days a larger number of Armenians was arrested daily who were then killed at night in prison. Two doctors were forced to certify that the cause of death of all those killed had been typhus. Dr. Mahan was arrested together with 10 other notables on the pretext of having been banished to Malatia. On the way there they were all killed»<sup>166</sup>*

Ein blir ikkje hindra i sin profesjon, men ein blir tvunge til å nytta den til å skjule drap og forklare det som sjukdom. Individida får sjølv ei rolle i undertrykkinga av sine eigne.

### Oppsummering spesialistar

Beskrivingane av spesialistane varierer. Det er skildringar av at dei blei eliminert, der i tillegg til individet, at rolla det individet har ikkje kan gjennomføre sine oppgåver eller moglegheit til å vidareføre det kulturelle aspektet av oppgåva.

Rekkevidda påverknaden har er større, då dette er roller som på ulike måtar forvaltar ein del av identiteten og tilgjengelegger og vidarefører den for gruppa som eining.

Som i tidlegare undersøkingar av konsekvensar av politikken ført mot armenarane er det også her element av audmjuking. Ein viser for den gruppa som er angripe, men også for øvre befolkninga at dei ikkje har same verdi eller rettigheiter som andre. Skilnaden er at det ikkje er individida som er i fokus, det er rolla dei representerer.

---

<sup>166</sup> Armenocide. Privat korrespondanse mellom direktøren av The German Christian Charity-Organization for the Orient, Friedrich Schuchardt til det tyske utanriksdepartementet. 6.vedlegg.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-20-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-20-DE-001) 1915

### Etnisitet og minneteori

Angrep på kultur gjennom etnisitet er funne gjennom (1) strukturelle element. Dette gjev seg i uttrykk på forskjellige måtar. På eine sida korleis lovgjeving for armenarane blir endra og blir ei anna enn for resten av borgarar av Det osmanske riket. Då med tanke på arrestasjonar og etterfølging av drap og tortur. (2) Geografisk tilknytning blir øydelagt gjennom deportasjonar, og overtaking av eigedom. Språk fell også litt under denne kategorien då namn på plassar blir endra, og med det, tilknytning for gruppa det undertrykte språket representerer.

Under Religion var *aktør* mykje definert ut frå individ. Det var ein aktørar for Det osmanske riket som angreip armenarane som *individ*. Her er det fleire beskrivingar av ein destruktiv *politikk*. Denne skilnaden gjer at det meir strukturelle aktørar, då i form av Det osmanske riket sentralt og armenarane som gruppe, heller enn som individ. Lovgjeving er nøkkel i å undersøkje korleis den armenske kulturen blei angripen og destruert.

### *Oss og dei*

Gjennom ulik lovgjeving, er det mykje i kjeldene som viser korleis det bli skapa ein større distanse mellom armenarane og resten av befolkninga i Det osmanske riket. Det hadde tidlegare vore ulike rettigheter og plikter basert på tru, gjennom Tanzimat-reformene blei dette omgjort, frå å handle om ei rettferdiggingering av skilnad på borgarar frå å være basert på dei ulike millet-samfunna til å heller omhandle *borgarrettar*.

Under fyrste verdskrig får ein nye lovgjevingar som gjeld for *armenarane*. I skilnad frå før 1839-reformen, der det var religion som var utslagsgjevande for ulike rettar og plikter, var det her *etnisiteten* som blei teke fram og nytta som ei rettferdiggingering av at det skal være så ulike rettigheter. Igjen er det ikkje dei lange linjene i ein kultur sett frå korleis ei gruppe handlar, men det er konsekvensar basert på ein ytre aktør. Under Religion var hovudaktøren aktørar for Det osmanske riket, soldatar eller andre som utførte den destruktive politikken. Her vitnar beskrivingane meir om *lovgjeving*, noko som er konstruert frå Det osmanske riket sentralt, som skapar og opprettheld ei distanse mellom armenarane og resten av den osmanske befolkninga.

Lovgjevinga som seier at lokalbefolkninga ikkje kunne hjelpe eller snakke med deporterte armenarar går ikkje berre ut på å rettsleg undertrykke armenarane, som vil bli gjennomgått under, men det lagar også ei distanse mellom resten av befolkninga og armenarane. Ein gjer armenarane kopla til noko som ikkje er lovleg. Ein kan tenkje seg at ei vedvarande ulikskap kan endre syn på armenarane i retning av eit av-humanisering. Ved å ikkje kunne hjelpe kan ein sjå for seg at det å tenkje «det er fortent» eller andre tankar for å sjølv skydde seg for

skuld og dårleg samvit. Om dette skjedde med noko kan ein ikkje vite, men at det ikkje oppfordrar til eit meir human syn av armenarane kan ein anta.

Ulike formar for lovgjeving er felles for alle punkta under etnisitet; deportasjonane, overtaking av eigedom, språkpolitikk og angrep på *spesialistar*, eller *kulturberarar*. Det er ulike måtar denne forma treff armenarane og armensk kultur. Lovgjevinga som omhandlar armensk eigedom viser korleis *verdi* hos armenarane blir gjort verdiløst for *dei*. Ved å overta eigendomen, utan noko form for kompensasjon eller medverknad i bestemmingane over kva som skal skje med eigendomen, blir det eit skilje på korleis det å kunne *eige* blir noko som skil dei frå resten av befolkninga. Det å være ein armenar eller ein nyinnflytta muslim har betydning for om ein har rett til å eige. Ikkje berre det, men om ein har rett til å ha noko av verdi. Det å ikkje kunne ha moglegheita til å utføre noko som gjev pengar, gjer at ein ikkje kan ta del i resten av riket sin økonomi.

Litt av det same er tilfelle når det kjem til språk - å kunne kommunisere handlar om å kunne være del av noko. Som diskutert under Språk er det ulike forklaringar på språkpolitikken der tyrkisk blei satt over andre språk i Det osmanske riket. Å gjere tyrkisk til eit felles språk blir i nokre av kjeldene beskrive som ein del av ein nasjonaliseringsprosess, medan det av andre blir sett på som ein aktiv destruksjon av det armenske språket og kulturen. Assmann skriv om det å lage eit skilje mellom kven som er «oss» som er kven som er «dei». Ved å gjere tyrkisk til noko som ein må kunne snakke for å kunne ta del i samfunnet, kan ein på ein måte sjå det som noko som utelukkande ekskluderer alt anna, men det kan også tolkast som ein invitasjon inn i «vi-et». I observasjonane kan ein tolke det som at det var vanleg for armenarane å ikkje snakke tyrkisk, men at dette er noko dei blir tvunge til å gjere. Til tross for dette blir framleis blir forfølgd og drepen. Det er i dette eksempelet ikkje eigentleg språket som er det ein ynskjer angripe, for sjølv om ein tek inn det nye språket, er ein framleis sett på som «dei». Dette kan ein sjå i kontekst av konverteringane kor ein også hadde ein moglegheit til å «bli del av noko», men som likevel viste seg å ikkje være «nok» for å bli del av den større fellesskapen.

### **Organisering**

Som del av å kunne overføre eit minne, eller gjere kunnskap tilgjengeleg for kommande generasjonar skriv Assmann om på kva måte systemet i ei gruppe fungerer for å samle, forvalte og gjere kunnskap og minne tilgjengeleg for medlemmar av gruppa. Igjen er *spesialistane* eit element som er viktig. Under Religion var særleg lærde, som prestar og biskopar framheva. Når det kjem til etnisitet er også kvardagslege element som landbruk og kvardagsliv inkludert. Eit geografisk område legg til rette for korleis ein kan leve.

Topografien, ressursar og likande legg til grunn korleis ein kan leve, og med det, også kva kunnskap ein har. Ved å være ei gruppa som har levd på same område over lang tid kan ein anta at det var kunnskap knytt til nettopp kor ein budde og utvikling over tid. Deportasjonane flytta menneske som hadde hatt ei kontinuerleg busetting på same plass over lang tid, ikkje «berre» blei dei drepen, men satt i ein situasjon der ein ikkje kunne korkje leve eit vanleg liv, men heller ikkje utøve vanleg drift for dei som blei deporterte. Ved å fjerne dei frå eigedom sin mista dei *verdien* av eigendomen, men dei mista også, ved å ikkje eigentleg ende opp ein plass med moglegheit for å ha eit liv, evna til å overføre kunnskap om landbruk, kvardagsliv vidare.

### **Forplikting**

Forplikting, er her forstått som det Assmann beskriv som det normative verdisystemet i ei gruppe. Skildringane om kor desperate armenarane blir drive under deportasjonane er her sett på som ein konsekvens der deler av den armenske befolkninga til å sjølv gjere handlingar som strid med det ein kan anta er ein del av verdisystemet i gruppa. Doktoren som blei tvunge til å både gå mot sin plikt som lege, blei også ein medverkar i det overordna formålet om å skjule drap av armenarane, er også sett på som del av denne typen prosess. Det same er dei som skifta språk for så å likevel bli forfølgd og drepen.

Det er mange skildringar av deportasjonane som blei gjennomført. Kvifor menneska blei driven så langt at dei døydde på marsjane og ikkje «berre» blei drepen veit ein ikkje. Ein kan sjå for seg at det å ha folk i bevegelse gjev eit anna inntrykk enn om det ligg att lik, det kan være eit element i å minske kontakt med observatørar. Det at armenarane som gjekk i desse marsjane blei driven såpass langt at fleire valte å ta sitt eige, og sine barn sine liv eller at dei selde sine barn vitnar om ein desperasjon der ein ikkje ser ei anna utveg. For Det osmanske riket har ikkje eigentleg tidspunktet for at armenarane skulle døy noko å seie, men det at dei blir drive til ekstreme handlingar, er element ein kan sjå for seg at kan nyttast *mot*

armenarane. Aktøren i å utføre handlingane er armenarane, sjølv om det er strukturen rundt som driv dei.

Når det gjeld språk er det litt same prosess. Det er armenarane sjølv som vel å bruke tyrkisk som språk, og gjere ei endring i korleis ein uttrykk seg og kommuniserer. Det at ein lærer seg og nyttar eit nytt språk vil ikkje automatisk seie at ein ikkje lenger nyttar seg av morsmålet. Ein kan sjå for seg at ein kunne snakke tyrkisk som ein del av jobb eller i kontakt med andre, men at armensk forblei språket i gruppa, men at tilgangen på arbeid eller anna ikkje er mogleg utan at ein kunne tyrkisk. På den måten vil ein kunne sjå for seg at over tid vil det å nytte seg av tyrkisk kunne fått større plass og med det, at armensk etter kvart blei nytta mindre og mindre. Over tid kunne ein sett for seg at dette kunne hatt stor innverknad på kommande generasjon. Men dei som lærte seg tyrkisk og nytta seg av det, blei likevel forfølgd. Det å lære seg eit nytt språk gjorde ikkje at ein ikkje lenger kunne sitt morsmål, men det å ikkje kunne nytte seg av sitt morsmål seier likevel noko om korleis ein kan uttrykke seg. Språk legg til grunn korleis ein tenkjer, korleis ein høyrer saman. Det er ein prosess der ein kan tenkje seg at ein innlem eit nytt språk, men det er også ein prosess av å ta avstand frå sitt eige.

## KAPITTEL 5 – KJØNN SOM PERSPEKTIV

Det er skrive mykje om kvinner og barn i beskrivingane. Det å skade, angripe og torturere kvinner, barn og eldre er noko som ikkje er ein del av «tradisjonell krigføring». I kjeldene er det eit overordna inntrykk at beskrivingane skriv ulikt om kvinner og menn. I skildringane om menn er det eit meir formelt språk som er skrive med fokus på tal og statistikk, medan beskrivingane om kvinner er meir detaljerte og bær preg av å være beskrivingar av augnevitne.<sup>167</sup> At menn døyr i krig er noko som alle sider i ein krig opplever då det var menn som var soldatar. Det er ein retta utslettingspolitikk mot armenske menn, som er sivile, men at menn i store tal døyr opplevast ikkje som eit element som har like stor sjokkfaktor hos dei som observerte og skreiv under krigen, som når kvinner, barn og eldre blei angripen. Fleire vedlegg med augevitne-beskrivingar går nett på kvinner, barn og unge. Det kan være fleire grunnar til dette. For det fyrste kan ein ut frå kjeldene tolke at menn blei drepen før kvinnene. Dette førte til at det var kvinner som var dei som overlevde lengst under deportasjonane og med det meir synleg for dei vestelege observatørane. Det var fleire kvinner å sjå fordi mennene hadde allereie blitt drepen. For det andre kan ein tenkje seg at det å sjå sivilbefolkninga som angripen, der kvinner og barn utan noko form for moglegheit til å beskytte seg mot trenasoldatar, virka større enn møte mellom soldatane og armenske menn, sjølv om dei var sivile menn. Kjeldene vitnar om mange angrep og ulike angrep, dette vil bli adressert gjennom tre ulike punkt (1) Ulik behandling av kvinner og menn (2) vald retta mot kvinner og barn, (3) kvinner og barn som blir teke inn i tyrkiske og muslimske familiar på ulike måtar.

### **Kvinner og menn får ulike behandling**

Ein kan tenkje seg at menn på denne tida er assosiert med militære i krigstid, og at det er særleg korleis kvinner og barn blir observer etter lange og uuthaldelege marsjar som vekker oppsikt hos dei som rapporterer. Gjennom beskrivingane får ein eit inntrykk av at menn blir teke tidlegare enn kvinner og barn, og at dei blir drepne ganske raskt. Dei er oftare referert til som tal av drepne, i korte beskrivingar, medan skildringar av kvinner og barn er skrive meir detaljert. Ein måte å vite at kvinner og menn blei skilt frå kvarandre er eksplisitte beskrivingar av det.

---

<sup>167</sup> Dette er ei generalisering og eit overordna inntrykk, ikkje representativt for alle beskrivingane.

*“(…) while the women, girls and children on the other hand were transported to the Angora area (500 kilometres to the north-east); thus, the men were separated from their families by 1,000 kilometres”*<sup>168</sup>

*“The Armenians from Harput are reporting that in one village, some hours to the south of the town, the men were separated from the women. The men were slaughtered to death and lay to the right and left of the road along which the women then had to pass.”*<sup>169</sup>

Menn blir teke vekk frå dei deporterte og drepne, medan kvinnene blir teke med vidare. At menn blir drepne raskare enn kvinner er noko ein kan tolke ut frå alle beskrivingane om nettopp deporterte med berre kvinner, barn og eldre.

*“On the morning of 26 June, a large group of expellees passed through Erzindjan, consisting only of women and children. Many among them were ill and well advanced in pregnancy; many women and most of the children were half naked. They carried bundles of grass and ate this, because they had nothing else.”*<sup>170</sup>

*“On 27 June I met another group of women and children at the Sibikoi pass. They were also in a miserable state and were treated by the gendarmes like animals.”*<sup>171</sup>

Det å skilje kvinner frå menn kan ein tenkje seg gjer det enklare å angripe dei. Det er mange beskrivingar av ovgrep og angrep av deporterte kvinner, noko som igjen kan være noko som symboliserer nettopp at dei armenske mennene ikkje greier beskytte sine koner eller barn. Det å angripe *familien* som eining er også noko som blir beskrive som ein del av konsekvensane deportasjonane hadde for armenarane som gruppe.

### ***Familien som eining***

*Familien* kan bli sett på som ein slags institusjon på den måten at den forvaltar minner og har ei kopling bakover i generasjonar. Det er ein måte å sette seg sjølv inn i ei rekke, som igjen flettar seg saman med resten av gruppa. Ved å fjerne ein familie som har vore buande på ein plass over land tid, fjernar ein vitne om at nett armenarane og den familien har vore buande

---

<sup>168</sup> Armenocide, Privat korrespondanse frå Johannes Lepsius til Utanrikskontoret.

[<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1915-06-22-DE-001>] 1915,

<sup>169</sup> Armenocide. Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Riksskanslar Bethmann Hollweg.

[<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1915-07-27-DE-001>] 1915

<sup>170</sup> Armenocide. Rapport frå administrator i Erzurum, Scheubner-Richter til ambassadør på ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel Hohenlohe-Langenburg. 2.vedlegg skrive av Carl Schlimme.

[<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1915-08-05-DE-002>] 1915

<sup>171</sup> Armenocide. Rapport frå administrator i Erzurum, Scheubner-Richter til ambassadør på ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel Hohenlohe-Langenburg. 2.vedlegg skrive av Carl Schlimme.

[<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1915-08-05-DE-002>] 1915

nett der. Ved å splitte ein familie hindrar ein moglegheita for å fortelje og lære bort kunnskap om kulturen deira foreldre høyrde til. Det er her sett på som grunnleggande for å vidareføre kulturelle trekk i ei gruppe.

Ved å skilje mann og kone mistar ein også moglegheita til å vidareføre familien, det same ved å fjerne barn frå foreldre. Kunnskap frå forelder til barn blir ikkje gjeve moglegheit til å kunne bli overført.<sup>172</sup>

### **Vald mot kvinner og barn**

Som beskrive over er det fleire nære beskrivingar av korleis kvinner blei skada enn menn.

Medan beskrivingane av menn ofte er meir formelle og ut frå tal, er det mange groteske beskrivingar av torturerte kvinnelik, overgrep av både kvinner og barn. Det er i kjeldene er det både beskrivingar av at den som har skrive har observert at fysisk skade har skjedd, eller om den som har observert har høyrd historier eller sett mishandla lik. I desse er det også beskrivingar av gravide og nye mødrer der barna blir drepen eller at dei sjølv etterlet seg eller drep sine egne barn.<sup>173</sup> På bakgrunn av dette vil punkta her bli presentert ut frå både kvinner og barn; (1) Kvinner som valdsoffer og (2) vald mot barn.

#### ***Kvinner som valdsoffer***

##### **Seksuelle overgrep**

Det er mange beskrivingar av korleis kvinner er offer for seksuelle overgrep. Beskrivingane varierer frå å beskrive individ med eksplisitte detaljer om overgrep til meir generelle som vitnar om kor utbreidd denne typen åtferd var.

*“A Turkish inspector said to me, "We no longer have any idea how many women and girls have been abducted by Arabs and Kurds, either by force or with the approval of the government”*<sup>174</sup>

---

<sup>172</sup> Å hindre reproduksjon er også eit punkt i Folkemordkonvensjonen. Det er her sett på som eit av få punkt som kan være nært kopla til kultur og kulturutsletting.

<sup>173</sup> Armenocide, Rapport frå ambassadør i Kontantinopel Wangenheim til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 1. vedlegg skrive av Wolf Huneke. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-13-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-13-DE-001)] 1915.

Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-17-DE-002](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-17-DE-002)] 1915.

<sup>174</sup> Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 1. vedlegg. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-27-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-27-DE-001)] 1915



I observasjonane er det både samtaler med ulike jenter, og det er beskrivingar om lik som det synast har vore gjennom overgrep.<sup>175</sup> Gjennom beskrivingane frå rundt 1915 er det fleire beskrivingar som vitnar om korleis *trussel* om overgrep er nytta som eit grep for å få den mannlege befolkninga til å oppføre seg etter kva dei ynskja.

*“In those 17 days, they received no food whatsoever from the government, they had to exchange their few belongings for bread, near Nisib to sell belongings for 5 Turkish pounds and hand the proceeds over to the accompanying gendarmes. They were threatened that otherwise the women and children would be abducted for the night and violated”*<sup>176</sup>

I dette eksempelet er ikkje overgrep mot kvinnene eigentleg ein utalt agenda der målet er å skade kvinner, men det er heller eit utfall som dei armenske mennene blir gjort ansvarlege for. *Fenomenet* overgrep mot kvinner blir nytta som eit middel for å få noko ut av mennene.

*“With regard to transports in small groups, it is the rule that the men who are still there are separated at night from the women to permit the soldiers to carry out nasty deeds undisturbed against the latter. Almost without exception, the young girls are kidnapped by the soldiers and their Arabian accomplices. A father close to desperation asked me to take his 15-year-old daughter with me as he could no longer protect her from being pestered”*<sup>177</sup>

I eksempelet over er ikkje lenger overgrep noko som er ein trussel for å få noko ut av den mannlege befolkninga. Formuleringa av menn i starten av setninga, «*the men who are still there*» gjev grunn til å anta at mange av mennene allereie hadde blitt drepen. Overgrepa er ikkje gjort for å få noko ut av mennene, men gjort til tross for at mennene ei nærleiken, og ikkje kan hindre. Her blir makteslausheita dei har ovanfor sine koner og barn tydeleg. Ein kan tenkje seg at dette blir gjort for å kunne audmjuke både kvinnene og mennene. Det er liten grunn til å tru at dette er gjort som ein del av ein instruks frå Det osmanske riket sentralt. Her er det dei individuelle soldatane som utfører desse handlingane av egne lyster.

---

<sup>175</sup> Armenocide, Korrespondanse mellom keisaren sitt hemmelege kabinett ved Valentini til rikskanslar Bethmann Hollweg. 3. vedlegg ein rapport skriven av Dr. Niepage.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-09-10-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-09-10-DE-001)] 1916

<sup>176</sup> Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 1. vedlegg.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-27-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-27-DE-001)] 1915

<sup>177</sup> Armenocide, Privat korrespondanse mellom direktøren for the German Christian Charity-Organisation for the Orient Frierich Schuchardt til den tyske utanrikskontoret. 5. vedlegg skrive av ingeniør Ernst Pieper.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-20-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-20-DE-001)] 1915

*“At night in particular, all kinds of disgraceful acts of violence are carried out on the wives and girls”*<sup>178</sup>

Det at ein tillét seg utføre valdelege og brutale overgrep, er det rimeleg å anta at kjem av at ein har eit anna menneskesyn på armenske kvinner og jenter enn kvinner og jenter som er del av i sitt eige samfunn. For dei som overlevde er også seksualitet knytt til identitet og kopling til eit felles verdisystem. Det er ei ytre skading, men også noko ein kan sjå for seg som eit varig men.

### ***Vald og barn***

Under *Deportasjon* er det beskrive korleis foreldre blei presse så langt at det både selte og drap sine egne barn. Det blei knytt til korleis armenarane sjølv blei pressa til å gjere handlingar i strid med eit felles verdisystem.

*“Many mothers throw their children in the rivers to avoid having to see them tormented any longer. Other mothers sell their little ones to be able to buy a piece of bread and to save them from a certain death”*<sup>179</sup>

Det er tydeleg at det også er her er omstende som gjer at mødrer tolkar det å drepe sine barn eller det å selje dei som meir humant enn å ha dei med seg vidare. Aktøren i dette er foreldra sjølve, men det er beskrive som eit håp om at det er gjort ut av kjærleik for sine barn. Angrep og skading av barn skjer også meir eksplisitt der aktørar for Det osmanske riket har ei meir aktiv rolle.

*“Numerous women gave birth along the way and suffered greatly, also due to the brutal treatment by the accompanying troops. Newborn and other young children were left behind along the way, as has been reported from all sides”*<sup>180</sup>

I dette eksempelet blir kvinner nødd til å etterlate seg nyfødde og unge barn på vegen. Det står ikkje korleis, men det er eit fenomen som det er skrive om fleire gonger.<sup>181</sup> Til tross for at det

---

<sup>178</sup> Armenocide, Privat korrespondanse, petisjon ført av ein armenar til Ambassaden i Konstantinopel. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-19-DE-012](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-19-DE-012)] 1915

<sup>179</sup> Armenocide, Privat korrespondanse, petisjon ført av ein armenar til Ambassaden i Konstantinopel. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-19-DE-012](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-19-DE-012)] 1915

<sup>180</sup> Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-17-DE-002](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-17-DE-002)] 1915

<sup>181</sup> Eksempel på dette:

Armenocide, Privat korrespondanse mellom direktør av the German Christian Charity-Organisation for the Orient Friedrich Schuchardt til Tysk Utanrikskontor. 5.vedlegg skrive av ingeniør Ernst Piper. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-20-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-20-DE-001)] 1915.,

er eit ytre press, og det er eksplisitt skrive at det er ei brutal behandling frå dei osmanske aktørane, er det likevel mødrer som er aktøren i å legge barna frå seg. Dei blir nøydd til å gjennomføre den handlinga av å etterlate sine egne barn.

Det brutale beskrivingar om korleis det er osmanske aktørar som drep ungar, og også ufødde barn.<sup>182</sup> Eit angrep på barn kan sjåast på som ein måte å skade foreldre, der ein utover det å skade barn, nyttar seg av emosjonelle band til å påføre smerte på foreldre som ikkje er i stand til eller har moglegheit til å redde barna sine.

### Seksuelle overgrep av barn

Det er mange skildingar av seksuelle overgrep om kvinner. Når det kjem til barn er det ikkje så mange beskrivingar. Det kan ha med at det ikkje var like synleg som når det kom til kvinnene som i mange av beskrivingane låg som lik i etterkant av overgrepa. Ein veit heller ikkje kva alder det er snakk om ved orda «*young women*»<sup>183</sup> som gjer at ulik forståing av kva barn og vaksen er kan ligge i ulik bruk av orda. Det er likevel nokre beskrivingar av det som heilt tydeleg er jentebarn.

*“We found the 14-year-old girl at the station at Hodja in the hut of a 22 - 25 year-old station leader who is unmarried. He had tried to rape the girl, but she had resisted for 2 days. On the third day, the station leader left the girl for 24 hours without food in order to make her bend to his lust”*<sup>184</sup>

I siste setning, der observatøren beskriv mannen, er det ei tone som vitnar om avsky. Det å bruke mat som middel til å få ho til å utføre handlingar, kan gje assosiasjonar til å oppdra eit dyr heller om mellom-menneskeleg kontakt. Det er tydeleg gjennom beskrivinga at dette er handlingar som denne jenta kjemper med livet for å unngå. Skilladen på observatøren, som skriv om dette med ei form for avsky, og mannen som har teke jenta ligg i synet på ho. Den

---

Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-27-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-27-DE-001)] 1915

<sup>182</sup> Denne beskrivinga er så brutal at den ikkje er sitert. Den er tilgjengeleg som referanse. Armenocide, Korrespondanse mellom keisaren sitt hemmelege kabinett ved Valentini til rikskanslar Bethmann Hollweg. 3. vedlegg ein rapport skriven av Dr. Niepage.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-09-10-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-09-10-DE-001)] 1916

<sup>183</sup> Armenocide, Korrespondanten til «Kölnische Zeitung» til Utanrikskontoret.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-09-05-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-09-05-DE-001)] 1915.,

Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 2. Vedlegg skriven av Fr. Eckart. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-13-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-13-DE-001)] 1915

<sup>184</sup> Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 1. vedlegg. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-27-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-27-DE-001)]

osmanske manner er ikkje gift, og det er heller ikkje noko som er beskrive som noko han å være for å kunne ha seksuell omgang med ho. Ein kan anta at sidan ho er armensk, blir ho nedgradert til å være noko han kan *oppdra* til å føye seg etter han.

*“The supervisor over the Armenians in Ras-ul-Ain, a certain Nuri Schauch, even declared in the presence of our doctor Farah, that it always gave him great pleasure to deflower Armenian girls under the age of 12 years”*<sup>185</sup>

I eksempelet over er det nett som i ein uformell samtale at det å seksuelt misbruke barn under tolv år kjem opp tilfeldig. Observatøren si stemme gjev også her eit inntrykk av avsky og også overrasking av at dette er noko som blir sagt så fritt og framfor ein lege som han beskriv som «*our doctor*». Seksuell omgang med barn kan ein anta var tabu, også sidan dette er noko som observatøren reagerer på, men her er det nett som at sidan det var «armenske barn» at det ikkje er sett på som det same blant dei «faste» tilhøyrarane.

Ut frå dette utsegna veit ein ikkje kor mange barn det er snakk om, eller kor gamle dei var. Det er nett som om han skryt av å misbruke flest mogleg barn under tolv år. Det ein kan tolke ut frå det er at det ikkje er noko ein har grunn til å skjule, det vil ikkje bli nokon form for straff som er basert på noko frå høgare hald. Det er heller ikkje noko ein er redd for at skal opplevast problematisk *sosialt*. Korkje frå høgare hald eller mellom seg og andre aktørar for Det osmanske riket. Heller ikkje for ein lege eller til ein som høyrer på ein som høyrer på, legg denne mannen skjul på at han overgrep seg på jenter under tolv år.

### **Kvinner og barn i nye samfunn**

*“It will also happen that the women disappear in the harems and the children grow up as Muslims”*<sup>186</sup>

Under *Konvertering* låg hovudfokuset i diskusjonen på dei som «valte» å konvertere, som eit forsvar mot deportasjonar og drap. Her vil fokuset ligge på barn og kvinner som ufrivillig blei innlemma i muslimske og tyrkiske familiar. Ein kan ikkje vite nett korleis det gjekk føre seg,

---

<sup>185</sup> Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo, Roessler, til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 2. vedlegg skrive av ingeniør og arbeidar ved Baghdad Railway, Bastendorff.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-01-03-DE-002](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-01-03-DE-002)] 1916

<sup>186</sup> Armenocide. Rapport frå Konsulatet i Aleppo ved Roessler til Hohenlohe-Lagenburg, ambassadør på ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel.

[[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-09-27-DE-014](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-09-27-DE-014)] 1915

men gjennom beskrivingane får ein eit inntrykk av at det var mykje tvang og at det var ytre aktørar som var hovudaktør i gjennomføringa av desse prosessane.

#### *«Dei attraktive kvinnene»*

I fleire beskrivingar kjem det fram at det var eit utval basert på utsjåande. Dei penaste, eller dei som var sett på som vakrast blei teke med heim.

*“Along the road to Malatia a number of young and pretty women and girls were separated from the deported families and sent back to spend their wretched lives as wives of Turks”<sup>187</sup>*

I dette eksempelet er det utsjåande som gjer at nokre blir separert frå resten av dei deporterte. Ein kan tenkje seg at dette har med forventning om arbeidskraft og evne og kvalitetar eventuelle barn av desse kvinnene kan ha, i tillegg til estetiske grunnar. I beskrivinga ligg det ein eksplisitt ordbruk som gjer at dette openbart ikkje er valfritt, men noko dei som blei sett på som dei vakraste, blei tvunge til. Det er i skilnad til beskrivingane under Konvertering der individet sjølv hadde ei form for plass i bestemminga. I denne beskrivinga blir kvinnene tvangsgifta inn i familiar. Det er også beskrivingar av korleis kvinner ikkje naudsynt fekk den same «innlemminga» som dei som blei gifta inn.

*“The Circassians and Arabs from Ras-ul-Ain took the prettiest girls home with them, many of them had already been retained by the Kurds during the journey. The policemen carried on a flourishing trade with the girls: against payment of a few Medjidies, anyone could take the girl of his choice either for a short while or forever”<sup>188</sup>*

Her er også utsjåande beskrive som hovudgrunn til utveljing. Likevel er det eit anna forhold til korleis dei som tek dei inn forhold seg til dei. I eksempelet kor dei blir gifta inn i ein familie, blir dei, tross tvang, del av eit «vi». Det er ikkje naudsynt tilfelle med desse kvinnene. Ikkje berre er dei teke vekk og sendt til framande, men dei har heller ingen form for beskytting av ære eller eingong inkludert i det samfunnet dei er sendt til.

---

<sup>187</sup> Armenocide, Korrespondanse mellom Direktør for the German Christian Charity-Organisation for the Orient, Friedrich Schuchardt til tysk utanrikskontor. 1. vedlegg av Søster Klara Pfeiffer.

[<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1916-05-10-DE-002>] 1916

<sup>188</sup> Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo, Roessler, til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 2. vedlegg skrive av ingeniør og arbeidar ved Baghdad Railway, Bastendorff.

[<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1916-01-03-DE-002>] 1916

“It has been reported earlier that some of the more attractive girls and women had been sold by the accompanying gendarmes and officers to the local Kurds”<sup>189</sup>

Vakre kvinner blei ei salsgjenstand. I denne beskrivinga er det også tydeleg at kvinna sjølv ikkje har noko rolle i å bestemme kva som skal skje. Ein kan tenkje seg at ekteskap ikkje var av heilt fritt val for kvinner i det armenske miljøet heller, men at det låg eit omsyn til kva som var bra for ho med tanke på økonomi, kontakt med familien og gode kår for eit liv. I tilfella beskrive i kjeldene blir ikkje armenske kvinner behandla eller sett på som eit individ eingong, men som ei vare. Dette er i kontrast til å innlemme nokon i ein familie, å kunne innlemme, her er ikkje dette omsyn som er teke, det er *verdien* av ho som vare som er i fokus.

Punktet «Oss og dei» gjennom Assmann sin minneteori kan nyttast ti å forstå korleis desse kvinnene, som alle blei valt og plukka basert på eit vakkert utsjåande, blei og ikkje blei innlemma i ein anna identitet. Dei som blei gifta inn, blei på eit sett tvunge til å slette sin identitet som armenarar og heller bli del av den tyrkiske, muslimske eller kor dei blei innlemma. Det er i kontrast til korleis kvinnene som blei selt blei behandla. I dei eksempla er det tydeleg at dei har fått ei anna rolle. Ved å være ei «vare» er det gjennom beskrivingane som at dei ikkje lenger har rett eller krav på behandling som «andre kvinner». Det er ikkje noko form for beskytting eller noko føreseieleg for dei. Ikkje berre blir dei ikkje innlemma i ein identitet, men den identiteten dei har blir degradert til noko som har form av pengeverdi – og med det noko som ikkje er likeverdig med andre menneske. Her kan ein samanlikne med andre armenske kvinner som ikkje blei sett på som «vakre». Dei blei også utsett for valdtekt og overgrep, skilnaden her er at den menneskelege *verdien* til desse kvinnene er blitt gjort om til ein pengeverdi. Der dei vakre kvinnene har potensial til å nyttast for å tene pengar, og dei andre ikkje. Identiteten «armensk kvinne» er ikkje berre noko som er utom andre identitetar, men det blir noko som gjer dei til noko «under», der verdien av eit individ er omgjort til pengeverdi basert på utsjåande.

### ***Barn til tyrkarar***

Beskrivingar av barn gjev seg i uttrykk gjennom korleis dei blir adoptert inn i eller nytta som slavar i muslimske og eller tyrkiske heim, korleis dei blei mishandla av aktørar for Det osmanske riket eller som ei beskriving på kor desperate deporterte foreldre blir, då gjennom å bli selt eller drepen. Om ein knytt *barn* som eit fokuspunkt for Assmann sin minneteori er

---

<sup>189</sup> Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo, Roessler, til ambassadør på ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel Wolff-Metternich. 1. vedlegg skrive av Hoffmann.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1916-01-03-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/AllDocs/1916-01-03-DE-001) 1916

særleg punkta, *Oss og dei* og *Forplikting* her tolka som ekstra relevante. Korleis dei blir eller ikkje blir innlemma i ein ny identitet, det å ta barna som slavar eller seksuelt misbruke dei, blir legitimert gjennom den armenske identiteten. *Familien* som eining blir utsett for så mange ytre faktorar at familiemedlemar blir drivne til å skade sine egne barn.

*“(...) children – insofar as they do not die during the journey – have been given to Moslem families”*<sup>190</sup>

I eksempel der barn blir innlemma som ein del av ein familie kan ein tenkje seg litt same som med kvinner som blei gifta inn i familiar, med unntak av moglegheita til å kunne gløyme sitt opphav. Avhengig av kor gammal barna var, har ein moglegheit til å manipulere minnet og med det forteljinga av opphavet.

*“It will also happen that the women disappear in the harems and the children grow up as Muslims”*<sup>191</sup>

Minnet og koplinga desse barna har til både sin familie, men også sin kulturelle tilhøyring blir erstatta med identiteten til familien som barnet veks opp hos. Her er det ikkje snakk om å undertrykke, men *slette* minnet. Det gjer at barna som er små nok, ikkje vil ha ei emosjonell kopling til sin armenske identitet, og heller ikkje kunnskap. Dei blir heller heilt inkludert i den nye identiteten og som ein del av dette samfunnet sitt «vi». Det seier noko om korleis ein ser på kva det å vera ein armenar *er*. Ved å kunne oppdra barn til å bli muslimar, er ikkje armenarar noko ein naudsynt er *fødd* som, men noko ein kan *bli*. Med det er også barn uskyldige om dei blir innlemma før det *armenske* har gjeve seg i uttrykk.

*“At this point the scene turned into a regular slave market; for our part, we took a family of six children, from three to fourteen years old, who clutched hold of us, and another little girl as well”*<sup>192</sup>

Ungar som blei teke opp av muslimske familiar og inkludert som ein del av familien på den måten at det armenske ikkje var ein del av identiteten, er i kontrast med dei barna som blei

---

<sup>190</sup> Armenocide, Rapport frå Vise-konsul i Samsun, Kuckhoff til Ambassaden i Konstantinopel. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-09-09-DE-002](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-09-09-DE-002)] 1915

<sup>191</sup> Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo, Roessler, til ambassadør på ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel Hohenlohe-Langenburg. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-09-27-DE-014](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-09-27-DE-014)] 1915

<sup>192</sup> Armenocide, korrespondanse mellom keisaren sitt hemmelege kabinett ved Valentini til rikskanslar Bethmann Hollweg, vedlegg 2, rapport frå Raude Kors ved Wendel og Elvers. [[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-09-10-DE-001](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-09-10-DE-001)] 1916

teke inn i familiar som slavar. I beskrivinga over er to kvinner som arbeida for Raude Kors som beskreib korleis dei prøvde kjøpe flest mogleg barn for å beskytte dei frå å bli kjøpt opp av andre. Den armenske identiteten blir her nytta som grunnlag til å kunne behandle desse barna som slavar. Her blir ikkje identiteten forsøkt sletta, men heller nytta som ei rettferdiggjering for å behandle dei som eigedom heller enn familie.

### **Kjønnspektiv og minneteori**

Gjennom punkta (1) Ulik behandling av kvinner og menn (2) vald retta mot kvinner og barn, og, (3) kvinner og barn som blir teke inn i tyrkiske og muslimske familiar på ulike måtar, er det særleg spørsmål om «Oss og dei» og korleis «Forpliking» som er sterkt representert. «Organisering» vil bli sett på gjennom korleis *familien* som eining og ein slags institusjon for kulturell vidareføring blei angripen.

#### ***Oss og dei***

Identiteten *Armenar* blir nytta på ulike måtar. Særleg er dette noko som gjev seg i uttrykk når det kjem til kvinner og barn som blir teke inn i ulike familiar. Det at barn kan bli innlemma og oppdratt som muslimar vitnar om at det å være ein armenar ikkje naudsynt handlar om kven ein er fødd som. Det same gjeld kvinner som blir gifta inn i familiar og inkludert som ein del av det nye samfunnet. Konsekvensen for desse kulturelt sett er at dei ikkje lenger er sett på som, eller kan utrykke noko form for tilhøyring til det *armenske*. Dei har til felles at dei har mista eller har måtte gjeve avkall på den tilhøyringa dei hadde og teke inn og blitt inkludert i den nye fellesskapen.

Ein har også beskrivingar av kor det *armenske* blir nytta som ein rettferdiggjering av å gjere armenarar til *objekt* og utføre ei kommersialisering av menneske. Når det kjem til kvinner er det eksempel på at dei er blitt objekt for å bli nytta som det passar dei som tek dei inn eller kjøper dei. Om det er å behandle dei som ektefellar og innlemme dei, eller om det er å nytte dei til seksuelle formål, for så å selje ho vidare, er opp til dei som *har* kvinnene. I dei eksemplane er ikkje armenske kvinner automatisk sett på som «skitne» eller noko som ikkje kan bli innlemma og få verdi som andre medlemar av gruppa, men det er ikkje ein automatikk. Mannen eller familien som har teke kvinna inn får retten til å definere på kva måte det «armenske» skal nyttast. Om det er noko denne kvinna kan bli kvitt – og med det bli innlemma i familien og samfunnet, eller om det armenske er noko som blir. Då er det i skildringane beskrive som noko som blir nytta som ei rettferdiggjering av å behandle kvinna



som noko av mindre verdi, som eigedom og med det mogleg salsvare. I kjeldene er det tydeleg at begge prosessar skjer, der på den eine sida ein har ei utvisking av den armenske identiteten og med det ei innlemming i den nye fellesskapen, og på den andre, at den armenske identitet blir nytta til ei vidare distansering. Konsekvensen er ikkje berre at ein ikkje blir inkludert, men at menneskeverdet blir degradert til å være nærare objekt og eigedom heller enn menneske.

Dei same elementa av avhumanisering – ei aktiv distansering, der det å være armenar er forstått som at ein er av mindre verdi, eller at same normer og reglar som gjeld for andre menneske, ikkje gjeld for armenarane. Særleg tydeleg er dette i eksempla om seksuelle overgrep mot barn. Der har ein observatørane som utrykk gjennom ordbruk ein avsky og overrasking over korleis overgrep av skjer, men også korleis det blir snakka om. Det er som om det er noko dei osmanske offiserane ikkje berre tenkjer at overgrep av armenske barn er greitt, men også noko som ein skryt av. Her kan ein tolke eit overordna ulikt syn på nettopp «oss og dei», ikkje basert på tilhøyring, men på menneskeverd. Der observatørane inkluderer armenarane som ein del av noko som er likt basert på *menneskeverd*, til tross for ulike kulturar, er armenarane av dei osmanske soldatane definert som noko som ikkje berre er ulikt seg sjølv, men langt *under*. Den armenske kulturen blir nytta som ei rettferdiggjering for den av-humaniseringa som skjer.

### ***Organisering***

Assmann beskriv *organisering* særleg i form av ulike institusjonar, som har spesialiserte oppgåver og makt til å gjere kunnskap om tidelgare hendingar tilgjengeleg for nye medlemmer av ein gruppa å innlemme i sin eigen identitet. Her er *familien* inkludert på den måten at ein kan sjå på fenomenet familie som ein institusjon. Over generasjonar vil rollane som *mor*, *far* og *barn* være ulike individ, og desse rollane er her sett på som innehavarar av ulike spesialiserte *oppgåver*. Å være ei mor vil ha *oppgåver* eller kvalitetar som er dei same over fleire generasjonar, sjølv om det vil være ulike individ som har den oppgåva til ulik tid. Det same med å være ein *far* eller ein *ektemann*. Dette er utgangspunktet for drøftinga rundt korleis angrep på familien kan sjåast på som eit angrep på å kunne vidareføre den kulturelle arven vidare, gjennom Assmann sin teori.

Det å bryte opp familiar, og også sørge for at ein ikkje kan skape nye, er ein direkte konsekvens av deportasjonane. Her sørger ein for at familien som eining ikkje kan leve

saman, og også at ein gjennom å skilje menn og kvinner, barn frå mødrer at ein ikkje kan forme nye familiar. Familie er ei eining der ein kan snakke om linjer som knytt seg saman med andre i same samfunn over lang tid bakover. Det kan sjåast på som ein form for institusjon der ein genetisk er kopla saman, og med det innlemma i ei felles historie. Igjen er stader, tradisjonar og kunnskap gjennom dette bandet noko som knytt menneske over fleire generasjonar tilbake i tid, saman. Det at noko går i arv, er noko ein kan sjå for seg er i likskap med korleis ei kyrkje kan gjere hendingar tilbake i tid tilgjengeleg for nye medlemar. Det at det er element som er større enn tida ein lev i og moglegheita til å inkludere dette i sin eigen identitet, gjeld for ein familie også.

Ved å skilje ein familie frå kvarandre gjer ein det umogleg å føre denne typen kunnskap vidare til nye medlemar av familien. Dette er særleg gjeldande for dei barna som var så små at dei ikkje hadde noko føresetnad for å kunne vite om at dei var armenarar.

### ***Forplikting***

*Forplikting* beskrive av Assmann sin teori speler på korleis gruppe-medlemar har ein kunnskap om normer og reglar som finst i gruppa, og korleis alle medlemar på den måten kan vite om ein opptrer etter det som er resultatet av eit felles verdisystem. I kontekst av kjeldene er også denne forpliktinga til seg sjølv som for eksempel ei *mor* eller liknande inkludert. Dette er gjort fordi det er så mange beskrivingar om korleis armenarar blir pressa eller tvunge til å utføre handlingar som ein kan forstå som stridande med religion, etnisitet, dette er element som er skrive om tidlegare, og også roller som har med kjønn å gjere.

I beskrivingane om vald mot kvinner og barn, kan ein tenkje seg at det ikkje naudsynt berre handlar om å skade nett kvinner og barn, men også være eit symbolsk angrep på dei som ikkje har moglegheit til å beskytte dei, nemleg mennene. Vald mot kvinner handlar ikkje naudsynt om kva rolle identiteten *kvinne* har hos armenarane, men heller kva det å skade kvinner kan *bety*. Å beskytte familien kan ein forstå som ein oppgåve som ein mann har, og det å angripe kvinner og barn blir på den måten eit bevis på at armenske menn ikkje er i stand til det. Det gjer at ein sånn type angrep ikkje berre har effekt på dei kvinnene og barna, men også på korleis samfunnet kan bli oppfatta utanfrå. Situasjonen, som korkje armenske kvinner eller menn har ei reell moglegheit til å påverke, kan bli snudd til at dei sjølv har ei form for skuld i, og noko ein kan trekkje til skam. Om ein legg til grunn at noko av skulda for alt vondt som skjer med kvinner og barn ligg hos armenarane som menn, eller samfunn, blir det på den eine

sida noko som menn må vite og leve med, og på den andre sida noko som kan bli nytta i å svarte kulturen til armenarane på som eining.

Det er beskrivingar av deporterte mødrer som vel å legge att barna i håp om at dei skal lide minst mogleg, kvinner som blir tvunge til å etterlate barna sine av soldatar, og mødrer som må sjå at ungene blir drepne av soldatar. Ein kan tolke eit angrep på barn ikkje «berre» vald eller smerte på barnet som individ, men også ein stor emosjonell påkjenning på mor som ikkje har ei reel moglegheit til å skjerme barnet frå vald, smerte og død. I likskap med det å gjere at ein mann ikkje kan ta vare på sin familie, er det same element som går på at mødrer ikkje kan redde barna sine. Det er smerte påført *roller* desse armenske kvinnene og mennene har som del av ein familie. Og smerta er påført ved å angripe det som rolla dei innehar har som oppgåve å beskytte. På den måten gjer ein om angrepa frå berre å være angrep også til å være mangel på beskytting og på den måten gjere armenske menn og kvinner ein del av skulda for smerte på personar som er knytt nært emosjonelt. Ikkje berre kan dette være kopla til den individuelle påkjenninga ein kan sjå for seg dette skapar, men det kan også, fordi det er så gjennomgåande og påført ein så stor del av den armenske befolkninga, koplast til armenarane som eining. Eit folk som består av menneske som gjennom eit ekstremt ytre press kan bli anklaga for ikkje være i stand til å gje tryggleik eller ære til sine aller mest sårbare. Det å kople døden til skam, kan ha konsekvens for korleis og om hendingane blir hugsa i ettertid.

## KAPITTEL 6 – KONKLUSJON

Denne oppgåva har hatt som mål å undersøkje kva kulturelle trekk ein utslettingspolitikk kan ha utover kva folkemordkonvensjonen gjer. Assmann sin teori har vore ei linse til å kunne utforske kjeldematerialet, då korrespondanse mellom ulike, særleg tyske, politiske aktørar under fyrste verdskrig. Det tydeleg at det er mange element ein kan trekkje til kulturutsletting i desse kjeldene. Det er ikkje med tydeleg kva agendaen til Det osmanske riket har vore, eller at det er representativt for alt som skjedd mot armenarane, men det er likevel tydeleg at kultur fokuspunkt for å utforske ein utslettingspolitikk kan opne for nye svar på korleis prosessar av av-humanisering i det som, om ikkje juridisk, er eit folkemord. I oppgåva har desse problemstillingane vore utgangspunktet for utforskinga:

*På kva måte er kulturutsletting og minne kopla saman og korleis kan ein forstå utslettinga av armenarane på denne måten?*

*På kva måte er kultur nytta som eit verktøy og element i utslettingspolitikken førd mot armenarane under fyrste verdskrig?*

Problemstillingane stiller ulike spørsmål som krev ulike svar. Først vil spørsmål om korleis kulturutsletting heng saman med minne, som har vore utgangspunktet for måten å lese kjeldene på, bli svart på, før kultur som del av utslettingspolitikken mot armenarane vil bli satt i lys av kultur.

### **Kulturutsletting og minne**

*På kva måte er kulturutsletting og minne kopla saman og korleis kan ein forstå utslettinga av armenarane på denne måten?*

Assmann sin minneteori illustrer to typar minne, det kommunikative og det kulturelle. Då fokuset i undersøkinga av kjeldene har vore ut frå det kulturelle minnet, er likevel prosessen mellom desse to minnetypane viktig i å kunne forstå korleis minne og kultur heng saman. Premissen som ligg til grunn er at det finst eit *kollektivt minne* som er kunnskap og hendingar gruppa som eining, og individ over fleire generasjonar har tilgang på og kan innlemme som ein del av sin identitet. Det kommunikative minnet, den kvardagslege utvekslinga rundt hendingar som individ har opplevd, er sett på som angripe gjennom å drepe medlem av gruppa. Dette er element som det er skrive mykje om og som er element som er innlemma som ein del av Folkemordkonvensjonen. I denne oppgåva har fokuset vore å ha sett etter utslettingstrekk som har gått på dei lange linjene av *minne*, og med det *kunnskap* hos

armenarane. Men i spørsmål om korleis kulturutsletting og minne heng saman, er det like mykje det at ein ikkje har vitnar som har historier og med det, overgangen til at det kan bli noko kollektivt, viktig. Drap og kultur, eller som Raphael Lemkin skreiv det, *Barbarisme* og *Vandalisme* er i eit slikt perspektiv ikkje naudsynt så svart-kvitt eller i det heile tatt eigentleg skilt frå kvarandre.

Spørsmålet om korleis minne og kulturutsletting er kopla saman er då svart med at dei heng tett saman, individa i ein gruppe er alle, på eitt vis, kulturberarar og ein del av å forvalte kunnskapen og minna som gruppa har som eining. Korleis kan ein då forstå utslettingspolitikken førd mot armenarane i eit slikt perspektiv? Det vil bli svart på gjennom funna gjort av angrepa på det kulturelle minnet.

### **Angrep på det kulturelle minnet**

På kva måte er kultur *nytta som eit verktøy og element i utslettingspolitikken førd mot armenarane under fyrste verdskrig?*

Kjeldematerialet har blitt undersøkt gjennom tre overskrifter basert på Assmann sin minneteori; (1) Oss og dei, (2) Organisering og (3) Forplikting. Desse punkta vitnar om prosessar som av-humanisering, destruksjon og påføring skam. Dette er punkt som er del av kvarandre og som overlappar, men som her vil illustrere korleis *kultur* blir nytta som eit element i den destruktive politikken ført mot armenarane under fyrste verdskrig.

#### **«Oss og dei» - av-humaniserande prosessar**

I kjeldematerialet er det tydeleg at det blir gjennomført ei distansering mellom armenarane og resten av befolkninga i Det osmanske riket. I Assmann sin teori er denne prosessen beskrive som ein prosess som blir gjort *i gruppa, av gruppemedlem*. I kontekst av kulturutsletting er det ei distansering gjort av Det osmanske riket.

#### **Frå sentralt hald**

Instruksen om deportasjonane, lovgjeving som hindra kontakt mellom lokalbefolkning og dei deporterte, korleis eigedom til armenarane blei gjeve bort og også språkpolitiske retningslinjer er alle eksempel på korleis Det osmanske riket *sentralt* ga ordre om å skilje ut armenarane frå kvarandre basert på kva religiøs retning dei var del av, samt armenarane som eining frå resten av befolkninga. Ein kan tenkje på desse utrykka som eit resultat av ei av-humaniseringsprosess. Lovgjeving som tok frå individ rettigheter som andre medlem av

befolkninga hadde skjedd på to plan, på den eine måten laga det eit skilje mellom ulikt kriste armenarar, så gjorde det skilnad på armenarar og resten av befolkning basert på *gruppeidentiteten* som armenar. Rettighetene til armenarane blei innskrenka drastisk, og dei blei gjennom desse reguleringane blant anna definert som noko anna enn *borgarar* på same måte som andre.

Desse instruksane og endringane kan ein sjå for seg har mykje å seie for korleis soldatar og andre opptrer mot armenarane som gruppe, der «dei» ikkje lenger berre tyder på ulik gruppetilhøyring, men også ulik verdi. På same måte som at armenarane som «dei» får ny betyding, blir også moglegheita for armenarane sitt «vi» endra. Ved å gjere det umogleg å leve kvardagslege liv, utføre seremoniar og andre samlande arrangement, hindrar ein moglegheita til å nettopp lage rom for ei gruppe menneske å identifisere seg saman gjennom tradisjonar, samt at den felles kunnskapen blir heller ikkje gjort tilgjengeleg for nye medlem å lære eller identifisere seg med.

Ein kan også tenkje seg at språkpolitikken, der ein gjorde det meir og meir naudsynt å nytte seg av tyrkisk, endrar moglegheita for det å la det *armenske* være del av storsamfunnet.

#### Aktørane for Det osmanske riket

Det er i kjeldene mange beskrivingar av korleis soldatar plyndra, stal og utførde angrep på deporterte armenarar. Det er her også sett på som eit resultat av å ha eit syn på armenarane som noko av lågare verdi enn seg sjølv. Men i tillegg til å i utgangspunktet ha eit syn på armenarane som noko av lågare verdi, sverta dei armenske kultur *ytterlegare* ved å blant anna audmjuke menn gjennom angrep og overgrep på kvinner, påføre skam på kvinner og barn gjennom angrep og overgrep og audmjuke og skade kulturberarar og heilage symbol som prestar og biskopar. Det synet på armenarane som noko av lågare verdi, blei gjennom desse soldatane forsterka og gjort til enda mindre verdt – ikkje direkte kopla til instruks frå sentralt hald, men som ein del av same av-humaniserande prosess.

#### Dei nye «familiane»

Det er fleire beskrivingar av armenske kvinner og barn som blei selt, gifta eller teke inn i nye familiar. I dess beskrivingane er det store ulike utfall av korleis dei blei behandla. Identiteten *armenar* blir anten teke vekk – då gjennom giftemål eller at barn blir oppdratt som muslimar og i desse tilfella er det beskrivingar om at dei blei innlemma som fullverdige medlem av den nye fellesskapen. Det er også beskrivingar av korleis den armenske identiteten blei nytta som ei rettferdiggjering for å halde dei som slavar eller for seksuelle ytingar utan ei form for beskytting eller ved å inkludere dei i den nye fellesskapen. Definisjonsmakta på korleis det

*armenske* er i individet – om det er noko som kan slettast og sjåast vekk frå, eller om det er noko som er ein del av individet ligg hos fellesskapen armenarane er hos. Den av-humaniserande prosessen som dei osmanske aktørane vidareførte, blir hos familiane noko som dei kan fjerne, eller også nytte som ei rettferdiggjering for å behandle som eigedom og ikkje menneske.

### ***Destruksjon og skam***

Det er ulike måtar destruksjon skjer og skam blir påført. Det gjev seg i uttrykk gjennom materialistisk skade, men også som konsekvens for individ.

### **Materialistisk**

Mange bygg, både kyrkjebygg og eigedom blir totaldestruert. Ikkje berre har dette påverknad på menneska som lever i den tida, men det har konsekvensar for vitne om busettinga til armenarane på eit område over tid. Denne konsekvensen kan skje gjennom totaldestruksjon, men også ved å gjere om armenske bygg til noko nytt, for eksempel konvertere kyrkjer om til moskear eller at muslimske nyflyttarar fekk eigendomen til armenarane etter at dei blei deportert frå eit område.

Ein anna bruk av bygningar var å gjere det til noko av mindre verdi. Her er det ei eksplisitt sverting av kulturen, som både har påverknad på armenarane som blir att på den plassen, men også eit sterkt symbol til resten av befolkninga i korleis ein «skal» sjå på armenarane.

Ved å øydelegge eller gjere om funksjonen til ulike bygg, mistar ein også ei vanleg drift, om det er religiøst eller om det er relatert til kvardag. Kunnskapen som ligg i utøving av religion, landbruk eller som del av ein kvardag i familien, blir ikkje lenger rom der ein kan gjere denne kunnskapen tilgjengeleg for nye medlem av gruppa – og ein kan sjå for seg at konsekvensen er at den ikkje blir overlevert og med det, mista.

### **Individ**

Det er så mange menneske som mista livet som ein del av utslettingspolitikken, og dette i seg sjølv har konsekvens for korleis ein kan utøve og også vidareføre ein kultur. Utover drap, var det også i kjeldene beskrivingar av korleis ein fekk armenarane, gjennom ytre press, til å sjølv gjere handlingar som aktivt distanserte dei frå sin armenske kultur, og også det ein kan tenkje seg er naturleg for medlem av ein familie å gjere mot seg sjølv eller sine nære.

Det å få armenarane til å konvertere, skade sine egne barn eller å sjå at medlem av familie blei angripen utan å kunne hindre det, kan sjåast på som grep der element som skam og tabu blir nytta for å hindre at ein skal kunne lage heltehistorier seinare. Då både med tanke på korleis armenarar blei tvinga til å ta avstand frå sin eigen kultur gjennom konvertering, språkpolitikk, innlemming i nye samfunn, men også angrepa og overgrepa av seksuell art.

Og om det ikkje var ein uttalt og eksplisitt agenda frå Det osmanske riket, at det kan ha den konsekvensen. Ein kan tenke seg litt same konsekvens av å hindre graveleggingar, som er beskrive på ulike måtar, at ein ikkje har moglegheit for plassar til å sørgje eller samlast rundt i ettertid.

Utover at desse elementa kan sjåast i eit langtidsperspektiv, kan ein også sjå for seg korleis det skapa smerte for dei individa det gladt. Å ta avstand frå sitt morsmål og sitt levevis på den eine sida, og å vite at ein ikkje får gjeve kunnskapen ein har eller tradisjonar vidare, men kanskje enda vondare, å ikkje kunne beskytte sine egne.

### **Oppsummering**

Armenarane opplevde ikkje «berre» utsletting i form av vald og drap, det er gjennom kjeldematerialet mykje som vitnar om sverting av *kulturen* gjennom å gjere armenarane sjølv til aktørar i si eigen utsletting. *Minnet* som dei overlevande kan ha, er gjennom mange ulike grep gjort forsøkt blitt omgjort til noko som ein ikkje enkelt kan samlast rundt og minnst med verdigheit. *Minnet* er på denne måten gjort til ei føresetnad for å kunne ha og vidareføre ein kultur – og den kulturelle utslettinga av armenarane er på den måten forstått som det å minske moglegheita for, og også sverte innhaldet i kva dette minne kan være.

Diskusjonen på utslettingspolitikken førd mot armenarane går framleis i dag mykje på spørsmål om det var eller ikkje var eit folkemord. Målet med denne oppgåva er å være ein del av å fokusere og utforske *på kva måte* utsletting kan ha form. Så lenge samfunn endrar seg må ein anta at utsletting førd av ei statsmakt også vil gjere det. Då er mitt håp at det er *strukturane som er undertrykkande* framtidig forskning vil fokusere på, dette er eit audmjukt forsøk på nettopp det.



## Litteraturliste

### Bøker

- Akçam, Taner. *The Young Turks' crime against humanity: The Armenian genocide and ethnic cleansing in the Ottoman Empire*. Princeton University Press, 2012
- Akçam, Taner. *Killing Orders – Talat Pasha's Telegrams and the Armenian Genocide*. Springer, 2018
- Frieze, Donna-Lee. *Totally unofficial: the autobiography of Raphael Lemkin*. Yale University Press, 2013.
- Jacobs, Steven Leonard. *Lemkin on genocide*. Lexington Books, 2012
- Lemkin, Raphael. «Genocide» i *Axis Rule in occupied Europe: laws of occupation, analysis of government, proposals for redress*, redigert av Raphael Lemkin, 79-99. Washington, 1944.
- Lenz, Claudia., Risto, Trond Nilssen. *Fortiden i nåtiden – Nye veier i formidlingen av andre verdenskrigs historie*. Universitetsforlaget, 2011.
- McCarthy, Justin. *The Ottoman Turks – An Introductory History to 1923*. Addison Wesley Longman limited. 1997
- Melve, Reidulf., Ryymin, Teemu. *Historikerens arbeidsmåter*. Universitetsforlaget, 2018. 53
- Nisan, Mordechai. *Minorities in the Middle East – A history of struggle and self-expression*. 2. Utgåve. McFarand & Company, Inc., Publisher. 2002.
- Provance, Michael. *The Last Ottoman Generation – and the making of the modern Middle East*. Cambridge University Press, 2017
- Rogan, Eugene. *The fall of the Ottomans – The Great War in the Middle East, 1914-1920*. Penguin Books, 2015

### Artiklar

- Assmann, Aleida. "Transformations between history and memory." *Social Research: An International Quarterly* 75, no. 1, 2008. 49-72.
- Assmann, Jan, and John Czaplicka. "Collective memory and cultural identity." *New german critique* 65, 1995. 125-133.
- Assmann, Jan. "Communicative and cultural memory." *Debrecen*, 2013. 36-43
- Balakian, Peter. "Raphael Lemkin, cultural destruction, and the Armenian genocide." *Holocaust and Genocide Studies* 27, no. 1, 2013. 57-89.
- Dadrian, Vahakn N. "The Turkish Military Tribunal's Prosecution of the Authors of the Armenian Genocide: Four Major Court-Martial Series." *Holocaust and Genocide Studies* 11, no. 1, 1997. 28-59.

Gruner, Wolf. "“Peregrinations into the Void?” German Jews and their Knowledge about the Armenian Genocide during the Third Reich." *Central European History* 45, no. 1, 2012. 1-26.

Knutsen, Paul. «Gjensyn med spørsmålet om metode: En kritisk vurdering av hypotetisk deduktiv metode (HDM) sammenlignet med induksjonsdrevne problemstillinger (IdP). *Norsk Filosofisk Tidsskrift* 53, Nummer 04 (2018). 196-208. 202.

Lemkin, Raphael. "Acts constituting a general (transnational) danger considered as offences against the law of nations." In *conference paper for 5th Conference for the Unifications of Penal Law, Madrid*, pp. 14-20. 1933

Lemkin, Raphael. "Genocide as a crime under international law." *American Journal of International Law* 41, no. 1, 1947. 145-151.

Slottemo, Hilde Gunn. *Skedsmo, en historie om samhold og splittelse*. Scandinavian Academic Press. 2012. 13-27

### **Nettsteder**

Armenocide. «Preface» 25.05.2020

[<http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/WebStart-En?OpenFrameset>]

Cambridge Dictionary, s.v. “Culture”. 20.05.2020.

[<https://dictionary.cambridge.org/dictionary/english/culture?q=Culture>]

Office of the High Commissioner for Human Rights (OHCHR). “*Convention on the prevention and Punishment of the Crime of Genocide*”. 26.05.2020.

[<https://www.ohchr.org/EN/ProfessionalInterest/Pages/CrimeOfGenocide.aspx>]

Lemkin, Raphael. "Acts constituting a general (Transnational) danger considered as offences against the law of nations." Prevent Genocide International. 26.05.2020.

[<http://www.preventgenocide.org/lemkin/madrid1933-english.htm>]

Merriam-Webster Dictionary, s.v. “Culture”. 25.05.2020.

[<https://www.merriamwebster.com/dictionary/culture>]

Merriam-Webster Dictionary, s.v. “Ethnic”. 25.05.2020.

[<https://www.merriam-webster.com/dictionary/ethnic>]

## Kjelder

Armenocide. Rapport frå ambassadør i Konstantinopel Wangenheim til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 2.vedlegg. 27.03.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1913-11-15-DE-002\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1913-11-15-DE-002) 1913

Armenocide, Telegram frå Roessler til *Foreign Office*. 22.04.2015

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-04-12-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-04-12-DE-001) 1915

Armenocide, Rapport frå ambassadør i Konstantinopel Wangenheim til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 22.04.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-04-30-DE-002\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-04-30-DE-002) 1915

Armenocide. Rapport frå administrator i Erzurum Scheubner-Richter til ambassadør i Konstantinopel, Wangenheim. 23.03.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-05-22-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-05-22-DE-001) 1915

Armenocide, Privat korrespondanse frå Johannes Lepsius til Utanrikskontoret. 23.03.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-06-22-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-06-22-DE-001) 1915

Armenocide, *Indberetning* gjort av Carl Ellis Wandel til utenriksminsiter Erik Scavenius.

01.04.2012. [\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-03-DK-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-03-DK-001) 1915

Armenocide, Rapport frå ambassadør i Konstantinopel, Wangenheim, til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 22.04.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-07-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-07-DE-001) 1915

Armenocide, Rapport frå Ambassaden I Konstantinopel ved Wangenherim til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 23.30.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-09-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-09-DE-001) 1915

Armenocide, Rapport frå ambassadør i Kontantinopel Wangenheim til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 1. vedlegg skrive av Wolf Huneke. 23.03.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-13-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-13-DE-001) 1915.

Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg 23.30.2012. [\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-17-DE-002\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-17-DE-002) 1915

Armenocide. Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 22.04.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-27-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-27-DE-001) 1915

- Armenocide, Rapport frå konsul i Aleppo Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 1. vedlegg. 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-27-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-27-DE-001) 1915
- Armenocide. Telegrafisk rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til ambassaden i Konstantinopel. 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-07-30-DE-011\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-07-30-DE-011)
- Armenocide, Notat gjort av Generalkonsulen i den tyske ambassaden i Konstantinopel ved Mordtmann. 01.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-04-DE-002\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-04-DE-002) 1915
- Armenocide. Rapport frå administrator i Erzurum, Scheubner-Richter til ambassadør på ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel Hohenlohe-Langenburg. 2.vedlegg skrive av Carl Schlimme. 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-05-DE-002\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-05-DE-002) 1915
- Armenocide, Privat korrespondanse mellom Mekhitarister og den tyske ambassaden i Konstantinopel. 23.03.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-07-DE-006\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-07-DE-006) 1915
- Armenocide. Rapport frå administrator i Erzurum Scheubner-Richter til rikskanslar Bethmann Hollweg. 1. vedlegg – notat skrive av Scheubner-Richter. 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-10-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-10-DE-001) 1915
- Armenocide. Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 2. vedlegg av ein østerrikar. 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-13-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-13-DE-001) 1915
- Armenocide, Privat korrespondanse, petisjon ført av ein armenar til Ambassaden i Konstantinopel. 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-19-DE-012\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-19-DE-012) 1915
- Armenocide. Privat korrespondanse mellom direktøren av The German Christian Charity Organization for the Orient, Friedrich Schuchardt til det tyske utanriksdepartementet. 2. vedlegg skrive av Søster Laura Moehring. 23.03.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-20-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-20-DE-001) 1915
- Armenocide, Privat korrespondanse mellom direktøren for the German Christian Charity Organisation for the Orient Frierich Schuchardt til den tyske utanrikskontoret. 5. vedlegg skrive av ingeniør Ernst Pieper. 23.03.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-20-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-20-DE-001) 1915

Armenocide. Privat korrespondanse mellom direktøren av The German Christian Charity Organization for the Orient, Friedrich Schuchardt til det tyske utenriksdepartementet. 6.vedlegg. 23.03.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-08-20-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-08-20-DE-001) 1915

Armenocide, Rapport frå ministerresident i Konstantinopel Carl Ellis Wendel til utanriksministeren Erik Scavenius. 02.04.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-09-04-DK-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-09-04-DK-001) 1915

Armenocide, Korrespondanten til «Kölnische Zeitung» til Utanrikskontoret. 23.03.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-09-05-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-09-05-DE-001) 1915

Armenocide. Telegrafisk rapport frå konsulatet i Adana ved Buege til ambassaden i Konstantinopel. 23.03.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-09-06-DE-002\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-09-06-DE-002) 1915

Armenocide, Rapport frå Vise-konul i Samsun, Kuckhoff til Ambassaden i Konstantinopel. 23.03.2012. [\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-09-09-DE-002\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-09-09-DE-002) 1915

Armenocide. Rapport frå minister-resident i Konstantinopel Carl Ellis Wendel til utanriksminister Erik Scavenius. 23.03.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-09-26-DK-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-09-26-DK-001) 1915

Armenocide, rapport frå Armenocide, rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Hohenlohe-Langenburg, ambassadør for ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel.

22.04.2012. [\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-09-27-DE-014\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-09-27-DE-014) 1915

Armenocide, Privat korrespondanse mellom den tyske journalisten von Tyszka til statssekretær ved utanrikskontoret ved Zimmermann. 1. vedlegg. 22.04.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-10-01-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-10-01-DE-001) 1915

Armenocide. Korrespondanse, notat skrive av Thilo von Westernhagen. 02.04.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-10-02-DE-003\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-10-02-DE-003) 1915

Armenocide. Rapport frå minister-resident i Konstantinopel Carl Ellis Wandel til utanriksminister Erik Scavenius. 23.03.2012.

[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-10-03-DK-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-10-03-DK-001) 1915

Armenocide, privat korrespondanse frå formann av Baghdad Railway Franz Johannes Guenther til Chargé d'Affaires av ambassaden i Konstantinopel ved Neurath. Vedlegg

1. 23.03.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-11-01-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-11-01-DE-001) 1915
- Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-11-08-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-11-08-DE-001) 1915.
- Armenocide, Privat korrespondanse mellom direktøren for the German Christian Charity Organisation for the Orient Friedrich Schuchardt til legasjonsrådmannen I utanrikskontoret Rosenberg. 1. Vedlegg skrive av Alma Johansson. 25.05.2016.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-11-22-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-11-22-DE-001) 1915.
- Armenocide. Rapport frå minister-resident i Konstantinopel Carl Ellis Wandel til utanriksminister Erik Scavenius. 23.03.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-12-06-DK-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-12-06-DK-001) 1915
- Armenocide, Notat gjort av Mordtmann, Generalkonsul av den tyske ambassaden i Konstantinopel. 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1915-12-21-DE-011\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1915-12-21-DE-011) 1915
- Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-01-03-DE-002\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-01-03-DE-002) 1916
- Armenocide, Rapport frå Konsulatet i Aleppo, Roessler, til ambassadør på ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel Wolff-Metternich. 1. vedlegg skrive av Hoffmann. 22.04.2012. [\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-01-03-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-01-03-DE-001) 1916
- Armenocide, Rapport frå Konsul i Aleppo, Roessler, til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 2. vedlegg skrive av ingeniør og arbeidar ved Baghdad Railway, Bastendorff. 22.04.2012. [\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-01-03-DE-002\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-01-03-DE-002) 1916
- Armenocide. Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til rikskanslar Bethmann Hollweg. 1. vedlegg skrive av Jakob Kuenzler. 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-01-03-DE-002\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-01-03-DE-002) 1916
- Armenocide, Notat gjort av det tyske utanrikskontoret. 23.03.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-01-18-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-01-18-DE-001) 1916
- Armenocide, Telegram frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-01-31-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-01-31-DE-001) 1916

- Armenocide, Telegram frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg. 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-04-27-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-04-27-DE-001) 1916.
- Armenocide, Korrespondanse mellom Direktør for the German Christian Charity Organisation for the Orient, Friedrich Schuchardt til tysk utanrikskontor. 1. vedlegg av Søster Klara Pfeiffer. 23.03.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-05-10-DE-002\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-05-10-DE-002) 1916
- Armenocide, rapport frå Wolff-Metternich, ambassadør for ekstraordinært oppdrag i Konstantinopel til rikskanslar Bethmann Hollweg. 1.vedlegg av Amerikansk Chargé d'Affaires ved Beatrice Rohner. 23.03.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-07-22-DE-002\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-07-22-DE-002) 1916
- Armenocide, Rapport frå konsulatet i Aleppo ved Roessler til Rikskanslar Bethmann Hollweg 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-07-29-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-07-29-DE-001) 1916
- Armenocide, korrespondanse mellom keisaren sitt hemmelege kabinett ved Valentini til rikskanslar Bethmann Hollweg, 2. vedlegg, rapport frå raude Kors ved Wendel og Elvers. 02.004.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-09-10-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-09-10-DE-001) 1916
- Armenocide, korrespondanse mellom keisarens hemmelege sivile kabinett ved Valentini til rikskanslar Bethmann Hollweg. 3. vedlegg, rapport skrive av Dr. Niepage, tysk assistentmester 02.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1916-09-10-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1916-09-10-DE-001) 1916
- Armenocide. Korrespondanse mellom Direktør av German Evangelical Missionary-Relief, August Willhelm Schreiber til utanriksdepartementet. 1. vedlegg skrive av sjef for Malatia home for the Blind til G. Stoevesandt. 22.04.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1917-07-14-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1917-07-14-DE-001) 1917
- Armenocide. Rapport frå minister-resident i Konstantinopel Carl Ellis Wandel til utanriksminister Erik Scavenius. 15.01.2014.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1917-12-20-DK-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1917-12-20-DK-001) 1917
- Armenocide, korrespondenten Paul Weits, som dekker sin reise gjennom det nord-austlege Tyrkia for «Frankfurer Zeitung». 23.03.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1918-06-20-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1918-06-20-DE-001) 1918
- Armenocide, Avisartikkel frå The Times. «Kultur» in Armenia. 23.03.2012.  
[\[http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/\\$\\$AllDocs/1919-08-27-DE-001\]](http://www.armenocide.net/armenocide/armgende.nsf/$$AllDocs/1919-08-27-DE-001) 1919

